




Elektrisk transportsykkel utlånt til ordføraren.
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Årsmelding 2020

Vedteken årsmelding datert 14. juni 2021

Innhald

Viktige hendingar i året.....	2
Politisk organisering og leiing	4
Politisk leiing	5
Helsing frå ordføraren.....	5
Kommunedirektøren har ordet.....	8
Administrativ organisering og leiing	11
Medarbeidrarar og personalpolitikk	13
Kva har vi fått til i 2020?	17
Tenesteområda	27
Hovudtal for 2020	27
Formannskapet	27
Oppvekstutvalet.....	32
Helse- og omsorgsutvalet.....	41
Teknisk, miljø- og kulturutvalet – teknisk sektor	51
Teknisk, miljø- og kulturutvalet – kultur	64
Nøkkeltal økonomi	65
Kort om året 2020	66
Ansvarsområde	67
Resultat og aktivitet	68
Stab og støtte	74
Samarbeid og interkommunale tenester	76
Samfunnsutvikling og overordna planarbeid	77
Kven representerer Gloppen kommune?	81
Årets prisvinnarar i 2020.....	82



Nettmøte om korona for elevane i Gloppeskulen med ordførar Leidulf Gloppestad (til høgre), leiar på helsestasjonen Gerd Heimseter Aa, og kommunalsjef oppvekst Per Arne Strand (til venstre). Foto/skerm: Siv Kvalsvik Haugen.

Viktige hendingar i året

Korona

I mars 2020 vart Noreg stengt ned på grunn av koronapandemien. Denne prega resten av året med endringar i det kommunale tenestetilbodet i alle sektorar og nye måtar å jobbe på internt i kommunen. Kommunen gjennomførte eit omfattande rådgjevingsarbeid overfor næringslivet i kommunen – særleg i høve til smittevern. Sjølv om Gloppen så langt ikkje har vore særleg hardt ramma av korona, er det lagt ned eit betydeleg arbeid i kommunen for å handtere situasjonen dag for dag, og for å vere budd på eventuelt større utbrot. Kommunedirektøren takkar alle tilsette som har stått ekstra på i denne krevjande tida!

Nytt omsorgsbygg og andre investeringar

Også 2020 var eit år med høge investeringar. Arbeidet med nye omsorgsbustadene i tilknyting til Gloppen omsorgssenter heldt fram heile 2020 og etter planen skal bygget takast i bruk i april 2021. Dei økonomiske rammene er haldne. Heile prosjektet er kostnadsrekna 84 mill., pluss moms.

Arbeidet med ny brannstasjon, samlokalisert med politiet, vart starta opp i 2020 og vert fullført i april 2021. Arbeidet så langt held seg innanfor budsjett og tidsplan.



Nytt omsorgsbygg. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Planarbeid

I 2020 har planarbeidet vore i fokus. I september vedtok kommunestyret den nye områdereguleringsplanen for Sandane sentrum. Vi også har brukt mykje tid på arealdelen i kommuneplanen. Kommunedelplanen for ny E39 vart vedteken.

Utfordrande økonomi

2020 vart eit år med store økonomiske utfordringar for Gloppen. Kommunedirektøren går nærmare inn på dette på sidene 9 til 11.

Hovudutfordringa vår er at inntektene ikkje er høge nok til å halde oppe eit det gode tenestetilbodet

vi har. I tillegg kjem store, lånefinansierte investeringar, som aukar kommunen sine utgifter til renter og avdrag. Vi har så langt ikkje greidd å kutte i drifta for å gje plass til dei auka finanskostnadene.

I tillegg så førte koronapandemien til stengte grenser inn til Noreg. Dette gjorde at Gloppen kommune ikkje fekk ta i mot så mange flyktningar som planlagt. Det gav ein negativ økonomisk konsekvens for oss.

Ein historisk låg kraftpris i 2020 ga oss også ekstra utfordringar fordi inntektene våre frå kraftsal (så kalla konsesjonskraft) vart reduserte.

Det vart difor sett i gong eit større arbeid med å tilpasse den kommunale drifta dei økonomiske realitetane.

Politisk organisering og leiing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med tre hovudutval og formannskap. Administrasjonsutvalet er no ikkje lenger hovudutval.

Alle medlemmane i kommunestyret er plasserte i formannskapet eller hovudutvala. I tillegg sit leiaren og nestleiren i kontrollutvalet også i kommunestyret.



Til organisasjonskartet:

Formannskapet er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressurssaker.

Formannskapet har no det daglege politiske ansvaret for alle plansaker etter plan- og bygningslova. Som ein følge av dette er også konsesjonssakene og landbruksakene lagde til formannskapet.

Etter valet i 2019 vart ordninga med finansutval, der formannskapet i økonomisaker vart utvida med gruppelieiarane i dei partia som ikkje sit i formannskapet, lagt ned. Dette var ei ordning som ikkje var tilfredsstilande. Formannskapet er no kommunen sitt økonomiutval.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet er kommunen sitt organ i vieltsaker og saker etter friluftsløva og naturmangfaldslova.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt utval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire medlemmer frå formannskapet og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjonar.

Desse utvala er ikkje med på organisasjonskartet:

- **Valstyret** er eit lovpålagt organ som i denne valperioden er sett saman av formannskapet og gruppelieiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet. Leiar er ordføraren.

- **Arbeidsmiljøutvalet** er eit lovpålagt organ der arbeidsgjever og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. Etter ny kommunelov i 2019 har utvalet ikkje politiske medlemmer.

Politisk leiing



Ordførar Leidulf Gloppstad.
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Ordførar Leidulf Gloppstad frå Senterpartiet vart attvalt til ordførar i 2019. Med seg i den politiske leiinga har han varaordførar Per Jarle Myklebust (Sp).

Utdalsleiarane er Monica Grov (Ap) i helse- og omsorgsutvalet, Bernt Reed (Sp) i oppvekstutvalet, Olav Klungre (KrF) i teknisk, miljø- og kulturutvalet og Per Jarle Myklebust (Sp) i administrasjonsutvalet.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 82 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til kommunedirektøren.

Helsing frå ordføraren

Siste året har vore eit år, som best kan beskrivast som annleis, krevjande og intenst.

Då regeringa stengde ned landet 12. mars i fjor, var det ingen som straks såg føre seg at ein skulle stå i dette også no i år. Vi var ikkje komne langt ut i stenginga, før det vart tydeleg at dette kom til å bli ein lang affære.

I tillegg til korona med omfattande endringar i korleis kommunen skulle organisere sine tenester, med sviktande skatteinngang, reduserte inntekter og auka kostnadars, så skulle også kommunen setje i gong eit innsparingsarbeid, for å ta ned kostnadars på alle nivå i kommunen. Det å stå i eit kontinuerleg innsparingsarbeid, spesielt i eit slikt år kan vere krevjande. Spesielt for dei som står ute i tenestene og som står nærest brukarane og dei pårørande. Det står stor respekt av det arbeidet som vert gjort og den innsatsen våre tilsette legg ned i sitt faglege virke.

Kommunen får mykje positiv merksemd for det vi gjer. Mykje av den omtalen kommunen får for vårt arbeid anten det er i helse, i skulen, eller i flyktningarbeidet kjem ikkje av seg sjølv, og blir ikkje slik berre med godt planverk og politiske vedtak. Dei blir mellom anna slik fordi Gloppen kommune har tilsette som kvar dag brukar kompetansen og arbeidskrafta si for å levere tenester av høg kvalitet.

Årsmeldingane siste åra har synt at nærværet er noko lågare enn tidlegare. Dette er kommunen klar over. Vi som folkevalde skal også vere medvitne om dette,

spesielt i den tida vi no går inn i, der nedskjeringar vil prege budsjettarbeidet dei komande åra. Dette er ikkje nytt i kommunale organisasjonar, men ein skal vere merksam på og ha respekt for den ekstra belastninga desse prosessane kan føre til for enkelte. Dei folkevalde skal følgje med dersom konsekvensane av vedtaka våre får utilsikta verknader som aukar kostnadane i staden for å ta dei ned.

Samarbeidet i Nordfjord har også vore tett og godt siste året. Koronapandemien har vore medverkande til dette. Nordfjordrådet sitt prosjekt i lag med Vestland fylke, PWC og Innovasjon Norge har blitt lagt merke til nasjonalt. Gjennom tett samarbeid mellom kommunane og fylket, har vi lukkast med å legge fram utfordringane våre innanfor nærings- og reiseliv for dei sentrale styresmaktene, og sørge for at dei tiltakspakkane som kom, trefte best mogleg her hjå oss.

Gloppen er ein god kommune å bu i, og Gloppen er ein kommune som trass alt, har stått av dei utfordringane det siste året har gjeve oss. Gloppen har også eit godt politisk klima som er prega av respekt for kvarandre sine syn og meningar. Eit politisk klima der vi også har ein felles vilje til å – i stort, leite etter og finne felles løysingar for vegen framover, og til å bygge kommunen vidare.

Leidulf Gloppstad
ordførar

Kommunestyret - 2019-2023

Senterpartiet (Sp)

1. Leidulf Gloppestad
2. Per Jarle Myklebust
3. Magni Aa Berge
4. Jeffrey Elliott Thomas
5. Bernt Reed
6. Janne Marie Solheim
7. Solveig Lien Gusdal
8. Vegar Sårheim
9. Olaf Sigurd Gundersen
10. Eivind Reed
11. Jostein Arne Røyrvik
12. Vidar Sandal
13. Karoline Bjerkeset

Høgre (H)

1. Beate Dybendal Nordvik
2. Jan Ove Rygg

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde

Kristeleg Folkeparti (KrF)

1. Svein-Ottar Sandal
2. Arnfinn Jørgen Brekke
3. Olav Klungre
4. Per Ståle Husevåg

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Arnar Kvernevik
2. Monica Grov
3. Sandra Edith Tenud

Miljøpartiet dei Grøne (MDG)

1. Mariel Eikeset Koren
2. Jørgen Dølvik Husbyn

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Katrine Anita Heggelund

Venstre (V)

1. Bjarte Gangeskar

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

Formannskapet

Leidulf Gloppestad (Sp) - ordførar

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Per Jarle Myklebust (Sp) - varaordførar

Formannskapet er finansutval (sjå omtale på side 5), generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova.

Magni Aa Berge (Sp)

Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

Solveig Lien Gusdal (Sp)

Arnar Kvernevik (Ap)

Katrine Anita Heggelund (SV)

Mariel Eikeset Koren (MDG)

Svein-Ottar Sandal (KrF)

Beate Dybendal Nordvik (H)

Helse- og omsorgsutvalet (HOU)

Monica Grov (Ap) – leiar

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat) og Brita og Hans Thorbergssens legat.

Arnfinn Jørgen Brekke (KrF) – nestleiar

Jostein Arne Røyrvik (Sp)

Eivind Reed (Sp)

Jeffrey Elliott Thomas (Sp)

Mariel Eikeset Koren (MDG)

Beate Dybendal Nordvik (H)

Oppvekstutvalet (OPV)

Bernt Reed (Sp) – leiar

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

Bjarte Gangeskar (V) – nestleiar

Janne Marie Solheim (Sp)

Magni Aa Berge (Sp)

Per Ståle Husevåg (KrF)

Sandra Edith Tenud (Ap)

Jørgen Dølvik Husbyn (MDG)

Teknisk, miljø- og kulturutvalet

Olav Klungre (KrF) – leiar
 Katrine Anita Heggelund (SV) – nestleiar
 Karoline Bjerkeset (Sp)
 Olaf Sigurd Gundersen (Sp)
 Vegar Sårheim (Sp)
 Arnar Kvernevik (Ap)
 Gunnvor Sunde (SD)

Teknisk, miljø- og kulturutvalet er styre for Anders Klausen og Alfrida Egges Minnelegat.

Administrasjonsutvalet (AMU)

Folkevalde
 Per Jarle Myklebust (Sp) – leiar
 Svein-Ottar Sandal (KrF) – nestleiar
 Solveig Lien Gusdal (Sp)
 Beate Dybendal Nordvik (H)
Frå dei tilsette
 Tone Kristin Morken (Fagforbundet)
 Anne-Grete Hoddevik (Fagforbundet)
 Kirsten Sola Strand (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.

Kontrollutvalet

Jan Ove Rygg (H) – leiar
 Vidar Sandal (Sp) – nestleiar
 Frode Fagerli (KrF)
 Charlotte R. Holtan (SD)
 Marit Lysholm (SV)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Kommunestyret	104	119	73	81	108	86
Formannskapet	188	161	141	132	161	149
Helse- og omsorgsutvalet	55	43	41	47	44	50
Oppvekstutvalet	46	36	44	46	48	42
Teknisk, miljø- og kulturutvalet	77	86	128	105	137	125 * MULTEK-utvalet fram til 30. oktober 2019
Administrasjonsutvalet	11	13	15	15	19	22
Kontrollutvalet	49	40	32	31	45	36
Eldrerådet	34	21	26	22	28	24
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	30	20	25	31	30	18
Ungdomsrådet	22	14	29	20	27	24

Kommunedirektøren har ordet



Anders Skipenes tok til som kommunedirektør i Gloppen 22. juni 2020. Foto: M. Aniksdal.

2020 vart “annleis”-året for oss alle. Dette var året då vi lærte oss nye ord; pandemi, flokkimmunitet, koronavirus, karantenehotell og heimekontor. Ikkje nok med at vi lærte oss desse orda, men vi skjønte verkeleg kva dei kunne innebere for oss. Vi skjønte verkeleg korleis desse orda påverkar liva vår - som individ, som familiar, som jobbkollegaer, som bygdesamfunn, som nasjon og som menneske. Vi skjønte verkeleg kor sårbart samfunnet vårt kan vere. Tryggleiken vår vart utfordra. For mange vart dette ei ny erfaring.

2020 vart også året mange stod fram og gjorde ein innsats langt ut over det vanlege. Det er nærliggjande å rette ein stor takk; Til alle helsearbeidarane våre i sjukehusa og dei kommunale velferdstenestene som har gitt stell og omsorg til utsette og sjuke. Til dei tilsette i skulane og barnehagane som har kasta seg rundt og sørga for at barna våre har fått god oppfølging på trass av smittevern, 1-meters regel og digital undervisning. Til reinhaldarane våre som har sørget for at arbeidsplassane har vore så trygge som mogleg. Og til dei mange, mange andre som har stått på for at vi skal kome oss gjennom den største prøva vi – som nasjon, har blitt stilt overfor sidan 2. verdskriga.

I Gloppen slapp vi eit større smitteutbrot i løpet av 2020. Det skal vi vere takksame for, og samstundes håpe at vi kjem oss gjennom heile pandemien utan at denne råkar oss for sterkt.

Kommuneøkonomien i Gloppen

2020 vart eit nytt, utfordrande år for kommunen økonomisk sett. Vi låg lenge an til eit negativt netto driftsresultat på nær 20 mill. Dette skuldast hovudsakleg sviktande inntekter.

Heldigvis betra situasjonen seg mykje mot slutten av året, og vi kom til slutt ut med eit lite overskot. Vi klarte også å innfri om lag halvparten av det driftsmessige underskotet frå 2019. Dette er likevel ikkje nok til å halde oss utanfor ROBEK, men vert svært viktig med tanke på å gjere vegen tilbake til full sjølvråderett over vår eigen økonomi, kortast mogleg. Der er også ting å glede seg over med tanke på kommuneøkonomien. Eg synest det er flott at alle tenestene våre har makta å drifta tilboda sine innanfor budsjettet. Dette er heilt avgjerande for at vi skal kunne skape økonomisk balanse i drifta av dei kommunale tenestene. Godt jobba!

Gjennom heile året har organisasjonen arbeidd med å kartlegge innsparingstiltak i drifta. Vi enda opp med over 100 ulike tiltak, som samla sett utgjer rundt 40 mill. i reduserte driftskostnader.

I budsjethandsaminga gjorde kommunestyret viktige vedtak for at vi skal kunne endre kurser etter fleire år med aukande økonomisk ubalanse.

Innsparingane vil merkast på tenestene våre til glopparane. Vi skal likevel arbeide hardt for å sikre at tilboda våre til barn, unge og eldre skal ha god kvalitet også i åra framover.

2020-rekneskapen

Kommunen sine inntekter i 2020 vart på nær 600 mill. Dette var om lag 1 % høgare enn førre året. Driftskostnadene våre var 0,4 % høgare enn førre året (korrigert for nye rutinar for interfakturering). Det er viktig å merkje seg at kommunen sine lønskostnader berre auka med om lag 1 mill. Vi hadde også lågare sosiale kostnader, slik at vi samla sett kom ut med ein liten reduksjon av personalkostnadene. Dette skuldast at vi har vore medvitne med tanke på vikarbruk, og at vi har halde fleire stillingar vakante.

Brutto driftsresultat vart på ca. 4,8 mill. Netto driftsresultat vart på ca. 0,5 mill. Vi klarte å dekke inn om lag 5,7 mill. på det oppsamla underskotet på 11,1 mill. som vi hadde med oss frå 2019.

Dei største avvika i rekneskapen var følgjande:

- Rammetilskotet var 13,9 mill. høgare enn budsjettet (korona 8,8 mill. og inntektsjustering 5,1 mill.)
- Skatteinntektene gjekk ned med 10 mill. (skuldast lågare aktivitet pga. korona)
- Sals- og leigeinntektene enda på 3,5 mill. (dette skuldast mykje at kultursektoren klarte seg betre enn frykta)
- Sjukelønsrefusjonar vart 5,6 mill. høgare enn budsjett (positivt med tanke på dei samla lønsutgiftene)
- Flyktingtilskottet vart 4,2 mill. høgare enn prognosene (einslege mindreårige var ikkje budsjettet (2,5 mill.), midlar overført frå 2019 (0,7 mill.), nye flyktingar (0,6 mill.) og ekstra løyingar (0,4 mill.))

- Overforbruket samla sett for driftsutgifter, var på 2,7 mill. Dette kan bl.a. forklara med ikkje-budsjettet overføring av spelemidlar (4,7 mill.)
- Rentekostnaden vart 3,2 mill. høgare enn budsjettet (då rentetaket vart høgare enn venta, fekk vi ikkje full effekt av rentenedgangen)

Investeringane

I 2020 har dei største investeringane i kommunen vore knytt til ferdigstillinga av det nye omsorgsbygget og til bygginga av ny brannstasjon. Omsorgsbygget vart overlevert til kommunen før jul, og den nye brannstasjonen – det så kalla «Blålysbygget» vert tatt i bruk på våren i 2021. Blålysbygget skal også huse Politiet sine tenester i Gloppen, og vi ser fram til eit tett og godt samarbeid i åra framover.

Det er lagt ned eit omfattande arbeid for å følgje opp sluttføringa av desse to prosjekta, og begge vil halde seg innanfor den vedtekne budjettramma.

Organisasjonsendring

I oktober endra vi kommuneorganisasjonen.

Dei viktigaste endringane var at:

- Den administrative organiseringa vart tilpassa den politiske organiseringa
- Leiargruppa vart redusert frå 9 til 5 medlemmer
- Talet på kommunale tenester (einingar) vart redusert frå 32 til 21
- Kultursektoren og Teknisk sektor vart slått saman til Samfunn og berekraft

- Tenester til barn og unge vart slått saman til Familiehuset

Det står framleis att mykje arbeid for å få den nye organiseringa til å fungere optimalt, men vi er godt i gang. Eg meiner at vi med denne organiseringa legg eit godt grunnlag for å møte utfordringane som organisasjonen er sett til å løyse i åra framover.

Samstundes veit eg at mykje er i endring, og som organisasjon må vi vere budd på å møte desse, og gjere endringar når dette vert naudsynt.

Framleis positiv folketalsutvikling i Gloppen

Også i 2020 var folketalsutviklinga i Gloppen positiv. Dette er viktig i ei tid der mange kommunar strevar med fråflytting.

Samstundes treng vi endå større tilflytting og fødselsoverskot i ei tid der gjennomsnittsalderen i befolkninga aukar.

Det er viktig at vi arbeider jamt og trutt for å sikre folketalsvekst. Ikkje nokon faktor er viktigare for kommunen sine inntekter og høvet til å skape utvikling, enn folketalet. Dette gjeld både skatteinntektene og overføringane frå staten.

For å lykkast med visjonen vår om å vere tilflytta-kommune nr. 1 i Nordfjord, må vi halde fram arbeidet med å levere gode kommunale tenester, og skape attraktive tettstadar og velfungerande grender. Vi må heile tida vere på jakt etter «det vesle ekstra» som gjer at folk vel Gloppen når dei skal busetje seg. Det skal vi klare!

Utfordringa

Kommunen nyttar varierande inntekter til finansieringa av drifta. Dette er inntektene frå utbyte, rente-inntekter, tilskot til flyktningar, kraftinntekter, m.m. Desse inntektene endrar seg mykje frå år til år, og skal difor – som ein hovudregel, ikkje nyttast til å finansiere faste driftsutgifter.

For å frigjere oss frå tronen for desse inntektene, må kommunen få dei faste driftsutgiftene ned på eit nivå som harmonerer med dei ordinære driftsinntektene.

Kommunen sitt innsparingsprosjekt skal hjelpe oss å løyse denne utfordringa.

Finansielle måltal 2020

- Disposisjonsfond: 10% av driftsinntektene
 - Gloppen kommune skal på sikt opparbeide seg eit disposisjonsfond tilsvarende 10% av driftsinntektene
 - Bruken av disposisjonsfond skal ikkje overstige 50% i løpet av ein 4 års periode
- Eigedomsskatt: Skal ikkje nyttast til varige driftsutgifter
 - Renter og avdrag som ikkje er knytt til sjølvkostområde kan betalast av eigedomsskatten
 - Tilskot til næringsliv, kultur og andre samfunnsnyttige formål
 - Investeringar

- Dersom disposisjonsfondet ligg under målsetting, og kommunen ikkje er inne i ein endringsprosess, skal Gloppen kommune ha 1,75% eller meir i netto driftsresultat.
- Lønsmidlar (inkludert sosiale utgifter) skal ikkje overstige kommunen sine frie inntekter (rammetilskot + skatt på inntekt og formue)
- Gjelda bør ikkje verer større enn 95% av driftsinntektene
 - Gjeld knytt til sjølvkostområda og husleige ver halde utanom.
- Eventuelle premieavvik skal kostnadsførast fortløpende, og ikkje avskrivast over 7 år.


Resultat per 2020

- Gloppen **innfridde** målet om at lønsmidlane skulle vere mindre enn kommunen sine frie inntekter (97%).
- Renteberande gjeld finansiert over drift enda på 89% og målet vart såleis **innfridd**.
- Renter og avdrag ligg langt over inntekter knytt til egedomsskatt og er dermed **innfridd**.
- Disposisjonsfond er 0, og målet er såleis **ikkje innfridd**.
- Netto driftsresultat er om lag 0%, og målet er såleis **ikkje innfridd**.
- Utbytte og renteinntekter vart nytta til å finansiere ordinær drift, målet er såleis **ikkje innfridd**.
- Premieavvik blir avskrive over 7 år, målet er såleis **ikkje innfridd**.



Korona-sikkert kommunestyremøte 17.12.2020. Kjelde: gloppen.kommunetv.no, skjerm: Geir Liavåg Strand.

Administrativ organisering og leiing



Administrativ organisering, sist oppdatert 2. februar 2021.

Det vart gjort endringar i organiseringa av kommunen i 2020. Det er oppretta tre kommuneområde, og talet på tenesteområde er redusert. Kommuneområda vert leia av ein kommunalsjef, og kvart tenesteområde av ein tenesteleiar. Stab og støtte er samla i ei eining under organisasjonssjefen.

Leiing og leiarar i Gloppen

Gloppen kommune er organisert etter sektormodellen. Modellen har to nivå der kommunedirektøren er øverste administrative leiar. Kommunedirektøren, saman med tre kommunalsjefar og ein organisasjonssjef, er på nivå 1 (oppvekst, helse og velferd, samfunn og berekraft og stab og støtte). Tenesteområda er organisert som nivå 2, og er leia av kvar sin tenesteleiar.

Leiarane på nivå 1 utgjer *Kommunedirektøren si leiargruppe* (5 medlemmer). Organisasjonssjefen fungerer som kommandant når kommandant er fråverande. Kommuneleilinga møtest kvar veke.

Kommunedirektøren si leiargruppe, tenesteleiarane, økonomisjefen og personalsjefen utgjer *Utvista leiargruppe*. Utvista leiargruppe møtest ein gong kvar månad.

Anders Skipenes tok til som kommandant 22.06.2020. Foto: M. Aniksdal	Thomas Hebard tok til som tenesteleiar for legetenesta 01.01.2020. Foto: Siv Kvalsik Haugen.	Birte Fossheim vart konstituert som kultursjef 09.11.2020. Foto: Siv Kvalsik Haugen.

Ved årsskiftet 2020/2021 utgjorde desse den utvida leiargruppa:

Kommunedirektøren si leiargruppe

Funksjon	Namn
Kommunedirektør	Anders Skipenes*
Organisasjonssjef	Geir Liavåg Strand
Kommunalsjef oppvekst	Per Arne Strand
Kommunalsjef helse- og velferd	Gunhild Gimmestad
Kommunalsjef samfunn og berekraft	Kjell Petter Solhaug (konst. ut 2021)**

* Ny i 2020

** Ny i 2021

Tenesteområde og tenesteleiatarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Gro Hjelle (konst.)
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Vigdis Henden
Nordstranda skule	Rektor Elisabeth Sunde Andenæs
Sandane skule	Rektor Linn Kristin Øren
Breim barnehage	Styrar Anette Støyva
Mona barnehage	Styrar Else Lundestad Bakkelid
Gloppen opplæringssenter	Rektor Sonja Jordanger Loen
Familiehuset	Tenesteiar Hilde Nødset**
Gloppen kulturskule	Rektor John Rune Ødven

** Ny i 2021

Helse og velferd	Tittel og namn
Bu- og omsorgstenesta	Tenesteiar Iren Knutsen Utheim
Heimetenesta	Tenesteiar Cecilie M. Helgheim**
Legetenesta	Tenesteiar Thomas Hebard*
Miljøarbeidartenesta	Tenesteiar Synnøve Marie Hestenes
NAV Gloppen (den kommunale delen)	NAV-leiar Lars Berntzen

* Ny i 2020

** Ny i 2021

Samfunn og berekraft	Tittel og namn
Eigedomsdrift	Tenesteiar Odd Arne Kolseth
Landbruk	Landbruksjef Trine Alme
Kommunalteknikk	Tenesteiar Arne Mykland
Brann og beredskap	Brannsjef Runar Kleppe
Plan, byggesak og oppmåling	Tenesteiar Kjell Petter Solhaug
Kultur	Kultursjef Birte Fossheim (konst.)**

** Ny i 2021.



Gloppen sin siste rådmann, Jan Kåre Fure, på veg over i pensionistane sine rekker 15. mai 2020. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.225 løns- og trekkoppgåver i 2020. Dette er talet på personar som har fått løn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette året.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneholder ikkje støttekontaktar, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2020.

	Årsverk	Tal tilsette
Kvinner	393	495
Menn	102	120
Sum	495	615

Årsverk: Inneholder alle med ein fast stillingsprosent.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

Sum delstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent

	Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	175	277	63,18
Menn	23	41	56,10

UTVIKLINGA I TALET ÅRSVERK I KOMMUNEN

	2020	2019	2018	2017	2016
Årsverk	495	497	503	503	483


Utviklinga i tal årsverk stabiliserte seg i 2018 og har etter det hatt ein liten nedgang.

Oversikta over talet på årsverk er bruttootal, dvs. at ei stilling som fullt ut er finansiert av tilskot eller refusjonar, tel like mykje som ei stilling som det ikkje er inntekter på. Tala viser også vikarbruken ved sjukmeldingar m.m.

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2020 har kommunen 270 arbeidstakrarar over 50 år og 185 over 55 år. Tilsvarande tal per 31. desember 2019 var 271 og 192. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:

Alder i 2020



Likestilling og deltid

Gjennom HTA (Hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir gjort i Gloppen saman med drøftingar før dei lokale forhandlingane.

Etter HTA § 2.3.1 pliktar kommunen å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokuset på å redusere deltidsstillingar, har eit klart likestillingsperspektiv. Dette fordi dei fleste med uønskt deltid, er kvinner. Dette er også eit viktig med tanke på rekrutteringa av nye medarbeidarar.

Innføring av årsarbeidsplan, bruk av frie timer og tilsetting av faste vikarar er viktige tiltak for å redusere talet på tilsette som arbeider deltid.

GJENNOMSNITTLØN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	2	1,5	75	748.000
Toppleiarar	Menn	6	4,9	82	810.000
Kap 3.4.2	Kvinner	26	25,6	98	657.000
Einingsleiarar	Menn	7	5,8	83	633.000
Kap 4	Kvinner	452	357,2	79	470.000
	Menn	102	86,5	85	469.000
Kap 5	Kvinner	13	9,6	74	607.000
	Menn	7	4,8	69	687.000

- Kap 3.4.1: Årsak til lønnsskilnaden mellom kvinner og menn for denne gruppa, skuldast hovudsakleg løna til kommunedirektøren
- Kap 3.4.2: Løn til rektorar er noko høgre enn løn til dei andre einingsleiarane. Alle rektorane er kvinner, og snittløn for kvinner i kap. 3.4.2 vert då høgare enn snittløna for menn. Løna til kommuneoverlege og leiar for legesenteret er ikkje med i snittløna fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande
- Kap 4: Det er ikkje lenger lønnsskilnader mellom kvinner og menn i denne gruppa
- Kap 5: På kapitelet er løn til t.d. legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg løn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader

Rekruttering og kompetanse

Gloppen kommune har som overordna mål å vere ein moderne og attraktiv arbeidsgjevar, som klarar å rekruttere, utvikle og halde på kompetente medarbeidarar.

Motiverte og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane. Tilbod om lærlingplassar, etter- og vidareutdanning, intern opplæring, kunnskapsdeling og tversektorielt samarbeid, er nokre av tiltaka for å nå dette målet.

Kommunen har sidan 2012 hatt seniorpolitiske tiltak som skal stimulere tilsette til å stå lenger i arbeid. Frå fylte 62 år kan tilsette velje mellom tre ulike ordningar; pensjonsgjevande lønnsauke, redusert arbeidstid, eller noko frigjort tid til kommunale tiltak av samfunnstenleg verdi som ikkje vert dekkja innanfor dagens tenester.

Kommunen er aktivt til stades på ulike karriere-messer. Målet med denne deltakinga er å få kontakt

med elevar, utflytta studentar og arbeidstakrar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppen kommune.

Kvart år blir det invitert til samling for nytilsette, der dei får ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tenesteytar. Det blir gjennomført pensjonssamtalar for seniorar i regi av pensjonsleverandørane våre, og det blir arrangert førstehjelpskurs og grunnkurs i HMT-arbeid i regi av BHT.

Koronaåret 2020 har gjort at det har vore låg aktivitet når det gjeld deltaking på karrieremesser og fysiske samlingar. Koronaåret har samstundes bidrige positivt når den digitale kompetansen i organisasjonen. Digitale møter, kurs og streaming har blitt ein del av kvardagen, og har løfta den digitale kompetansen mange hakk hos våre tilsette.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit tydeleg fokus på HMT-arbeidet, og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Kommunen er inndelt i 23 verneområde, der det er etablert lokale arbeidsmiljøgrupper (LAG) som

består av leiar(ar), lokalt verneombod og ein eller fleire plassstillsvalde

Hovudverneombodet er årleg ute hos alle einingane. Han har då fast møte med LAG-et.

Det blir også arrangert verneombodssamling ein gong i året, for erfaringsutveksling og påfyll av aktuell kunnskap.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMT-kurs blir arrangerte ved behov, som til dømes årlege førstehjelpskurs.

Kommunen jobbar kontinuerleg med oppdatering og fornying av HMT-arbeidet.

Kommunen har ei HMT-gruppe som er samansett av personalsjefen (leiar), hovudverneombodet, ein representant frå bedriftshelsenesta og hovudtillitsvald i Fagforbundet. Gruppa tek opp og drøftar mange ulike HMT-saker, og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

HMT-gruppa har også funksjon som sjukefråværsgruppe, som skal jobbe både på system- og individnivå. Gruppa skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven som skal få prisen.

BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppe kommune er tilknytt bedriftshelseneste. Sidan 2011 har vi hatt avtale med Kystbedriftenes Helsetjeneste. Avonova (tidlegare Stamina) har med verknad frå 01.01.2021 kjøpt opp KBHT, og overtar alle kundeforhold frå same dato.

BHT har m.a. vore aktivt med i fornyinga av HMT-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, HMT-gruppa og i andre aktuelle møte ved behov. BHT utfører lovpålagt arbeidshelseundersøking, føretak kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, arbeidsplasskartlegging, fakaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr med meir.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø («40-timarkurset»). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

Nærvær

I 2020 har nærværet vore på 93,1%. Dette nivået er noko lågare enn 2019 då vi hadde eit nærvær på 93,9 %.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2020				2019				2018			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,8	0,4	6,8	8,1	0,9	0,5	4,4	5,9	0,9	0,6	4,1	5,8
Helse	0,9	0,6	5,5	7,0	0,8	0,5	5,2	6,5	0,9	0,8	4,3	5,9
Andre	0,6	0,1	3,7	4,4	0,5	0,2	5,1	5,7	0,6	0,5	3,7	4,7

HMT-gruppa har arbeidd med ulike tiltak for å få ned sjukefråværet der det er mogleg, blant anna tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå BHT.

BHT deltek i oppfølginga av den enkelte sjukmelde arbeidstakar etter behov. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om mellom anna trening og kosthald.

Etter oppdrag frå AMU har bedriftshelsenesta gjennomført arbeidsmiljøkartleggingar i einingar med høgt fråvær, og har bidrige med leiarstøtte i

oppfølgingsarbeidet. Sidan hausten 2019 har det vore gjennomført kartleggingar i 5 einingar. I 2021 er det planlagt ei medarbeidarundersøking for heile kommunen, med fokus på utvikling av arbeidsmiljøet og kvaliteten på tenestene våre.

HMT-gruppa utarbeidde i 2019 nye rutinar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Dei nye rutinane har eit større fokus på førebygging og tidleg avklaring.

Organisasjonsutvikling

PERSONALREGELVERK – LOKAL PERSONALHANDBOK

Alt sentralt regelverk og lokale rutinar og dokument, er samla i KF Personalhandbok som er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

HMS-REGELVERK – LOKAL HMS-HANDBOK

Alt sentralt regelverk og lokale rutinar og dokument er samla i HMS-handboka, som er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

DIGITALISERING

I løpet av året har vi halde fram med å sette det nye skuleadministrative systemet i drift. Vi har tatt i

bruk Microsoft Teams som samhandlingssystem og har starta å ta i bruk Microsoft 365 for alle tilsette. Elevar og lærarar skal ta i bruk GSuite som sitt samhandlingssystem. Det vart vidare inngått avtale

om overgang til heildigitalt støttesystem for PPT, og til innføring av nytt kvalitets- og avvikssystem (Compilo). Desse systema vert sette i drift i 2021.

Møte mellom leiing og tillitsvalde

ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde fire møte i 2020. Aktuelle tema har vore:

- behandling av byggesaker
- oppdatering og fornying av HMT-dokument.
- sjukefråvær
- avviksmeldingar

MØTE MED TILLITSVALDE

Frå hausten 2020 vart det etablert faste månadlege dialogmøte mellom kommunedirektøren, dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. I tillegg til

dei faste dialogmøta, har det vore drøftingsmøte i samband med koronasituasjonen, budsjett-situasjonen, omstilling og bemanningsreduksjon, og innleiande drøftingsmøte før lokale forhandlingar.

ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i personal- og organiseringsaker. Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitelet om politisk organisering og leiing på sidene 8-10.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen vart ikkje utdelt i 2020.

Tiltak for arbeidsmiljøet



Fast inventar på alle møterom i 2020. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Kva har vi fått til i 2020?

Fargekodar i dokumentet

Helse og omsorg	Helse + oppvekst	Oppvekst	Kultur	Teknisk + landbruk	Næring	Overordna leiing	Plan og utgreiing	Økonomi og personal
-----------------	------------------	----------	--------	--------------------	--------	------------------	-------------------	---------------------

I FORKANT

Dette skal vi gjere i lag:

3.1.1	STRATEGIAR – Dette skal vi gjere ilag:	TIKTAK 2020
A	<i>Ta til oss impulsar frå omverda og samarbeide om å ta i bruk ny teknologi, både når det gjeld kompetansebygging og fasilitatar.</i>	
B	<i>Tilby gode og spennande arbeidsplassar, både private og offentlege, der dei tilsette har høve til å utvikle seg og ta i bruk ny kunnskap.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Synleggjere kva vi har å tilby ved å delta på karrieremesser – Fokus på vidareføring av traineeordninga til Framtidsfylket – Auke delen heiltidsstillingar i kommunen – Tilby læreplassar/praksisplassar

Gloppen kommune skal:

3.1.2	STRATEGIAR – Gloppen kommune skal:	TIKTAK 2020
A	<i>Gripe fatt i utfordringar tidleg, før dei veks seg store – førebyggje framfor å reparere.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Fornye samhandlingsarenaene mellom einingane og sektorane – Styrke fokus på psykisk helse i skulane – Vidareutvikle lågterskeltilbod for dei som har lettare psykiske plager og/eller rusproblem, slik at tilbodet vert aktuelt å nytte for ei større brukargruppe – Utvikle psykologteneste for Gloppen – Etablere samarbeidsarenaer for å sikre god tverrfagleg innsats og samordna tiltak for dei minoritetsspråklege – Utgriene om det er aktuelt å omorganisere seg slik at tilsette frå psykisk helseteneste er tilgjengelege også på kveld og helg – Utvikle kvalitet på tenestene i miljøarbeidartenesta med fokus på kvardagsmeistring. – Informere om verdien av fysisk og psykisk aktivitet er for å førebygge utvikling av demens – Utarbeide gode retningslinjer og system for oppfølging av personar med demens og familiene deira. Samarbeid mellom einingar i kommunen og andre instansar må setjast i system – Auke kompetansen om demens blant dei tilsette i alle einingar. Vidareutdanning innan dette feltet skal prioriterast

Årsmelding for 2020

		<ul style="list-style-type: none"> – Vurdere å etablere ei ordning med ressurspersonar i dei ulike heimetenesteområda, jf. ressurspersonar i kvardagsrehabilitering
B	<i>Styre kommuneøkonomien slik at vi kan handtere dei utfordringane kommunen og lokalsamfunnet står overfor.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Følgje opp budsjettvedtaket om 0,5 % overskot
C	<i>Utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon, som evner å møte utfordringar og behov på nye måtar. Planlegge langsiglig, og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Jobbe vidare med å sette eit større utviklingsfokus i organisasjon. Utvikle tverrfaglege fora, og jobbe heilskapleg – Vidareføre og utvikle det systematiske tverrfaglege arbeidet/ arenaene, som t.d. leiarforum, rusfagleg forum, bustadsosial styringsgruppe og politirådet
D	<i>Halde fram med å ta i bruk ny teknologi i utvikling av tenestene.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ta i bruk velferdsteknologi i større omfang – Utgreie og utvide bruken av elektronisk dørlås
E	<i>Ta initiativ og vere ei drivkraft i samarbeidet mellom Nordfjord-kommunane gjennom utvikling og marknadsføring av ein attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion, dele kunnskap og utvikle gode tenester på tvers av kommunegrenser.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Støtte opp om og delta på Framtidsfylket sine karrieremesser – Vurdere oppstart av felles plansamarbeid/planstrategi for Nordfjord – Vidareutvikle allereie etablerte fag-/leiarnettverk i Nordfjord
F	<i>Sørgje for at berekraftig utvikling vert eit overordna prinsipp i kommunen si planlegging og verksemd, og etterspørje miljøvennlege løysingar ved kjøp av varer og tenester.</i>	<p><u>Innanfor kommunal planlegging:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> – Arealdisponering som reduserer klimagassutslepp – Jobbe med tiltak som gir reduksjon i klimagassutslepp – I lag med samarbeidspartar, etablere prosjekt retta mot innbyggjarar for gjenbruk og reduksjon av avfall – Søke midlar frå Miljødirektoratet si klimasatsordning for å redusere klimagassutslepp i kommunen vår – Etterspørje og dokumentere redusert energiforbruk på nye bygg <p><u>Innanfor kommunal verksemd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> – Alternative energikjelder ved planlegging av nye bygg – Ny innkjøpsstrategi der klima- og miljø er eit av tildelingskriteria – Skifte ut 2 kommunale, fossile tenestebilar til el-bilar (personbilar) – Etablert 10 ladestasjonar for kommunale tenestebilar – Som ledd i sykkelstrategien vår har vi etablert ei utleige-/låne-/abonnementsordning for elsyklar – Prosjekt i barnehagar og skular med konkrete klimatiltak i kvarldagen

G	<i>Jobbe systematisk med skade- og ulykkesførebygging på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor. Halde fram med å vere godkjent som eit «Trygt lokalsamfunn», blant anna gjennom å bli godkjent som ein trafikksikker kommune i løpet av 2018</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Følgje opp og setje i verk utarbeidde rutinar og strategiar i trafikktryggingsarbeidet – Trafikksikker kommune – Utvikle samarbeidet med lag og organisasjonar kring skade- og ulykkesførebyggjande arbeid med særleg vekt på barn og unge og eldre – Gjennomføre ein årleg Av og Til – kampanje
H	<i>Ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging, og ha gode system og rutinar for oppdatering av beredskapsplanen.</i> <i>Sikre at beredskaps-arbeidet blir godt innarbeidd i organisasjonen, og eit godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ferdigstilt og vedtatt overordna beredskapsplan og ROS-analyse – I løpet av 2021 skal vi utarbeide lokale beredskapsplanar for alle barnehagane og skulanane våre – Gjennomføre minimum to årlege møte i Politirådet – Gjennomføre PLIVO-øving (felles for fleire kommunar) i Gloppen – Gjennomføre årlege møte i beredskapsrådet – Vurdere kommunen sin branntekniske ressursar opp imot forslag til ny organisering i fylket/region

RIKE OG RAUSE LIVSMILJØ

Dette skal vi gjere ilag:

3.2.1	STRATEGIAR – Dette skal vi gjere ilag:	TILTAK 2020
A	<i>Ta vare på organisasjonsliv og dugnadskultur. Sype for at alle grupper vert inviterte og inkluderte.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ha årlege møte med lag og organisasjonar, og utvikle og utfordre til dømes gjennom idrettsrådet og møteplass for kulturlivet – Fremje inkludering ved å tenkje nytt om bruken av støtte-, fritids- og treningskontaktar
B	<i>Skape gode møteplassar mellom folk frå ulike nasjonar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikle møteplassar som fremjar inkludering og fellesskap på tvers – Vidareføre «Strikkekubben» i regi av Frivilligsentralen som ein viktig møteplass på tvers av ulike kulturar
C	<i>Kyrkja i Gloppen er aktiv, open og inkluderande.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sette i verk tiltak i tråd med strategiplan for Gloppen kyrkjelyd, der eit av måla er at kyrkja skal bidra aktivt i å inkludere flyktningar som kjem til Gloppen – Halde fram med å invitere nye glopparar inn i etablerte medliturggrupper
D	<i>Skape lokalsamfunn som styrkar og tek omsyn til familiar og einslege sine behov.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Bevistgjering kring uønskte konsekvensar av for høgt aktivitetsnivå i familiar, og legge meir til rette for medverknad frå barn, unge og foreldre – Legge til rette for fleire uformelle møteplassar rundt om i lokalsamfunnet på tvers av alder og livssituasjon
E	<i>Sikre at alle barn har høve til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utfordre frivillige lag og organisasjonar til å sette temaet på dagsorden gjennom idrettsrådet og møteplass for kulturlivet – Evaluere ordninga med opplevingskortet, og vurdere om vi har gode nok ordningar for familiar med låg inntekt
F	<i>Styrke og utvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar med fokus på innbyggjarar som treng støtte til å halde fram med å delta i sosiale aktivitetar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre halvårlege møte i regi av helse og omsorg og Frivilligsentralen med frivillige lag og organisasjonar

G	<i>Snakke fram dei ulike lokalsamfunna sine kvalitetar, vise fram sær preg, attraksjonar og kulturminne.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tema på halvårlege fellesmøte med utviklingslaga i kommunen – Utvikle ein samarbeidsform der representantar for planavdelinga rykker ut på etterspørrelse og støttar utviklingslaga i møte med innbyggjarane
H	<i>Nyte, skryte av, dyrke og foredle det breie kultur- og idretts- tilbodet vi har i Gloppen. Både det som skjer i nærmiljøa, i Trivselshagen, i regi av lag og organisasjonar, i barnehagane og skulane – som blir utøvd av barn og vaksne, av amatørar og profesjonelle. Skape nettverk og møteplassar mellom dei ulike aktørane.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sikre at alle innbyggjarane har tilgang på kulturtildelning med høg kvalitet – Få til ei felles nettside der alt som skjer i kommunen blir lagt ut, til dømes vidareutvikle gloppen.no – Lage eit årshjul over aktivitetar og arrangement som kjem igjen kvart år på faste tidspunkt.
I	<i>Utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen, -slik at merkte turstiar, stisykkels- og skiløyper, vegar og parkeringsplassar vil gjere det lett å kome seg på tur i Gloppen og i framtida.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sette i verk tiltak i tråd med vedteken «<i>Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet</i>». Planen legg m.a. vekt på samarbeid mellom ulike aktørar både når det gjeld anlegg og andre tiltak – Inngå avtalar om vedlikehald og merking av turstiar med aktuelle lag og organisasjonar
J	<i>Kommunen og utviklingslaga skal utvikle gode samarbeidsformer for å fremje utvikling i grendene.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Halvårlege fellesmøte med utviklingslaga i kommunen, og einskildvis ved behov – Jobbe vidare med å utvikle ein kultur for samskapning med eldsjeler og utviklingslaga i kommunen
K	<i>Sikre ei heilskapleg utvikling av fjordlandsbyen Sandane, gjennom samskapning med grunneigarar, næringar i sentrum og regionale aktørar, både gjennom arbeidet med ny områdereguleringsplan og i oppfølging av den.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre «Landsbyrådet» som eit fagleg samarbeid mellom eksterne utviklingsaktørar, og jobbe vidare med utvikling av fjordlandsbyen Sandane – Det skal lagast ein årleg aktivitetsplan for fjordlandsbyen som skal politisk vedtakast
L	<i>Fremje større variasjon i bustadmassen med tanke på pris, storleik og eigarform. Det bør vere variasjon innanfor same bustadområde for å fremje sosial utjamning, gjere det enklare å «prøvebu» og for at eldre skal få høve til bli buande lenger i nærmiljøet sitt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Få på plass nye bustader for utleige til vanskelegstilte familiar i tilknyting til etablerte bustadområde – Ha fokus på å skaffe fleire gjennomgangsbustader og rimelegare bustader til sals i alle tettstadane våre.
M	<i>Framsnakke klimasmart matproduksjon</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre Landfrag-prosjektet

Gloppen kommune skal:

3.2. 2	STRATEGIAR – Gloppen kommune skal:	TILTAK 2020
A	<i>Gje alle barn høve til å utnytte potensialet sitt ut i frå sine føresettninger, og styrke fokuset på inkludering i barnehagar og skular.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Fremje deltaking og inkludering av barn og unge med nedsett funksjonsevne i kulturskulen. – Meir fokus på tilpassa opplæring og mindre på spesialundervisning – Avklare om det i Gloppen skal gjennomførast forsøk med leksefrei skule

B	<i>Jobbe tverrfagleg for å redusere sosial ulikskap, særleg med tanke på barn og unges oppvekstvilkår.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tilby foreldrerettleiing for innvandrargrupper etter ICDP metoden. Kurse og bruke innvandrarar med ulike morsmål som medkurshaldarar – Sjå spesielt på korleis vi arbeider med psykisk helse inn mot innvandarfamiliar, og korleis vi handterer barnefattigdom – Styrke det tverrfaglege samarbeidet på tvers av sektorar og tenester, og auke kjennskapen til kva dei ulike einingane kan bidra med
C	<i>Arbeide for eit ope, inkluderande og trygt arbeidsmiljø, som speglar mangfaldet i befolkninga.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tilby arbeidsutprøving og språkpraksis – Kontinuerleg oppfølging av sjukmeldte i tråd med interne rutinar
D	<i>Sikre gode overgangar i heile livsløpet til glopparane.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Som del av at Gloppen er ein «Språkommune» skal det lagst ein ny plan for overgangane mellom helsestasjon, barnehage og skule – Utvikle samhandlings-arenaene vi har mellom einingar og sektorar
E	<i>Utarbeide ein ny helse- og omsorgsplan, som skal sikre gode og framtidsretta helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Planen skal òg tydeleggjere den einskilde innbyggjar sitt ansvar for eiga helse, og fremje samarbeid med ulike samfunnsaktørar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen og leiar for Frivillegsentralen skal ta ansvar for å vidareføre ordninga med faste møtepunkt med frivillige ein gong i halvåret – Vidareføre samarbeidet mellom kommunen og Frivillegsentralen i nye aktuelle utviklingsprosjekt – Sikre medverknad frå dei frivillige i planlegging av aktivitetar og prosjekt
F	<i>Ta initiativ til og utvikle samarbeidet med næringsliv, utviklingslag og andre lag og organisasjonar på område der vi i lag kan skape ein rikare kvardag for alle i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Invitere til minimum to fellesmøte med utviklingslag i Gloppen med fokus på arealdelen og lokal tettstadutvikling – Gjennomføre 3-4 møte i arbeidsgruppa «Gloppen 2030» med representantar frå næringsliv, frivillig sektor, kulturlivet og adm. og pol. Jobbe for å få ungdomsrådet med i arbeidsgruppa
G	<i>Løfte fram og vidareutvikle samspelet mellom Gloppen kulturskule, distriktsmusikarane i Gloppen, Gloppen Folkebibliotek, Firda vgs, festivalane og det frivillige kulturlivet som ein viktig ressurs for kommunen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – 10 år i Trivselhagen - Feire og fornye – Debatt- og arrangements-serie «Mauren i mold» – Vidareføring av «Newtonklubben»
H	<i>Sikre eit breitt tilbod i kulturskulen, der barn og unge kan utvikle seg i ulike sjangrar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> –
I	<i>Utvikle Gloppen Folkebibliotek som møteplass og verkstad for oppleveling og læring i kvardagen, både fysisk og digitalt. Styrke arbeidet med aktiv formidling av kunnskap og kultur inn mot alle aldersgrupper.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Planlegge meirope bibliotek – Vidareføre Bibkafé: Møteplass dagtid m/lese- og digitale tips – SommarLes: Leseaksjon for barn – Prosjekt: Bibliotektimar 1., 2., og 3. trinn grunnskule – Generelt: Fokus på kvalitet og utvikling i kvardagen
J	<i>Sette av areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre. Møteplassane skal ha universell utforming, kunne brukast av folk i alle aldrar og tilretteleggast for fleir bruk. Menneske med ulik</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikle samarbeidet med landsbyrådet og utviklingslag i Breim og Hyen rundt tema tettstadutvikling

	<i>etnisk bakgrunn og livssyn skal ha gode møteplassar i Gloppen.</i>	
K	<i>Regulere for fortetta bustadbygging i nærleiken av barnehagar og skular.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Støtte opp om private reguleringsplanar som legg til rette for dette – Nye område og eventuell utviding av eksisterande bustadområde vil bli konkretisert når ny arealdelen er vedteken
L	<i>Arbeide for samanhengande gang- og sykkeltrasear mellom bustadområde, barnehage, skule og arbeidsplassar gjennom oppfølging av kommunen sin Trafikktryggingsplan og ved å utarbeiding av ein sykkelstrategi.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Midlar til planlegging av gang- og sykkelveg frå Vonheim til Fitje vedteke i fylkestinget 2017 – Gjennom arbeidet med arealdelen greie ut om det er mogleg å lage ein gang-/og sykkelveg frå Evebø til Åsen. – Utarbeide ein sykkelstrategi som tydeleggjer kommunen sine prioriteringar og beskriv tiltak som er med å bygge oppunder intensionane i samfunnssdelen
M	<i>Kommunen skal ha ein offensiv bustad-politikk og til ei kvar tid ligge i forkant med bustadtilbod i heile kommunen. Ha god oversikt over, og i samarbeid med private utbyggjarar og utviklingslag, marknadsføre ledige tomter i kommunale og private bustadfelt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen skal gjennom arbeidet med arealdelen legge til rette for utvikling og vekst i tilknyting til alle tettstadane våre, der dette ikkje alt ligg inne i gjeldande arealdel – Sette i gang reguleringsplanarbeid for nye kommunale felt – I samarbeid med utviklingslaga og utbyggjarar marknadsføre nye bustadomter, og stimulere utbyggjarar til å tilby gjennomgangsbustader/ utleige
N	<i>Investere i private bustadprosjekt i sentrum av tettstadane våre, utifrå kommunen sine behov for bustader, for å bidra til at dei blir gjennomførte og for å kunne tilby kommunale bustader i fleire av tettstadane våre.</i>	
O	<i>Planlegge langsiktig og skape føreseielege rammer for dei som vil flytte til og etablere seg i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen skal satse på kultur som ein viktig faktor for å få folk til å busette seg å drive nærings-verksemrd, og som gjer det attraktivt og godt å bu i kommunen – Følgje opp og realisere vedtekne kommunedelplanar
P	<i>Vere pådrivar for eit betre kollektivtilbod i kommunen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Arbeide for å få til eit korresponderande rutetilbod frå Skei til Sandane for bussar som kjem t.d. frå Oslo – Arbeide for å få tilpassa rutetider til Hyen

NÆRING OG ARBEID

Dette skal vi gjere ilag:

3.3. 1	STRATEGIAR – Dette skal vi gjere ilag:	TILTAK 2020
A	<i>Legge til rette for bruk av ny kommunikasjonsteknologi og ligge forkant av den digitale utviklinga i etablering og utvikling av arbeidsplassar. Teknologien skal opne for samhandling med kollegaer, kundar og marknader i heile verda. Du skal kunne bu i Gloppen og jobbe kvar du vil.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Nordfjordrådet held fram å ha fokus på å utvikle samspelet mellom næringslivet, offentleg sektor og FOU-miljø

B	<i>Saman med resten av Nordfjord jobbe for å behalde flyplassen vår, som er ein viktig føresetnad for vidare utvikling av kultur- og næringslivet i Gloppen og regionen, og som opnar for å bu landleg og jobbe nasjonalt og internasjonalt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – «Flyplassgruppa» - samansett av lokale politikarar og næringsliv i Nordfjord tek initiativ til møte med Avinor når nye anbod skal lysast ut eller rutetilbod står i fare
C	<i>Jobbe for utbetring av vegar som er viktige for at Gloppen skal vere ein del av eit større og meir dynamisk bu- og arbeidsområde, som E39 på strekninga Byrkjelo-Sandane, fylkesveg 615 og bygging av bru Anda-Lote.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Gloppen kommune og Midtvegen 615 AS jobbar som pådrivarar for å få sette i gang arbeid med ny kommuneplan Hyen – Høgemuren – Fylkestinget har vedteke at det skal settast av planleggingsmidlar i 2019 til bygging av gang og sykkelveg mellom Vonheim og Fitje – Nordfjordbrua AS jobbar vidare med forprosjekt for teknisk bruløsing mellom Anda – Lote
D	<i>Utruste skuleelevene med kunnskap om nye teknologiar og digitalisering. Kompetansebygginga må starte tidleg i grunnskulen, og utviklast i eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Halde fram å oppgradere IKT utstyret og sikre kompetansen til tilsette i bruken – Nytt oppvekstadministrativt system som vil gje nye mogelegeheter til digitalisering –
E	<i>Innføre mentorordning for nyetablerarar og gründerar, og skape kultur for å heie fram dei som tek initiativ og som tør å satse.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Næringslivet stiller med mentorar i ulike roller og fag, dersom nyetablerarar har behov for dette – Tilby kontorfellesskap og kompetansemiljø i nytt NTU-bygg i Mona – Vere ein aktiv vertskommune for NoMil
F	<i>Jobbe for å styrke og utvikle Firda vidaregåande skule som er svært viktig for både kommunen og næringslivet i Gloppen.</i> <i>Utnytte potensiale for tilflytting og rekruttering av kompetanse som ligg i både Firda vgs og Nordfjord folkehøgskule.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Styrke alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord gjennom eit tettare samarbeid – Innføre faste årlege møte mellom kommunaleiinga og leiinga på Firda vidaregåande skule – Utvikle felles prosjekt mellom kommune og Firda – Legge felles strategi i høve utviklinga av Firda i det nye Vestland fylke
G	<i>Støtte opp om musikk - dans - drama ved Firda vidaregåande skule som einaste i fylket, og det viktige samspelet med det profesjonelle musikklivet i kommunen – kulturskulen og distriktsmusikagruppa.</i>	<ul style="list-style-type: none"> –
H	<i>Utvikle næringspotensialet i kulturlivet i Gloppen, og ta initiativ til nettverksbygging med andre kulturaktørar i regionen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Bevisstgjere næringslivet på kva eit godt kulturtilbod har å seie for attraktiviteten til kommunen, både når det gjeld busetnad og etablering av næringsverksemder. – Halde fram med det gode samarbeidet mellom Nordfjordkommunane
I	<i>Styrke og marknadsføre Gloppen som ein av landets fremste kulturkommunar. Setje Gloppen på kartet gjennom fyrtårnsarrangement.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Halde fram med støtteordningar til festivalane

J	<p><i>Legge til rette for utvikling av småskalaturisme, kortreiste matopplevelingar, aktivitetar og kulturtilbod for besökande.</i></p> <p><i>Gloppen skal marknadsføre Nordfjord som aktivitets- og opplevingspark for tilreisande, og bidra med opplevelingar som styrker Nordfjord sin profil.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre og utvikle festivalane våre – Bønder og reiselivsaktørar i Kandal samlar seg om å bygge merkevara Kandal – Rekoringen er etablert: Lokalmatprodusentar i Gloppen styrker sin posisjon innan kortreist mat og drikke – Jobbe for å få fleire utleigeeiningar i form av utleigehytter, bobil-/campingplassar og anna overnatningskapasitet – Marknadsføring og ferdigstilling av stisykkelsenter på Vereide – Ta i bruk og marknadsføre Trivelsskog-område «Trygg i naturen» som vart opna hausten 2018 – Marknadsføre Gloppen som ein turistdestinasjon – Lansere «Nordfjordryggen» som ei vandrute frå Utvikfjellet til Sandane via Trivelsskogen
K	<p><i>Sikre verdifulle kulturminne og kulturmiljø for komande generasjonar gjennom oppfølging av kulturminneplanen.</i></p> <p><i>Det skal leggast større vekt på formidling av kulturminne, i samspel med reiselivsaktørar, privat personar, skule og frivillige lag og organisasjonar.</i></p> <p><i>I Gloppen har båtbyggjartradisjonen ein unik historisk verdi som immaterielt kulturminne.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Støtte opp om prosjektet bevaring av Holvikejekta – Gjennomføre merking av historiske bygg og stader i samarbeid med Sogelaget – Gjennomføre prosjektet bygging av Nordfjordfæring – vidareføring av kompetanse/ handverkstradisjon
L	<p><i>Utforske og utnytte handlingsrommet som ligg i det «grøne skiftet» og framveksten av nye teknologiar.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Fleire bedrifter i Gloppen ligg i forkant innan det grøne skifte – som t.d. Brødrene Aa, Strukturplast, TINE-Meierier, SFE og NoMil – Vidareføre Energinettverk Nordfjord – Arrangere ein «Grøn næringsutviklings-konferanse» – Utviklingsprosjekt Biogass-anlegg NoMil – Landbruket som leverandør av råvarer/ husdyrgjødsel, og får i retur biorest/ biodiesel – Vidareføre landbruksprosjekt «Landfrag»
M	<p><i>Gjennom prosjektet «Grøn skule» skal barnehagane og skulane i Gloppen ta ei aktiv rolle i det grøne skifte i samarbeid med «Klima og miljø» ved Firda vgs og næringslivet. Målet med prosjektet er auka kunnskap om klima og klimasmart matproduksjon hos komande generasjonar.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Tydeleggjere kva som meinast med klimasmart matproduksjon – fokus på lokal mat. – Innføre kortare spreiefrist for å redusere utslepp – Vidareføre «Landfrag» - prosjektet
N	<p><i>Tidleg identifisere behovet for nye område eller lokale for industri og næring, gjennom tett dialog mellom kommune og næringsliv.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Vurdere behov og sjå på plassering av nye næringsareal i samband med vedtak om ny E39-trasè gjennom Byrkjelo – Drøfte eventuelle nye næringsareal i Hyen og i området rundt Gloppefjorden

Gloppen kommune skal:

3.3.2	STRATEGIAR – Gloppen kommune skal:	TILTAK 2020
A	<i>Gjennomføre kommunestyret sitt vedtak om fiber til alle i Gloppen innan 2020.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Prosjektet er fullført
B	<i>Vere ei drivkraft i samarbeid med næringslivet i å ta i bruk ny kommunikasjonsteknologi.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak planlagt så langt! – Sette tema på agendaen i møte med Gloppen næringsorganisasjon i 2021
C	<i>Jobbe aktivt for å rekruttere fleire ungdomar inn i næringar som er store i Gloppen, t.d. kompositt, bygg og anlegg, landbruk og mekaniske fag.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Delta på rekrutterings-messer i lag med Nordfjordkommunane – Oppmøde lokale bedrifter i Gloppen til å ta inn fleire lærlingar
D	<i>Jobbe for at lokale vidaregåande skular på Sandane, Eid, Stryn og Førde tilbyr dei utdanningane vi treng i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikle samarbeid mellom dei 4 vidaregåande skulane i Nordfjord – Basert på dei ulike skulane sine fortrinn, jobbe for å oppretthalde og styrke dei fire skulane i regionen. – Utgreie behovet for ein partnarskapsavtale mellom Nordfjordrådet og fagopplæringsnemnda i fylket for å auke tal læringsplassar
E	<i>Vere ein god vertskommune, og legge til rette for utvikling av nye næringar som tilfører kommunen eit større mangfold av spennande, framtidsretta arbeidsplassar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen etablerer ein plan for opparbeiding av næringsareal (<i>Dette vil bli ivaretake i arbeidet med ny arealdel og i ny strategiplan for næring og reiseliv</i>).
F	<i>Kjempe for å få statlege arbeidsplassar til Nordfjord.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Gjennom politiske parti og felles fokus i Nordfjordrådet – Etablere ein strategi for å vere i posisjon for utflytting av statlege/offentlege arbeidsplassar
G	<i>Halde oppe og utvikle mangfaldet vi har av gode kultur- og idrettsarenaer, og sikre at Trivselshagen Bad og Idrett er ein attraktiv arena for nasjonale og regionale arrangement.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Auke stillingsprosent til gjennomføring av arrangement/aktivitet i Trivselshagen (heile Trivselshagen) – Vere ein attraktiv arena for regionale og nasjonale stemner/arrangement. – Halde fram med driftsstøtte til ulike kulturtilbod – Biblioteket og kulturskulen har jamleg samarbeidsprosjekt, og dette vil vi halde fram med
H	<i>Utnytte utviklings- og næringspotensialet som ligg i at Byrkjelo blir eit sentralt knutepunkt i fylket, og ved E39.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – «Kommunedelplan for E39 Byrkjelo – Grodås» vart vedteken i 2020 – Vurdere nye næringsareal i samband med revidering av arealdelen
I	<p><i>Sikre framtida gjennom å ta vare på matjord, både gjennom kommunale vedtak og i arbeidet med å påverke statlege avgjersle.</i></p> <p><i>Der dyrka jordbruksareal må takast i bruk, skal dette erstattast i form av gjenbruk av matjorda på jordbruksareal i aktiv drift eller ved nydyrkning.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – I 2020 har vi oppdatert kjerneområde landbruk i samband med rullering av arealdelen – Vurdere etablering av «jordfonn» – der reguleringsplan tek mykje jord – må det betalast for nydyrkning – Vurdere etablering av «jordpool» - fordele fulldyrka jord til andre som treng den

J	<i>Gjennom ny sentrumsplan sette av areal til framtidsretta næringsutvikling i sentrum av Sandane, i kombinasjon med bustader og nye møteplassar</i>	<ul style="list-style-type: none">– Områdereguleringsplanen vart vedteken i kommunestyret i september 2020.– Ta opp utbyggingsavtaler som tema i forhandsmøte med utbyggjarar ved private reguleringsplanar
K	<i>Så langt mogleg handle lokalt og på den måten fremje lokalt næringsliv.</i>	<ul style="list-style-type: none">– Vurdere ein ny innkjøpsstrategi



Formannskapet prøver mobilitetsløypa. Frå mobilitetsveka 2020. Foto: Siv Kvalvik Haugen.

Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitelet følgjer den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

Hovudtal for 2020

Utvilsmål	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbruk i %	Rekneskap 2019
Formannskapet	36.458.574	23.439.000	156	29.811.805
Oppvekstutvalet	157.480.864	168.464.000	93	161.269.722
Helse- og omsorgsutvalet	175.141.169	186.717.834	94	184.769.603
TMK-utvalet	(40.283.161)	50.339.500	80	(49.076.778)
- teknisk og landbruk	23.391.563	31.005.500	75	31.472.337
- kultur og idrett	16.891.598	19.334.000	87	17.604.441
Sum hovudutval	409.363.768	428.960.334	95,43	424.927.908

Formannskapet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Regnskap 2020	Budsjett 2020	%- forbruk	Regnskap 2019
10000 Politisk styring				
Utgifter	2.717.023	2.911.000	93	2.889.329
Inntekter	-31.924	-39.000	82	-58.732
Sum	2.685.099	2.872.000	93	2.830.597
11000 Kontroll og revisjon				
Utgifter	1.042.125	1.074.000	97	810.738
Inntekter	0	-1.000	0	-51.718
Sum	1.042.125	1.073.000	97	759.020
12010 Administrativ leiing				
Utgifter	6.338.318	6.863.000	92	6.592.982
Inntekter	-24.619	-66.000	37	-620.793
Sum	6.313.699	6.797.000	93	5.972.189
12020 Økonomiavdeling				
Utgifter	7.110.868	7.352.000	97	7.139.696
Inntekter	-1.515.058	-1.418.000	107	-2.219.690
Sum	5.595.809	5.934.000	94	4.920.006
12030 Servicetorg				
Utgifter	1.915.798	2.008.000	95	1.920.237
Inntekter	-37.722	-40.000	94	-34.370
Sum	1.878.076	1.968.000	95	1.885.867
12040 Felles IT-drift				
Utgifter	6.205.165	5.782.000	107	5.605.847
Inntekter	-137.023	-259.000	53	-229.865
Sum	6.068.142	5.523.000	110	5.375.981
12050 Skatteoppkrevjing				
Utgifter	2.154.394	1.641.000	131	1.763.482
Inntekter	-1.043.442	-1.150.000	91	-497.012
Sum	1.110.952	491.000	226	1.266.470

Årsmelding for 2020

12060 Arkivtenesta				
Utgifter	1.924.431	1.690.000	114	1.899.554
Inntekter	-22.890	-40.000	57	-238.086
Sum	1.901.542	1.650.000	115	1.661.468
12070 Personalkontor				
Utgifter	954.531	-9.939.000	-10	1.179.927
Inntekter	-10.539	-14.000	75	-99.856
Sum	943.992	-9.953.000	-9	1.080.070
12090 Anna felles drift				
Utgifter	3.257.114	3.247.000	100	3.343.336
Inntekter	-476.592	-371.000	128	-335.498
Sum	2.780.522	2.876.000	97	3.007.838
12100 Egedomsforvaltning				
Utgifter	23.113	0	0	0
Sum	23.113	0	0	0
18000 Diverse fellesutgifter				
Utgifter	105.849	112.000	95	158.868
Inntekter	-8.163	-7.000	117	-4.299
Sum	97.686	105.000	93	154.569
22100 Barnehagelokale og skyss				
Utgifter	26.066	21.000	124	0
Sum	26.066	21.000	124	0
22200 Skulelokale				
Utgifter	35.714	36.000	99	0
Sum	35.714	36.000	99	0
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma				
Utgifter	345.352	269.000	128	278.729
Inntekter	-344.765	-269.000	128	-278.729
Sum	587	0	0	0
24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid				
Utgifter	140.455	138.000	102	141.481
Inntekter	-97.437	-108.000	90	-104.882
Sum	43.017	30.000	143	36.599
26100 Institusjon				
Utgifter	17.515	18.000	97	0
Sum	17.515	18.000	97	0
26500 Kommunalt disponerte bustader				
Utgifter	1.989.242	1.883.000	106	1.772.487
Inntekter	-1.376.539	-1.665.000	83	-1.603.392
Sum	612.703	218.000	281	169.095
28300 Etablering og oppretth. av eigen bustad				
Utgifter	1.308.653	1.503.000	87	2.233.879
Inntekter	-687.463	-711.000	97	-1.655.851
Sum	621.190	792.000	78	578.028
28500 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde				
Utgifter	3.462.875	3.446.000	100	9.401.106
Inntekter	-2.411.375	-4.094.000	59	-11.134.724
Sum	1.051.500	-648.000	-162	-1.733.618
29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)				
Utgifter	5.186.527	1.213.000	428	3.617.629
Inntekter	-5.186.527	-1.213.000	428	-3.617.629
Sum	0	0	0	0

Årsmelding for 2020

30100 Behandling av plansaker				
Utgifter	1.845.878	2.094.000	88	2.003.519
Inntekter	-33.883	-49.000	69	-349.871
Sum	1.811.995	2.045.000	89	1.653.649
31500 Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak				
Utgifter	17.648	0	0	0
Sum	17.648	0	0	0
32000 Kommunal næringsverksemd				
Utgifter	430	0	0	0
Inntekter	-86	0	0	0
Sum	344	0	0	0
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet				
Utgifter	4.418.054	2.696.000	164	1.040.299
Inntekter	-3.110.920	-1.468.000	212	-996.322
Sum	1.307.134	1.228.000	106	43.977
33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak				
Utgifter	297.343	298.000	100	187.500
Inntekter	-37.500	-38.000	99	-37.500
Sum	259.843	260.000	100	150.000
33200 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og parkering				
Utgifter	10.574	6.000	176	0
Sum 33200 Kommunale vegar, miljø	10.574	6.000	176	0
33500 Parkar, torg og idrettsanlegg				
Utgifter	325	0	0	0
Inntekter	-65	0	0	0
Sum	260	0	0	0
35300 Avløpsnett/innsamling av a				
Utgifter	4.556	5.000	91	0
Sum	4.556	5.000	91	0
36000 Naturforvaltning og friluftsliv				
Utgifter	4.412	0	0	0
Inntekter	-50.604	0	0	0
Sum	-46.192	0	0	0
37500 Museum				
Utgifter	54.914	55.000	100	0
Inntekter	-54.914	-55.000	100	0
Sum	0	0	0	0
37700 Kunstformidling				
Utgifter	5.665	6.000	94	0
Inntekter	-1.133	-1.000	113	0
Sum	4.532	5.000	91	0
38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg				
Utgifter	66.122	66.000	100	0
Sum	66.122	66.000	100	0
39000 Den norske kyrkje				
Utgifter	156.813	13.000	1206	0
Inntekter	-30	0	0	0
Sum	156.784	13.000	1206	0
39200 Andre religiøse føremål				
Utgifter	15.923	8.000	199	0
Sum	15.923	8.000	199	0
T O T A L T	36.458.574	23.439.000	156	29.811.805

Merknader til rekneskapen

SAMLA SETT

viser rekneskapen eit meirforbruk på vel 13 millionar. Hovudårsaka til meirforbruket var at ein budsjetterte forventa reduserte pensjonsutgifter på personalområdet (teneste 12070). Dette svarar for 11 millionar kroner.

TIL KVAR TENESTE

10000 Politisk styring har eit mindreforbruk på ca. 187 000 kroner. Dette er innanfor det påreknelege. Tenesta er vanskeleg å budsjetttere først og fremst fordi utgiftene varierer med talet på møte, kva som blir kravd i tapt arbeidsforteneste og ikkje minst kor ofte dei folkevalde sender inn sine refusjonskrav. Det er uråd å budsjetttere med kva endringar som kjem med nye folkevalde etter eit val når det gjeld kostnadene til tapt arbeidsforteneste og refusjon av utgifter.

11000 Kontroll og revisjon har eit mindreforbruk på ca 31 000. Hovudutgiftene på denne tenesta er betaling til kommunerevisjonen (ca. kr 746 000) og betaling for sekretariatet til kontrollutvalet (ca. kr 206 000).

12010 Administrativ leing har eit mindreforbruk på vel 483 000. På denne tenesta blir lønna til rådmannen og sektorleiarane (oppvekstsjefen, helse- og omsorgs-sjefen, teknisk sjef og kultursjefen) ført, til saman 5 årsverk. Hovudårsaka til mindreforbruket er knytt til pensjonsutgifter. Sjå teneste 12070. Totalt enda ein 350 000 kroner under på pensjon og arbeidsgivaravgift.

12020 Økonomiavdelinga har eit mindreforbruk på vel 338 000. På denne tenesta er lønna 9 stillingar i til saman 7,7 årsverk. Mindreforbruket er knytt til pensjon som svarar for 296 000 kroner av avviket.

12030 Servicetorget har eit mindreforbruk på 90 000 kroner. På denne tenesta er lønna 4 stillingar i til saman 3,8 årsverk. Mindreforbruket er knytt til pensjon.

12040 Felles IT-drift har eit meirforbruk på vel 545 000 som skuldast feilbudsjettering når det gjeld utgifter til Nordfjordnett. På denne tenesta er 2 ordinære stillingar og ei tilrettelagt stilling i til saman 2,7 årsverk.

12050 Skatteoppkrevjing har eit meirforbruk på 620 000 kroner. På denne tenesta er lønna ei stilling i 0,7 årsverk. Årsaka er knytt til forseinka statleg gjering av tenesta. Totalt ble avgjersla utsett i 5 månader. Ble 90 % kompensert gjennom auka rammetilskot.

12060 Arkivtenesta har eit meirforbruk på vel 250 000. Dette skuldast deponering av papirarkiv til fylkesarkivet. På denne tenesta er lønna 2 stillingar i 2 årsverk.

12070 Personalkontor har eit meirforbruk på vel 10,9 millionar kroner. På denne tenesta er lønna 1 stilling i 1,0 årsverk. Årsaka til meirforbruket er at forventa lægre pensjonsutgifter for heile kommunen på totalt 11 millionar kroner vart budsjettert her. Dette fører til at alle tenester har for høge budsjetterte utgifter knytt til pensjon og arbeidsgivaravgift. Totalt enda kommunen 3 millionar kroner under budsjett på pensjon og arbeidsgjevar avgift utover dei 11 millionane som vart ført her.

12090 Anna fellesdrift har eit mindreforbruk på vel 95 000. 31 000 er knytt til pensjon resten til varer og tenester.

18000 Diverse fellesutgifter har eit mindreforbruk på 7 000 kroner. Dette er ein «ymse-post» der vi m.a. fører utgiftene med dei tre råda i kommunen, helsingar frå ordføraren, felles opplæring og uføresette utgifter som ikkje høyrer heime andre stader.

23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre er her transporttilbod til eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, til vanleg omtala som drosjekort-ordninga. Servicetorget administrerer denne. Ordninga er finansiert av fylkeskommunen og går i 0.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid er her kontrollarbeidet med sal- og skjenkestadane for alkohol og røyk. Utgiftene blir stort sett finansierte av sals- og skjenkeavgiftene. Det er Nordfjeldske Kontroll AS som utfører kontrollarbeidet. Service-torget administrerer tenesta.

26500 Kommunalt disponerte bustader er her utleige av bustadar. Tenesta har eit meirforbruk på 170 000, og forklaringa på dette er tomleige. Servicetorget administrerer tenesta.

28300 Etablering og oppretthalding av eigen bustad er kommunen sitt «bustadkontor», som er ein del av servicetoget. På denne tenesta er ein tilsett i eitt årsverk. Tenesta har eit lite mindreforbruk. Utanom lønnsutgifter blir her ført renteutgifter og rente-inntekter på startlåna og formidling av stats-tilskot til bustadformål. Denne tilskotsordninga blir lagt om frå 2020.

28500 Tenester utanfor ordinær kommunalt ansvarsområde Netto er denne tenesta i balanse, og nettoutgifa er først og fremst tilskot til TV-aksjonen. På denne tenesta fører vi utbygginga av breiband til

alle innbyggjarane i Gloppe. Ved ein feil hadde fylkeskommunen gitt oss tilsegn om for mykje breibandsstøtte. Svikten i resultatet er ei direkte følgje av den reduserte støtta.

29000 Interkommunale samarbeid er vår verkskommuneoppgåve for Nordfjordsamarbeidet. Denne tenesta skal gå i 0. Gloppe kommune sin del av utgiftene er ca 237 000, og dette er ført på teneste 10000.

30100 Behandling av plansaker er plan- og utgreiings-avdelinga i staben, med tre tilsette i 2,6 årsverk. Tenesta har eit meirforbruk på nesten 350.000 og dette skuldast at vi ikkje har hatt nok prosjekt i 2019 å fordele lønn på, slik vi la opp til i budsjettet.

32500 Tilrettelegging og hjelpe for næringslivet er innanfor budsjett.

33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak viser eit meirforbruk på vel 120 000. Dette skuldast at vi ikkje hadde fondsmidlar til å dekke tilskotet til Nordfjordbru AS slik det var lagt til grunn i budsjettet.

Tenesteområda 121000, 22100, 22200, 26100, 31500, 32000, 33200, 33500, 35300-39200 er i all hovudsak knytt til festeavgifter. Desse vart ført på formannskapet sitt område under ein opprydding. De vil bli flytta til samfunn og berekraft i framtida.



Heradspllassen i juleskrud. Foto: Siv Kvalsik Haugen.

Oppvekstutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Regnskap 2020	Buds(end) 2020	%- forbruk	Regnskap 2019
20100 Barnehage				
Utgifter	56.844.221	58.066.000	98	55.710.633
Inntekter	-7.557.827	-7.233.000	104	-7.581.398
Sum	49.286.394	50.833.000	97	48.129.235
20200 Grunnskule				
Utgifter	89.948.819	94.720.000	95	93.377.382
Inntekter	-11.701.228	-9.697.000	121	-11.834.922
Sum	78.247.591	85.023.000	92	81.542.460
21100 Styrka tilbod til førskulebarn				
Utgifter	7.109.571	6.589.000	108	5.600.435
Inntekter	-114.297	-74.000	154	-227.228
Sum	6.995.274	6.515.000	107	5.373.207
21300 Vaksenopplæring				
Utgifter	7.456.455	8.304.000	90	7.494.293
Inntekter	-3.746.122	-3.085.000	121	-3.933.687
Sum	3.710.333	5.219.000	71	3.560.607
21500 Skulefritidstilbod				
Utgifter	3.751.340	4.226.000	89	4.069.997
Inntekter	-1.979.940	-1.980.000	100	-1.811.477
Sum	1.771.400	2.246.000	79	2.258.520
22100 Barnehagelokale og skyss				
Utgifter	35.677	0	0	0
Inntekter	-7.135	0	0	0
Sum	28.541	0	0	0
22200 Skulelokale				
Utgifter	828.955	4.979.000	17	5.185.148
Inntekter	-165.791	-1.000.000	17	-1.035.630
Sum	663.164	3.979.000	17	4.149.518
22300 Skuleskyss				
Utgifter	2.216.461	2.435.000	91	3.019.395
Inntekter	-166.758	-338.000	49	-332.030
Sum	2.049.703	2.097.000	98	2.687.365
23200 Førebygging - helsestasjon				
Utgifter	5.773.289	6.290.000	92	5.968.660
Inntekter	-1.403.460	-1.185.000	118	-1.394.796
Sum	4.369.829	5.105.000	86	4.573.864
24400 Barnevernstenesta				
Utgifter	3.357.316	3.534.000	95	3.783.140
Inntekter	-762.749	-809.000	94	-1.023.733
Sum	2.594.567	2.725.000	95	2.759.408
25100 Barnevernstiltak i familien				
Utgifter	1.516.059	1.879.000	81	2.585.962
Inntekter	-1.118.876	-1.038.000	108	-1.058.642
Sum	397.183	841.000	47	1.527.321

Årsmelding for 2020

25200 Barnevernstiltak utanfor familien				
Utgifter	3.712.758	4.178.000	89	5.245.261
Inntekter	-336.181	-297.000	113	-534.832
Sum	3.376.578	3.881.000	87	4.710.429
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering				
Utgifter	677.865	0	0	0
Sum	677.865	0	0	0
25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen				
Utgifter	-3.379	0	0	0
Sum	-3.379	0	0	0
29000 Interkommunale samarbeid				
Utgifter	2.174.441	2.671.000	81	3.280.346
Inntekter	-2.174.441	-2.671.000	81	-3.282.558
Sum	0	0	0	-2.212
38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg				
Utgifter	4.144.776	0	0	0
Inntekter	-828.955	0	0	0
Sum	3.315.821	0	0	0
T O T A L T	157.480.864	168.464.000	93	161.269.722

- er lik inntekter/mindreforbruk.

SAMLA SETT

Samla sett er avviket mellom budsjett og forbruk stort. Forbruket var på 93 % av endeleg budsjett. Mykje av grunnen til det er Koronapandemien og beskjeden ut om å bruke så lite pengar som mogeleg på grunn av den kommunale økonomien som peika på eit underskot. Ser vi på inntektssida så har den auka vesentleg meir enn utgiftsida. Det er og gjort nokre grep som mindre internfakturering og nokre området er flytta t.d. skulelokale som er flytta til eiga tenesta, kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg. Det gjeld husleiga for oppvekst som er knytt til Trivselshagen.

20100 Barnehage

Det er drifta av kommunale barnehagar og driftstilskot til dei private barnehagane. Dei kommunale barnehagane har drifta godt innanfor sitt budsjett og har eit mindreforbruk i forhold til budsjett. 40% av PPT ligg under denne tenesta og har og eit mindreforbruk som følge av sjukmeldingar. Driftstilskot til dei private barnehagane var omtrent på budsjett med eit lite meirforbruk på kr 70 000,- Det inkluderer etterbetaling for 2019 med rundt ein million.

20200 Grunnskule

Grunnskulane er Breim, Nordstranda, Sandane, Hyen og Gloppen ungdomsskule. I tillegg ligg 60% av PPT på denne tenesta. Alle skulane har eit mindreforbruk i 2020. Det er først og fremst på lønsbudsjettet mindreforbruket er, i tillegg fekk vi omtrent 2 millionar meir i refusjonar enn budsjettert.

21100 Styrka tilbod til førskuleborn

Området omhandlar ressursar til dei som treng spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging i barnehagane både dei kommunale og private. Her er det eit meirforbruk på kroner 480 000,- Det skuldast

fleire enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging i barnehagane.

21300 Vaksenopplæring

Området er drifta av Gloppen opplæringssenter (GOS). Her er det meir inntekter i form av norsktilstskot frå staten som utgjer skilnaden. Budsjettet er generelt for høgt i forhold til dei faktiske utgiftene.

21500 Skulefritidstilbod (SFO)

Det er SFO på Nordstranda, Sandane, Breim og Hyen. Det er eit mindreforbruk totalt sett i tenesta. Inntektene var på budsjett, men utgiftene til drift var lågare i form av lønsutgifter.

22100 Barnehagelokale og skyss.

Føringsa på denne tenesta er skyssutgifter knytt til barn med spesielle tiltak i delar av 2020.

22200 Skulelokale

Tenesta her er kostnaden med Trivselshagen for oppvekst sin bruk av anlegget. Denne tenesta vart i 2020 flytta over til tenesta 38100 som er rett i forhold til KOSTRA. Difor er utgiftene ført både på denne tenesta og på tenesta 38100.

22300 Skuleskyss

Det er kommunen sin del av skuleskyssen, både for dei som får skyss fordi vi har definert skulevegen som farleg, og den satsen som vi betalar for alle som har skuleskyss avhengig av avstand til skulen.

Rekneskapen her er omtrent på budsjett, med eit lite mindreforbruk. Hadde det ikkje vore for stengde skular på våren 2020 som følgje av Korona og ein busstrik på hausten 2020, så hadde nok vi hatt eit meirforbruk på denne tenesta i 2020.

23200 Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste

Er drifta av Helsestasjonen. Det er inkludert kjøp av jordmortenester frå Helse Førde. Mindreforbruket er stort sett på løn. Det kan skuldast at vi har hatt prosjektmidlar som har vore nytta til både helsejukepleiar og jordmortenester. Det har nok ikkje vore godt nok budsjettert.

Barnevernstenesta (24400, 25100, 25200)

Området er delt i tre. Sjølve barnevernstenesta som omfattar sakhandsamarstillingane, barnevernstiltak i familien som er tiltak i familiene etter vedtak og siste området er barnevernstiltak utanfor familien. Samla så er det eit mindreforbruk på i overkant av ein million kroner. Størstedelen av det er mindreforbruk på barnevernstiltak i familien med om lag 440 000,-

kroner og om lag 500 000,- for tiltak utanfor familien. Det reflekterer sakene vi har hatt og at det er avslutta saker som har kosta oss, samtidig som det har kome få nye kostnadsdrivande saker. Det har vore vakant stilling i barnevernstiltak i familien i delar av 2020, som forklarar avviket der.

25300 Pleie, omsorg og rehabilitering i inst.

Ei ny teneste som ikkje har vore nytta i oppvekst før. Det er ressurskrevjande brukarar som er i skulane, der utgiftene vert ført på denne tenesta. Det vert på den andre sida tilført inntekter som kommunen får til denne gruppa, men dei inntektene er ført på teneste 2020.

25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Beløpet her må skuldast ei feilføring.

29000 Interkommunale samarbeid

Dette er ei teneste som totalt sett skal gå i 0. Eventuelt overskot eller underskot vert ført mot fond. Dette er pengar som region Nordfjord får gjennom ulike sentral ordningar som skal gå til kompetansehevande tiltak i regionen først og fremst innanfor barnehage og grunnskule. Gloppen er forretningsførar for tida.

Kva har vi fått til i 2020?

Kommunen sitt handlingsprogram som er knytt til samfunnssdelen i kommuneplanen har mange områder som kryssar inn på eller er oppvekstsektoren sitt ansvar.

Frå handlingsprogram 2020:

Gripe fatt i utfordringar tidleg, før dei veks seg store – førebygge framfor å reparere.

Det grunnleggande prinsippet i Gloppen skal vere BTI, Betre Tverrfagleg Innsats og i det ligg det tidleg innsats. Gloppen er med i prosjektet og brukar ressursar på å utvikle system og rutinar for å klare å jobbe etter dette. Prosjektet i form av prosjektmidlar er avslutta i 2020.

Gje alle barn høve til å utnytte potensialet sitt ut i frå sine føresetnader, og styrke fokuset på inkludering i barnehagar og skular.

Oppvekstsektoren er med på prosjektet Inkluderande barnehage og skolemiljø (IBOS). I 2020 har det vore gjennomført kurs for foreldre og tilsette. Det har vore fleire økter med tema mobbing både for tilsette i barnehage og skule, innleiar har vore Guttorm Helgøy.

Sikre gode overgangar i heile livsløpet til glopparane.

Utruste skuleelevarane med kunnskap om nye teknologiar og digitalisering. Kompetansebygginga må starte tidleg i grunnskulen, og utviklast i eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv.

I 2020 hadde vi omtrent 1:1 dekning på datautstyr til våre ungdomsskuleelevar.

Jobbe for å styrke og utvikle Firda vidaregåande skule som er svært viktig for både kommunen og næringslivet i Gloppen.

Gloppen kommune har gjennom GOS eit kompetansesenter for norskopplæring og grunnskule for vaksne. GOS har samarbeidd godt med Firda vidaregåande skule i høve utdanningsløp på grunnskulenivå og vidaregåande nivå. NAV / flyktningtenesta fekk prosjektmidlar for å forske på Gloppen-modellen. Denne modellen er no kjend over heile Noreg og har bidrige til svært positiv omtale av kommunen vår.

Gjennom prosjektet «Grøn skule» skal barnehagane og skulane i Gloppen ta ei aktiv rolle i det grøne skifte i samarbeid med «Klima og miljø» ved Firda vgs. og næringslivet. Målet med prosjektet er auka kunnskap om klima og klimasmart matproduksjon hos komande generasjonar.

Her har det ikkje vore gjort noko spesielt i 2020.

Jobbe for at lokale vidaregåande skular på Sandane, Eid, Stryn og Førde tilbyr dei utdanningane vi treng i Gloppen.

Det har vore jobba med nærskulemodellen ved innsøking til vidaregåande skule i 2020.

Stikkord frå aktivitetar som har vore gjennomført for å nå overordna mål

Skulane

Fagfornyinga

- Foredrag i nettverksmøter for alle tilsette
- Nettverk Nordfjord med fagsamlingar for lærarar
- Nettverk i Nordfjord for leiarar i skule (LUIN)

Skulemiljø:

- IBOS, Inkluderande barnehage og skulemiljø
- Deltaking på nasjonalsamling for rektorar
- Deltaking på digitale samlingar for rektorar
- Digitale samlingar for alle lærarane våre med tema mobbing ved Guttorm Helgøy.

Overgangar

- Eigen plan overgangar frå helsestasjon til ungdomsskule, for å sikre elevane i størst mogleg grad tilpassing og trygge rammer.

Datamaskiner

Alle ungdomsskuleelevar har i 2020 fått ein til ein dekning med datamaskiner. 10. klasse på GU har ikkje fått eigne maskiner, men har gjennom maskinene som er på skulen 1:1 dekning.

Barnehagane

- Opptak: Ny avdeling Søreide planlagt, men ikkje behov for. Tilsette gjekk til Breim som hadde behov for arbeidskraft. Fekk nytta personalressurs utan meirkostnad for kommunen.

- Sjukefråvær: Medarbeidarkartleggingar med godt resultat både i Mona og Breim. Sjukefråvær framleis utfordrande.

- Introduksjon av REKOMP prosjekt i oktober 2020 der Breim og Mona barnehage i fellesskap skal arbeide med å få ned sjukefråvær gjennom arbeid med «tilstadeverande vaksne, medverkande barn i garderobesituasjon». Her er Høgsskulen på Vestlandet inn som samarbeidspart og rettleiar.

Resultatleiring:

- Etter repetisjon av alle fokusområda starta ein arbeidet med fokusområde «Tilbakemelding mellom personalet i barnehagekvardagen». Noko endringar gjort for å få meir tyngde på lurt-lært-gjort (kafédialog) framfor meir tidskrevande presentasjonar. Fagkveld i eigen barnehage grunna smittevern.

- Utfordrande i 2020: Covid-19 og problemstillingar knytt til det (informasjonsplikt/personvern, kohortar, vasking, auka fråvær knytt til karantenetid ved testing

etc.). Budsjettkutt der rettesnora for kutta var kva som er lovpålagt/ikkje lovpålagt.

- Smittevern har prega barnehagekvardagen mesteparten av 2020, der har vore gjort mange vurderingar undervegs. Det har også kome mange positive ting ut av dette som vi kan ta med oss i vidare framover. (betre hygiene – færre krysningar og mindre sjukdom generelt sett, gruppedeling – mindre grupper, betre oversikt, meir ro, fleire moglegheiter på ein annan måte som fleire og lengre turar.

Kreativitet og nye løysningar, minus har vore overgangsarbeid der vi ikkje har fått gjort det vi vanlegvis gjer for å bli kjende på tvers.

- Vigilo: Samordna opptak gjennomført for første gang. Ulike opptakskriterier i dei ulike barnehagane skapte krøll i systemet, vert retta til 2021. Vigilo vart teke i bruk på alle avdelingar oppmøtere registrering og kontakt med heimane.

- Foreldresamarbeid: Line Mevold (januar 2020). Fokus livsmeistring og robuste barn. Heng saman med IBOS prosjektet.

- 2020 har gjort barnehagane meir digitale t.d. møte på tvers. Reduserte skyssutgifter og tid spart. Barnehagane legg opp til både fysiske og digitale møte framover.



Viktige hendingar og nøkkeltal i 2020

For meir detaljar og statistikk viser vi til oppvekstmeldinga som vart behandla i kommunestyre februar 2021.

Skulane

Hyen skule:

Hyen skule har pr i dag 49 elevar fordelt på 10 årstrinn. Det betyr at skulen er fådelt med litt ulik organisering i ulike fag. Barnehagen har hatt ansvaret for SFO tilbodet i Hyen. 2020 var første året med vanleg drift i Idrettsbygget etter oppussinga. Det har skapa god entusiasme både for skulen og for dei som driv aktivitetar der på kveldstid. Ikkje minst har det vor viktig å igjen kunne drive symjeopplæring etter krav i opplæringslova.

Elles har det vore brukt mykje tid på planlegging av ny skule i Hyen, som likevel ikkje vart starta som tenkt i 2020. Dette har skapt stor frustrasjon både blant elevar, tilsette og foreldre.

Elevane gjev uttrykk for at dei trivs i skulekvardagen, både i opplæring og i sosial omgang med kvarandre, noko som er gode tilbakemeldingar. Dei tilsette uttrykker at dei har eit godt arbeidsmiljø, men til tider stort arbeidspress.

Korona har overskygga mykje dette siste året. Kjekke felles aktivitetar, som påskeavslutning/tradisjonell 17.mai feiring/skuleturar/julefest, har vi måtte avlyse eller laga erstatningar for. Gledeleg er det difor at ein på dugnad fekk til eit flott møtelokale for elevane i kjellaren på samfunnshuset. Her har ein kohortvis kunne hatt fine arrangement. Med god plass i gymsalen fekk vi takka av 10.klasse på ein verdig og fin måte våren 2020. Alt innanfor smittevernreglane.

Sandane skule:

Sandane skule har skuleåret 21/22 eit elevtal på 236 elevar. 14 klasser fordelt på 1.-7. trinn med to parallellear på kvart trinn. Grunna koronaen har det vore eit annleis år, men Sandane skule har fått til mykje innanfor smittevernet til tross for dette. Escape room i gymsalen for dei eldste elevane der dei fekk bryne seg på problemløysing, gledebesøk til omsorgsheimen der dei eldre fekk oppleve elevane på 1.-4. trinn syngje for dei og adventssamling ute på skuleplassen med levande lys og måneskin er berre nokre av dei tinga vi har hatt glede av i dette noko uvanlege året.



Breim skule:

Elevtalet på Breim skule var hausten 2020, 113 elevar, klassestørrelsen har variert mellom 12 til 22 elevar. Korona-situasjonen har sjølvsgått påverka oss, men etter kvart har smittevern, kohortar, avstand og avgrensingar blitt ein del av skulekvardagen. På skulen vår er vi opptekne av å gjere ting i lag på tvers av trinn, turdagar, faddertimar, fellessamlingar i gymsalen, PALS-dag, juleverkstad for å nemne noko, dette merkar vi at vi saknar og gleder oss til å kunne gjere igjen. Likevel ser vi og at dei stramme rammene vi no har, fører med seg ein veldig føreseieleg kvardag for elevane. Klassene er blitt veldig godt samansveisa og det er generelt veldig roleg på skulen. For personalet har det spesielle skuleåret hatt konsekvensar for arbeidet med LK20. Her har vi ikkje fått jobba så godt som vi hadde ønskt og planlagt. I haust hadde 7.klasse nokre kjempefine dagar på Stryn Leirskule. Her var det varierte og kjekke aktivitetar frå morgen til kveld. Noko som absolutt skapar samhald og minner for livet. Elles har vi vore flinke til å bruke nærmiljøet vårt til mykje uteskule. Både området rundt skulen, Eventyrskogen og Lonevatnet er flittig brukt.

Nordstranda skule:

Nordstranda skule har hatt 107 elevar fordelt på 7 trinn.

2020 har vore som for alle andre eit litt spesielt skuleår med heimeskule og mykje smittevern, men tross alt har vi klart å ha ein tilnærma normal skulekvardag etter opninga frå heimeskule våren 2020. 7.klasse fekk reise på leirskule i haust ilag med 7.klasse på Breim skule. Dei reiste til Naturleg Aktiv i Stryn. Der fekk elevane prøve mange ulike aktivitetar

og skapte mange gode minner i strålende sol! Vi fekk dessverre ikkje gjennomført Putti Plutti Pott i november på grunn av Korona, men satsar på å kome sterkare tilbake neste år!

Dette skuleåret har elevane hatt mykje uteskule, og ein ser at dette er ein viktig læringsarena. Vi er og heldige som har mange fine områder i nærleiken av skulen og mange velvillige lokalpersonar som legg til rette for at vi kan nyte desse i skulekvarldagen!

Elles har dei tilsette jobba i nettverk med dei andre skulane i Gloppe med satsinga inkluderande barnehage- og skolemiljø. Fokuset her har blant anna vore på førebygging av mobbing. Elles har dei tilsette jobba ein del med programmering som er ein del av fagfornyinga, og vi har også kjøpt inn ein del utstyr som elevane kan jobbe med. Dette er noko som engasjerer og motiverer, og det er kjekt!

Klatreparken på uteområdet vart ferdig våren 2020, og offisielt opna av ordførar Gloppestad.



Gloppe ungdomsskule

Koronaen har prega året både fagleg og sosialt. Stenginga 12.mars vart ei stor omvelting for skulen. Den digitale læringsstigen var bratt både for elevar og tilsette, og mykje av denne nye kunnskapen har også blitt ein ressurs for undervisninga på skulen framover. Klasseromma vart erstatta av nettrom. Nye program og digitale plattformer vart tekne i bruk på kort tid. Undervisning på nett gav nye utfordringar både for elevar, tilsette og føresette. Elevfleirtalet meldte at dei sakna normal skule og venner, sjølv om nokon gjerne ville halde fram med heimeskule. Mange elevar opplevde saknet og verdien av kvardagsrutinane i samband med stengd skule. Gjennom året har smittevernstiltak avgrensa dei sosiale møtestadane ein del. Elevkveldar har blitt avlyste, og juleballet vart julefest berre for 10.klasse. 8. og 9.klasse fekk sjå programmet i skuletida. Elles har det vore innstrammingar i bruk av område, og kor

mykje elevane kan treffe kvarandre på tvers av cohortar.

På bakgrunn av innspel frå elevar, føresette og personell etter stenginga i mars - mai laga skulen ein plan for dei ulike smittevernivå. I anna utviklingsarbeid har innføring av nye læreplanar for 8. og 9.klasse vore sentralt. Lærarane har brukta mykje tid på å setje seg inni det faglege arbeidet og tilpassing av undervisninga. Skulen er no avhengige av å kjøpe inn nye læreverk for alle elevane framover. Det at læreplanane skulle takast i bruk før nye læreverk var ferdige har lærarane opplevd som uheldig. Dei fleste lærebøkene skulen har er utdaterte, frå starten av 2000-talet (etter førre læreplan, Reform -97). Det var difor heilt nødvendig at elevane i 8. og 9.klasse fekk ChromeBook hausten 2020, slik at dei digitale ressursane vart lett tilgjengelege. Dette har auka dei pedagogiske moglegheitene mykje.

Læringsmiljøet har også vore tema i utviklingsarbeidet. Skulen har delteke i IBOS, kompetanseutvikling for eit inkluderande barnehage og skolemiljø som oppvekstsektoren er deltakarar i. Her har vi hatt stor nytte av gode forelesingar frå kjende ressurspersonar. Dette er eit godt døme på ressursar som har blitt tilgjengeleg på grunn av digitaliseringa i samband med koronapandemien.

Karnilstunet er ein viktig læringsarena som vi brukar kvart år. Her får elevane kunnskap formidla av eldre generasjonar. I juni lærer 8.klassingane om gamle jordbrukstradisjonar av pensjonistar som stiller frivillig opp og lærer vidare til elevar som får forklart og praktisert. I tillegg set dei poteter og grønsaker som dei haustar i september i 9.klasse. Dette blir nytta i faget mat og helse. Elevane grep opp, haustar og reinskar i jorda. Dei fyrer bål og lagar pinnebrød. Elevkokkane kuttar grønsaker og kokar betasuppe til lunsj. Ekte kortreist mat i fantastisk flotte omgjevnader!



Gloppen opplæringssenter:

GOS har arrangert 3 kveldskurs i norsk i 2020. Vi merka ein liten nedgang elevar i denne elevgruppa.

På grunn av koronapandemien var skulen stengt frå 13. mars til 12.mai. Elevane fekk i denne perioden digital undervisning og opplegg tilpassa heimeskule. UDIR avlyste alle grunnskule-eksamenar våren 2020. Men det blei arrangert norskprøve (eksamen) i slutten mai. Trass skulestenginga, var resultata på norskprøven gode, og det viser at det går an å lære norsk også via andre kanalar enn tradisjonell klasseroms-undervisning. Den digitale kompetansen til elevane har blitt styrka i heimeskuleperioden og ved ei eventuell ny skulestenging, står ein betre rusta til å drive digital undervisning, enn i mars.

Skulen hadde ein liten nedgang i elevtalet hausten 2020. Dette skuldast at det var mange som avslutta opplæringa si våren 2020, samstundes som det på grunn av koronasituasjonen, ikkje vart busett nye flyktningar våren og sommaren 2020. Men vi busette derimot mange nye i november og desember. Oppmodinga frå IMDi i høve busetjing av flyktningar i Gloppen kommune komande år er gode. Vi er spurde om å ta imot 24 stk. i 2021. Dette er ein fin auke frå 2020, då oppmodingstalet enda på 13. Dette viser at det gode arbeidet vi gjer på dette området i Gloppen vert lagt merke til. Det er ikkje lenger sjølv sagt at ein kommune vert oppmoda om å busetje flyktningar og

kampen mellom dei kommunane som ynskjer dette er stor.

Vi har godt samarbeid med Stad kommune, og vi selde grunnskuleopplæring til elevar busette i nabokommunen. Vi hadde som tidlegare også i 2020 ei samarbeids-klasse i høve grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom ved Firda vidaregåande skule.

Vi hadde planlagt å arrangere internasjonal fest i Trivselshagen i oktober. Men på grunn av koronsituasjonen, vart denne utsett på ubestemt tid. Vi avslutta 2020 med digital grautfest i Google Meet. Det vart rigga til studio i ulike klasserom. Vi sat klassevis og åt graut, song julesongar og vi gjennomførte ei digital utloddning med årer og gevinstar, før vi ynskte kvarandre god jul og godt nytt år.

Barnehagane

Hyen barnehage. Hadde 10 barn i barnehagruppa. Der 9 barn hadde full plass. Pedagognormen og bemanningsnormen var innfridd i 2020. Barnehagen organisert i ei avdeling, men delt i grupper i løpet av dagen. Har også organisert SFO tilbod for nokre born i barnehagen.

Breim barnehage. Hadde 59 barn i barnehagen, der 4 barn hadde redusert oppholdstid og 55 barn hadde full plass.. Barnehagen er organisert i fem avdelingar. Pedagognormen og bemanningsnormen var innfridd i 2020.

Mona barnehage. Hadde 86 barn i barnehagen, der 5 barn hadde redusert plass og resten hadde full barnehageplass. Både pedagognormen og bemanningsnormen var innfridd i 2020.



Bilete frå Samenes dag.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PPT hadde i 2020 fem tilsette i 100 % stilling, inkludert ressurs til leiing. Tenesta var organisert i to

team. Tre tilsette hadde arbeidsoppgåver knytt til utgreiling og sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, spesialundervisning i grunnskulen, anna sakkunnig arbeid og kompetanse- og organisasjonsutvikling i grunnskulen. Desse stillingane var budsjettert under teneste 20100 Barnehage (40%) og 20200 Grunnskule (60%).

To tilsette var knytt til team for tidleg innsats (TTI,) budsjettert på teneste 21100 Styrka tilbod til førskulebarn. TTI er eit lågterskelttilbod til barn i alderen 0-7 år i barnehage og 1. klasse. Teamet hadde i tillegg til arbeidsoppgåver knytt til einskildbarn ansvar for PPT sitt arbeid med kompetanse- og organisasjonsutvikling i barnehagane. Ei av dei tilsette i TTI var sommaren 2020 ferdig med mastergrad i logopedi.

Statistikken i PPT sitt fagsystem HK Oppvekst blir ordna etter barnehage- og skuleår. Vi har difor ikkje nøyaktige tal for 2020. I 2019/2020 arbeidde vi med til saman 222 individsaker. TTI hadde ansvar for 47 av desse. Ved utgangen av 2020 var det samla talet på aktive saker 168. Frå august 2020 fekk logopeden vår ansvar for direkte arbeid med elvar i grunnskulen med behov for logopedihjelp. Logoped tilsett i lærarstilling ved Breim skule hadde fram til då avsett 20 % av si stilling til dette. Logopeden i PPT gav hausten 2020 direkte logopedihjelp til 13 elevar og 9 barn i barnehage.

Vi dei siste åra hatt mange avvik når det gjeld ventetid for sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning. Udir sine rettleiarar for dette arbeidet seier at det ikkje bør gå meir enn tre månader frå eit barn/ein elev er tilvist PPT til kommunen har gjort vedtak i saka. I desember var ventetida for oppstart av PPT sitt sakkunnige arbeid seks månader frå tilvising.

I 2019- 2020 har vi saman med Statped drive eit nettverk for å styrke barnehage og skule sin kompetanse i alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Barn/elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale har etter lovverket rett til eit ASK-tilbod. I 2020 var det tre heildags nettverkssamlingar. Innhaldet i samlingane var foredrag og rettleiing Personale frå to skular og fire barnehagar deltok.

Ein av dei tilsett er sertifisert som rettleiar i foreldrerettleiings-programmet ICDP. I 2020 hadde ho ansvar for ei ICDP-gruppe (åtte samlingar) saman med ein tilsett frå barnevernstenesta.

PPT har ansvar for å organisere nettverk for spes.ped. koordinatorane på skulane. I 2020 hadde vi fire samlingar. Nettverket har starta arbeidet med å revidere kommune sin plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Barnevernstenesta

Det vart i februar 2021 lagt fram ein tilstandsrapport for barnevernstenesta i Gloppe 2020. Den innehold tal og statistikk. Talet på meldingar syner at vi hadde 49 i 2018, 27 i 2019 og 30 i 2020. Vi kan ikkje utifrå den statistikken seie at Koronapandemien har gjeve utslag på statistikken i Gloppe. Vi har 6 barn under omsorg som er ein nedgang frå 10 i 2018 og 7 i 2019. Vi har samarbeid med Stryn og Stad om akuttvakta utanom kontortid. Vi har samarbeid med Stryn om tiltaksteam på to stillingar. Eine stillinga er finansiert frå Staten. Det same gjeld ei saksbehandlarstilling.

Helsestasjonen

Helsestasjonen har 5 heile helsesjukepleiarstillingar. I tillegg hadde vi ei prosjektstilling som gjekk ut 2020 og som ikkje vart forlenga. Jordmordenesta kjøper vi frå Helse Førde og har vore ei 40 % stilling i tillegg til God start tilbodet på Eid.

I 2020 har vi arrangert to kurs i foreldrerettleiingsprogrammet ICDP, ei gruppe på Tigrinja og ei gruppe på Arabisk. I tillegg hadde vi ei gruppe på hausten i Tryggklekssirkelen (COS) som eit lågterskelttilbod. Det er i 2020 sertifisert to instruktørar i den minoritetspråklege versjonen av ICDP.

Helsestasjonen har fått mange nye oppgåver i samband med Koronapandemien. Det har vore knytt til smittesporing først og fremst. I starten var det å svare ut alle prøvesvar på koronatestar. Tilsette på Helsestasjonen har vore tilkallingsvakter i alle helgar dette året, med tanke på å iverksetje rask smittesporing. Seinare er Helsestasjonen vorte sentrale i vaksineringsprogrammet. Helsestasjonen har ikkje vore tilført ekstraressursar til dette arbeidet. Det betyr at det har gått utover andre oppgåver, spesielt har det vore lågterskelttilbodet på skulane. Dei lovpålagde oppgåvene i Helsestasjonen 0-5 år har vorte prioritert og er gjennomførte.

Av kompetansetiltak har det vore jobba med ammekyndig Helsestasjon, 2 tilsette har delteke på det dette året via webinar i regi av Oslo universitetssjukehus.

Årsmelding for 2020

	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Nyfødde	54	61	54	67	59	60	67	48	70	57	67

Tabell fødselstal, siste 10 år.



Hjartet som Trivelsskogen laga på idrettsplassen på Sandane fekk nasjonal merksemd. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Helse- og omsorgsutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Regnskap 2020	Buds(end) 2020	%- forbruk	Regnskap 2019
23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste				
Utgifter	243.940	267.000	91	265.830
Inntekter	-88.735	-89.000	100	-81.299
Sum	155.205	178.000	87	184.531
23300 Anna førebyggande helsearbeid				
Utgifter	1.282.760	1.200.000	107	1.179.897
Inntekter	-1.046.614	-614.000	170	-594.229
Sum	236.146	586.000	40	585.668
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma				
Utgifter	12.309.630	13.480.000	91	11.305.852
Inntekter	-6.310.233	-6.758.000	93	-5.017.642
Sum	5.999.398	6.722.000	89	6.288.210
24100 Diagnose, behandling og re/habilitering				
Utgifter	20.237.131	20.565.000	98	19.070.981
Inntekter	-4.158.874	-3.314.000	125	-3.405.267
Sum	16.078.257	17.251.000	93	15.665.715
24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid				
Utgifter	5.276.274	6.058.000	87	5.765.347
Inntekter	-814.339	-564.000	144	-155.727
Sum	4.461.935	5.494.000	81	5.609.619
24300 Tilbod til personar med rus				
Utgifter	24.710	11.000	225	10.540
Sum	24.710	11.000	225	10.540
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon				
Utgifter	28.925.987	28.930.000	100	33.737.879
Inntekter	-8.006.130	-5.656.000	142	-8.579.151
Sum 25300	20.919.857	23.274.000	90	25.158.728
25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen				
Utgifter	140.434.972	147.613.834	95	141.031.888
Inntekter	-23.798.431	-24.944.000	95	-22.195.872
Sum	116.636.541	122.669.834	95	118.836.016
25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester				
Utgifter	1.709.892	1.885.000	91	1.733.489
Inntekter	-32.666	-50.000	65	-122.057
Sum	1.677.226	1.835.000	91	1.611.432
26100 Gloppe omsorgssenter				
Utgifter	1.354	0	0	0
Inntekter	-144	0	0	0
Sum	1.211	0	0	0
26500 Kommunalt disponerte bustader				
Utgifter	143.304	120.000	119	273.254
Inntekter	-210.946	-158.000	134	-269.663
Sum	-67.642	-38.000	178	3.591

Årsmelding for 2020

27300 Kommunale sysselsettingstiltak				
Utgifter	719.949	1.605.000	45	1.646.660
Inntekter	0	0	0	-15.000
Sum	719.949	1.605.000	45	1.631.660
27500 Introduksjonsordninga				
Utgifter	5.374.084	4.096.000	131	5.560.522
Inntekter	-1.721.380	-1.428.000	121	-1.211.184
Sum	3.652.705	2.668.000	137	4.349.338
27600 Kvalifiseringsprogrammet				
Utgifter	506.019	520.000	97	291.617
Sum	506.019	520.000	97	291.617
28100 Yting til livsopphald				
Utgifter	3.684.225	3.601.000	102	4.042.009
Inntekter	-461.124	-338.000	136	-178.071
Sum	3.223.101	3.263.000	99	3.863.938
38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg				
Utgifter	296.940	0	0	0
Inntekter	-59.388	0	0	0
Sum	237.552	0	0	0
38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg				
Utgifter	679.000	679.000	100	679.000
Sum	679.000	679.000	100	679.000
T O T A L T	175.141.169	186.717.834	94	184.769.603

- er lik inntekter.

Samla sett

Rekneskapen visar eit forbruk på 94% som utgjer eit underforbruk på om lag 11,6 millionar kroner i helse- og omsorgssektoren.

Løn, sosiale utgifter og sjukelønsrefusjonar har eit underforbruk på ca. 11,1 millionar kroner. 8,3 millionar kroner er knytt til lægre sosiale utgifter (sjå kommentar på formannskapet) og 2,8 millionar kroner for lågt budsjettet på sjukelønn og svangerskapsrefusjonar.

Driftsutgiftene har eit underforbruk på ca. 1,2 millionar kroner. Underforbruket skuldast feilføring på 850.000 kroner som er budsjettet på helse og rekneskapsført på oppvekst på ressurskrevjande brukarar. Det er også underforbruk på kurs og for høg budsjettering på leige av lokalar.

Kjøp av kommunale tenester har eit underforbruk på ca. 250.000 kroner. Dette skuldas i hovudsak redusert utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar.

Finansieringsutgifter har eit overforbruk på ca. 880.000 kroner. Dette er avsetningar til bundne fond knytt til prosjekter. Sjå grp. art 19.

Salsinntektene har meirinntekter på ca. 1.3 millionar kroner gjennom brukarbetalingar, sal av varer og tenester og husleigearntekter.

Refusjonar enda ca. 2,2 millionar kronar under budsjett. Årsaka til dette heng saman med mindre kostnader knytt til ressurskrevjande brukarar. Som igjen førar til mindre refusjonsinntekter.

Finansieringsinntektene er gåvepengar, legat og prosjektmidlar på ca. 600.000 kroner som ikkje har vorte nytta i 2020, desse vert overført til 2021.

Under vert det kommentert vesentlege avvik på budsjett

23200 Førebygging-helsestasjons- og skulehelseteneste

Forbruk på 87% (underforbruk 23.000 kr). Denne tenesta ligg til fysio-/ergoterapitenesta. Ligg til løn og sosiale utgifter der er det er budsjettet for høgt på sosiale utgifter.

23300 Anna førebyggande helsearbeid

Forbruk på 40% (underforbruk 350.000 kr). Denne tenesta ligg til helse og velferdssjefen og fysio-/ergoterapitenesta. Underforbruket skuldast i hovudsak ei feilføring.

På grp. art 11 driftsutgifter er det ført budsjett for betaling for leige av trivselshagen/badet mens rekneskappen er ført på teneste 38100, grp. art 13 kjøp av kommunale tenester.

23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Forbruk på 89% (underforbruk 723 000kr).

Denne tenesta ligg til helse og velferdssjefen, heimetenestene, miljøarbeidartenesta, omsorgssenteret 1.etasje, psykisk helse og Gloppen kommunale kjøkken.

Løn og sosiale utgifter er det budsjettet for høgt på sosiale utgifter på alle ansvar som ligg til denne tenesta . Der er og spart inn på vikarar og fastlønn. Driftsutgifter er det underforbruk på kursbudsjett og transport.

24100 Diagnose, behandling og rehabilitering

Forbruk på 93 % (underforbruk på 1.172.000 kr). Denne tenesta ligg til fysio-/ergoterapitenesta og legetenesta.

Løn og sosiale utgifter er det budsjettet med for høge sosiale utgifter.

Driftsutgiftene har eit underforbruk som i hovudsak skyldast redusert kursaktivitet.

Salsinntekter er det høgre brukarbetaling og utleige. Refusjonar har vi motteke meir frå staten en budsjettet, dette er i hovudsak veiledningstilskot til legane.

24200 Råd og rettleiing og sosialt førebyggande arbeid

Forbruk på 81% (underforbruk kr 1.032.000 kr). Denne tenesta ligg til helse og velferdssjefen og Nav. Iønn og sosiale utgifter er det budsjettet med for høge sosiale utgifter.

Kjøp av kommunale tenester ligger under budsjettet då NAV fekk refundert for mykje innbetalte husleige. refusjonar har vi motteke høgre refusjonar på sjukelønn og permisjonar enn budsjettet.

24300 Tilbod til personar med rus

Forbruk på 225% (overforbruk på 13.710 kr). Denne tenesta låg til Nav men er flytta til psykisk helseteneste.

Overføringer har eit overforbruk som skyldast 1000 kroner for lite budsjetter på årleg støtte til etterverns gruppa, samt at det vart utbetalt ei ekstra fleirårig driftsstøtte på 12 710 kroner som det ikkje var budsjettet med.

25300 pleie, omsorg , hjelp og rehabilitering i institusjon

Forbruk på 90% (underforbruk på 2.354.000 kr). Denne tenesta ligg til helse og velferdssjefen, miljøarbeidartenesta, omsorgssenteret 1.etasje, fysio-/ergoterapinesta og Gloppen kommunale kjøkken.

Løn og sosiale utgifter er det budsjettet med for høge sosiale utgifter.

Driftsutgifter har eit underforbruk som i hovudsak skyldast redusert kursaktivitet. Delar av underforbruket skyldas ei feilføring på 850.000 kroner som er budsjettet på helse og rekneskapsført på oppvekst på ressurskrevjande brukarar.

Salsinntekter er budsjettet på teneste 23400, dei blir flytta på slutten av året i høve til fordelingsnøkkelen.

Forklarar 1,5 millionar kroner.

På grp. art 17 refusjonar har vi motteke høgre refusjonar på sjukelønn og permisjonar enn budsjettet.

25400 Pleie, omsorg og hjelp iheimen

Forbruk på 95 %, (underforbruk på 6.033.000 kr). Denne tenesta ligg til helse og velferdssjefen, heimetenesta, miljøarbeidartenesta, omsorgssenteret 1.etasje, Oreteigen, Gotatoppen og Psykisk helse.

Løn og sosiale utgifter er det budsjettet med for høge sosiale utgifter på 6,2 millionar kroner. Løn enda 0,5 millionar over budsjett.

Kjøp av tenester frå andre har eit underforbruk som i hovudsak skyldas redusert utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar.

Salsinntekter har høgre brukarbetalingar enn budsjettet.

Refusjonar er 3,9 millionar kroner mindre enn budsjettet grunna lægre utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar.

Overføringer er knytt til mottekne gåvepengar som ikkje er budsjettet.

Finansieringsinntekter er det gåvepengar eller prosjektmidlar som står i bundne fond som ikkje har blitt brukt i 2020.

25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

Forbruk på 91% (underforbruk 158.000 kr). Denne tenesta ligg til omsorgssenteret 1. etasje.

Løn og sosiale utgifter er det budsjettet med for høge sosiale utgifter.

27300 Kommunale sysselsetjingtiltak

Eit forbruk på 45% (underforbruk på 885.000).

Denne tenesta ligg til helse og velferdssjef og Nav.

Kjøp av kommunale tenester er det eit underforbruk grunna feilføring. Budsjettet ligg til denne tenesta og er rekneskapsført på teneste 27500.

27500 Introduksjonsordninga

Eit forbruk på 147 % (meirforbruk 985.000). Denne tenesta ligg til helse og velferdssjefen og Nav.

Kjøp av kommunale tenester har eit meirforbruket som i hovudsak er knytt til feilføring. Rekneskapan ligg på teneste 27500, men er Budsjettet på teneste 27300.

28100 Yting til livsopphold

Eit forbruk på 99 % (underforbruk ca. 40.000). Denne tenesta ligg til Nav.

Finansieringsinntekter har vi motteke tilbakebetaling på sosialelån knytt til 2019 som ikkje vart budsjettet.

38100 Kommunale idresbygg og idrettsanlegg

Eit meirforbruk på ca. 238.000. Denne tenesta ligg til fysio-/ergoterapitenesta. Dette utbetaling for kommunens leigedel av trivselshagen/badet. Her ligg det ei feilføring knytt til teneste 23300.

Driftsutgifter er det ført rekneskap for leige av

trivselshagen/badet mens budsjettet er ført på teneste 23300, grp. art 13 kjøp av kommunale tenester.

Spesielle hendingar i 2020



Lege Sigrid Skurtveit utanfor luftvegsklinikken. Foto: Hege Alme.

Covid- 19

Helse og omsorgstenestene har i 2020 vorte utfordra sterkt på tenesteleveranse og ressursar. Dei tilsette har strekt seg langt og ytt meir enn ein kan krevje, tenkt utanfor boksen og bidrege med gode løysingar. Kanskje har det og vore ein viss dose flaks for dei som trur på det. Sjølv om vi ikkje har opplevd å måtte handtere eit smitteutbrot, har det vore krevjande med tilsette som må være i karantene grunna symptom, konstant vurdering av tenestetilbod etter smittepress omliggende og tilreisande og utreisande. Gjennomføring av besøk for bebuuarar som treng sosial kontakt med sine, har gjeve meirarbeid for tilsette. Det vart teken i bruk nettrett som var gitt i gåve frå Sparebankstiftinga for at brukarane kunne ha meir kontakt med familie og vener. Brukarar har følt seg isolerte, og tilsette har vore forsiktige med fritidsreiser og vore bekymra for å dra med seg smitte inn i tenesta. Det er drifta lufvegsklinikk ved legesenteret der innbyggjarar kan kome og teste seg. Dette har kravd endra rutinar og drift av legesenteret. Vi har planlagt for å kunne drifte ei korona-kohortavdeling og utarbeida ein kohortplan som kunne nyttast i alle avdelingar. Kommunelegens 40% stilling har vore for liten store deler av 2020, og er meir eller mindre blitt brukt til smittevernsarbeid knytt til korona. Det er oppretta smittesporingsteam og vaksinasjonsteam som har kravd ressursar, planlegging og samarbeid mellom dei forskjellige tenestene. Nav har i 2020 jobba mykje med arbeidsledige og permitterte og har måtte nedprioritert arbeid med gruppene som treng inkludering i aktivitet og arbeid, noko som har ramma ungdommen spesielt. Frivillige lag og organisasjoner har teke kontakt og ønskt å bidra. På tross av store

utfordringar trur vi likevel at dei fleste av innbyggjarane har fått fagleg forsvarlege tenester i 2020.



Tilsette ved Sandane heimeteneste held god avstand. Foto: Kari Ann Krogh.



Smittevern i praksis ved Løkjetunet. Foto: Oddrun Ommedal.

Omorganisering

Bakgrunnen for omorganiseringa var å tenke større tenesteområde for å sikre framtidig ressursutnytting og oppgåveløysing. Vi står i stadig aukande utfordringar med meir komplekse oppgåver som skal løysast, stram økonomi og auke i tal eldre og redusert tilgang på arbeidskraft. Dette vil prege helse og velferdssektoren i åra framover. Det har vore utfordrande at omorganiseringa kom på same tid som innsparingsprosessen, mange har trudd at omorganiseringar var ein del av innsparingsprosessen 2021-2024. Det har vore ein rask

omorganiseringssprosess. Erfaringa visar, kanskje ikkje overraskande, at omorganiseringssprosesser blir best for alle om ein tek seg god tid til involvering, dette kunne med fordel vore betre.

Helse og omsorgssektoren har i løpet av 2020 gått frå tolv einingar til fem tenesterområder. Helse og omsorg vart endre til helse og velferd, og einingar vart endra til tenester. Vi gjekk frå tolv einingsleiarar til fem tenesteleiarar og ni avdelingsleiarar (auke med to leiarar). Den nye organiseringa var ikkje gjeldande før i 2021.

- Miljøarbeidartenesta vart som før, og tek over ansvaret for Furubu som før låg til psykisk helse.
- Legetenesta vart som før.
- Nav vart som før, men ansvaret for rus vart ført over på psykisk helse.
- Heimetenestene vart slått i hop til ei teneste, men med tre områdar slik som før.
- Bu- og omsorgstenesta vart oppretta, og einingane Gotatoppen, Oreteigen, oms. senter 1. etasje og Gloppen kommunale kjøkken vart innlemma i denne tenesta.
- Fysio/ergotenesta vart flytta over til oppvekst.
- Psykisk helse vart flytta over til oppvekst.

Innsparingar starta i 2020

Fleire einingar har i 2020 jobba for å spare på lønnskostnadene. Dette har krevd planlegging og stort løysingsfokus i eit år med covid-19. Nav har gått med lågare bemanning i 2020 som førar til at veiledingsarbeid blir nedprioritert og redusera moglegheitene for at brukarane blir sjølvforsørgjande og ein risikera ein auke på sosialhjelpsbudsjettet. Fysiotenesta har ikkje leigt inn vikar i permisjon, og har måttå prioritere hardt blant brukarar som har behov for fysioterapi. Heimetenesta Sandane har ikkje leigt inn fast vikar i permisjon, og Hyen har redusert ei 20 % stilling og spart på vikarbruk. Oreteigen reduserte stillingsprosent på fastlønn, Omsorgssenteret 1. etasje, legesenteret og miljøarbeidartenesta har spart på vikarbruk. Dette har vore krevjande då vi har hatt mykje administrasjonsarbeid knytt til covid-19 og tidvis svært dårlege brukarar i tenestene.

Nytt omsorgsbygg

Åsen og Øvrelied Har vore entreprenør på prosjektet og bygd eit funksjonelt og estetisk bygg med godt samarbeid frå Arkilag Sivilarkitektar som har vore med i hele plan- og byggeprosessen. Bygget vart overlevert til Gloppen kommune 26 november 2020. For byggebransjen har det og vore eit spesielt år med covid-19. Det har vore ein tett og god dialog med utbyggjar og andre involverte for å lage gode rutinar

for å unngå smitte inn i omsorgsbygget. Dei 20 nye omsorgsbustadane er planlagt for å gje fleksibilitet i forhold til ulike pasientgrupper. Innflyttinga vart ikkje i 2020 då covid-19 pandemien forseinka leveransen av møblar. Tal plassar er dimensjonert for å møte den store auken i tal eldre fram mot 2030. Dette ligg også inne som eit tiltak i ny helse- og omsorgsplan.

Det er tenkt å auke kapasiteten på heildøgnsbemannna omsorgsbustader med 4 nye plassar i 2021. I praksis betyr det at ein flyttar over 16 pasientar frå det eksisterande omsorgssenteret og tek inn 4 nye pasientar. Finansiering av drift av nytt omsorgsbygg er framleis utfordrande og skal arbeidast vidare med. Bano utvikla ei kompaktløysing som vi nutta i standard størrelse bad, då godkjenninga ikkje var klar då bada vart bygde. Vi vart godt fornøgd med løysinga på tross av ønske om å prøve den kompakte løysinga slik ho var tiltenkt, i eit mindre bad.

Årsturnusar

Stadig fleire einingar har teke i bruk årsturnus. Dette er ynskt og er eit uttalt mål i arbeidsgjevarstrategien som var vedtatt i 2018. Dette bidreg til fleire i heiltidsstillingar og betre planlegging av behovet for arbeidskraft gjennom året. I 2020 var det Gotatoppen som tok i bruk årsturnus.



Laila Henden er hjelpepleiar og frivilligkontakt, her saman med Andrea Kandal som er sjukepleiar 1.
Foto: Eva Skrivervik-Alme.

Velferdsteknologi

Gloppen har arbeidd med velferdsteknologi (VT) sidan 2015. Vi er framleis med i Fylkesprosjektet og det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Her vert det arbeidt med ulike forhold kring velferdsteknologi som gevinstrealisering, tenestereiser, tenestemodellar, forankring, responsenter, innkjøp med meir. Kommunane i «gamle Sogn og Fjordane» har gått i lag om å nytte Alarmsentralen som responsenter velferdsteknologi (Alarmsentralen i Florø - eigd av kommunane i Sogn og Fjordane). I 2020 er det kjøpt inn digital responsenterløysing gjennom selskapet NetNordic, som skal nyttast på

Alarmsentralen. Det er også gjennomført felles anbodskonkurranse for innkjøp av velferdsteknologi som kommuniserer med responsenterløysinga.

Innføring av dette vil skje i 2021. Det er eit krav at alle kommunar har ei responsenterløysing for å nytte velferdsteknologi i åra framover.

I Gloppen har vi elles arbeidd for å ta i bruk ulik teknologi i tenestene. Vi har gjort erfaring med kamera-tilsyn som erstatning for fysiske tilsyn, i tillegg til anna teknologi.

Elektroniske dørlåsar er framleis eit sterkt ynskje å starte med. Det må gjerast ei investering, men det vart ikkje funne plass til dette i investeringsbudsjettet.



Tilsette ved Breim heimeteneste jobbar godt med velferdsteknologi, og helde oppe humøret i eit krevjande år. Foto: Cecilie M. Helgheim.

Prosjektilskot til "Gloppen-modellen"

I 2019 og 2020 mottok Gloppen kommune tilskot frå IMDI (integrerings- og mangfoldsdirektoratet) til prosjekt "Gloppen-modellen" - ein utdanningsmodell for framtida.

Hausten 2013 starta samarbeidsprosjektet om utdanning som helsefagarbeidar for minoritetsspråklege i Gloppen kommune på Firda vidaregåande skule. Samarbeidspartane var NAV Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune. Bakgrunnen for prosjektet var at mange vaksne minoritetsspråklege i kommunen ynskte seg utdanning som helsefagarbeidar, samt at behovet for framtidig arbeidskraft innan fagfeltet vil bli stor. Erfaringane er svært positive og det har starta nye klassar kvart år med unntak av 2014. Fleire kommunar i Nordfjord har no med elevar.

Etter nokre års erfaring, treng vi no å få uhilda forskrarar til å vurdere resultata av "Gloppen-modellen". I tillegg treng modellen å utviklast vidare og bli mindre "personavhengig". Målet er å få utarbeidd ein standardisert fagutdanningsmodell for minoritetsspråklege som kan overførast til alle deler av landet. Gloppen kommune er prosjekt-eigar.

Fylkeskommunen og Nav er samarbeidspartar i prosjektet. Forskningsinstituttet NORCE vil følgje prosjektet.

Måla med prosjektet er:

1. Effektane av "Gloppenmodellen" er dokumentert gjennom forsking
2. Det er utarbeidd ein modell for fagutdanning som eit tilbod for heile regionen
3. Det er utarbeidd eigen rettleiar for den nye utdanningsmodellen
4. Fagutdanning er integrert i introduksjonsprogrammet

Det skal lagast ein forskningsrapport og handlingsrettleiar for utdanningsmodellen. Handlingsrettleiarene skal innehalde rollebeskrivningar og tilrådingar. Dette vil bidra til betre avklaringar rundt finansiering, rekruttering og oppfølging undervegs, og ikkje minst sikre at utdanningsmodellen står seg betre inn i framtida. Vi har søkt om støtte til eit 3-årig prosjekt. Korona har påverka arbeidet i prosjektet, men ein har hatt planlagt framdrift og første utkast til handlingsrettleiarene er laga. Vi har god tru på finansiering frå IMDI også i 2021.

Demensomsorg – arbeidet med dette

Prosjektet vidareutvikling av demensomsorg har jobba for å utvikle og implementere modell for heilskapleg demensomsorg i Gloppen. I 2020 var det fokus på å få etablert ordninga med ressurspersonar i demens. Dette vil gi personar med demens og deira pårørande ein kontaktperson som kjem på månadleg besök for å fange opp endringar og behov for hjelp. Det har også vore arbeidd med å utvikle dagaktivitetstilbod.

Innsats for betre psykisk helse

Gjennom Prosjekt «Betre tverrsektoriell innsats var hovedmålet i prosjektet var å *utnytte kompetanse og tilbod på tvers av einingar og sektorar for å møte auka og endra behov innan psykisk helse*.

Prosjektarbeid i 2020 vart spesielt på fleire områder, både på grunn av Covid 19, men også på grunn av store endringar og prosessar internt i kommunen på grunn av økonomiske innsparinger og endra organisasjonsstruktur.

Vi har sett på eksisterande rutinar og retningslinjer, kompetanse, kva lågterskeltilbod kommunen tilbyr, korleis samarbeid både internt og eksternt fungerer, samt ønska satsings- og forbettingsområder framover.

Prosjektet viser at det er mykje god fagkompetanse i dei ulike einingane og vi har fleire gode kurstilbod og tiltak både for barn, unge og vaksne i kommunen.

Spørsmålet er om vi klarar å få utnytta dette på ein best mogleg måte? Tilbakemeldingane er at vi kjenner ikkje godt nok til kvarandre og kva tilbod dei ulike einingane tilbyr. Det er behov for ei opprydding og oppdatering av nettsider slik at det blir meir synleg kva tilbod kommunen har. I tillegg viser kartlegginga at vi kan bli betre på samhandling og tettare dialog på tvers av tenestene internt, men også eksternt t.d med spesialisthelsetenesta.

I løpet av året er det utarbeida ein prioriteringsretteliar i psykisk helseteneste.

Rettleiaren baserer seg på nasjonale retningslinjene for psykisk helsehjelp og Brukarplan. Det er ynskeleg å sjå nærmare på om dette er eit verktøy som fleire tenester kan dra nytte av.


Det er òg starta eit arbeid med på å sjå på kva rutinar Gloppen skulane har når det gjeld urovekkjande skulefråvær. Per i dag har ikkje Gloppen skulane felles retningslinjer/ handlingskjede ved urovekkjande fråvær. Dette er det behov for å jobbe vidare med. Det er overført prosjektmidlar frå 2020 til 2021 for å jobbe vidare med fleire av satsingsområda, t.d. etablering og utvikling av Familiens Hus.

«Heilt sjef!» - Meistringstreff for ungdom.

Kurset er eit lågterskel gruppetilbod for ungdomar som kjenner på at kvardagen er prega av stress, vanskar og utfordringar. Kurset handlar om å bli bevisst på eigen situasjon, få hjelpe til å sortere tankar og bekymringar, og stressmeistring. Kurset består av fem/seks samlingar, med ei samling på 1,5 t i veka. Samlingane inneholder både fagkunnskap formidla av fagpersonar, individuelt arbeid og erfaringsutveksling i grupper. Ein vil få tips og råd til verktøy som kan vere nyttige å ha med seg vidare i livet. Målet er at ungdomen sjølv skal ta styringa over, og kunne meistre, sentrale områder i livet, samtidig som ein tek omsyn til helsa. Det handlar rett og slett om å ta grep og bli «Sjef i eige liv».

På grunn av Covid-19 vart berre tre av seks samlingar gjennomført på våren 2020. I løpet av hausten og vinteren fekk vi gjennomført eit kurs med 9 deltakarar. Tilbakemeldingane er gode og fleire av ungdomane har gitt tilbakemelding om at dette burde vore eit tilbod til alle. Vi har søkt om ekstra midlar og fått godkjenning til å kunne vidareføre og utvikle kurset i 2021. I løpet av våren skal vi teste ut kurskonseptet som ein klassemodell på Firda vgs. Vi er i ein planleggingsfase der vi ser på moglegheita for å gjennomføre kurset for alle elevar på vg2 for skuleåret 2021/22.

Kurset er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland Fylkeskommune v/ Firda vgs, Frisklivssentralen og Psykisk helseteneste i Gloppen Kommune.



Karriereknappane er eit nyttig verktøy for å bli bevisst på eigne situasjon. Illustrasjonsfoto.

Skjønnsmidlar til førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring

Gloppen kommune fekk tildelt 250 000 tusen i skjønnsmidlar til fornying og innovasjon frå fylkesmannen. Dette er midlar som blant anna skal bidra til innovasjon og utvikling av nye metodar for førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring. Gloppen kommune sökte om midlar til vidareutvikling av meistringsgruppe for ungdom: «Heilt sjef!». Kurset vil truleg inngå som ein del av ei større satsing i kommunen innan folkehelseprogrammet, eit 5-års prosjekt med fokus på barn og unge si psykiske helse der målet er å gjøre ungdom i betre stand til å ta ansvar for sin eiga helse og sin eigen kvardag.

Aktivitetstilbod og tiltak

i 2020 fekk Gloppen kommune i samarbeid med Gloppen Frivilligsentral fekk innvilga «Aktivitetsmidlar for å hindre einsemd hos sårbare eldre» gjennom fylkesmannen. Desse skal i 2021 gi bebruarar på Oreteigen, Gotatoppen, Løkjatunet og Byrkjelotunet meir aktivitet. Det vil bli fokus på besøk og trivselstiltak. Det skal også gjerast eit strukturelt arbeid for å legge eit godt grunnlag for samarbeid mellom avdelingane og pårørande, frivillige og lag/organisasjonar.



Kjellfrid Solheim og Reidun Solbakk jobbar på skjerma eining i nytt omsorgbygg, dei har god erfaring med meiningsfulle aktivitetar for pasientane. Foto: Jorunn Landstad.

Frivilligentralen

Stiftinga Gloppen Frivilligentral har eit tett samarbeid med Gloppen kommune, lag og organisasjonar og privatpersonar for å stimulere til og samordne frivillig innsats i kommunen vår, og i 2020. Mykje av arbeidet ved frivilligentralen er knytt til eldre og helse og omsorg. Døme er utkøyring av middag, besøks-/turven og følgjeteneneste. Frivillige er med på fleire møteplassar/dagaktivitetstilbod saman med ein fagansvarleg frå kommunen. Frivilligentralen formidlar også frivillig innsats mot andre grupper som leksehjelp for elevar, nattevandring og språktreff for innvandralar. Koronapandemien har vist at mange er villige til å stille opp når det trengs, og frivillige har ytt ein viktig innsats under koronapandemien. Smittevernrestriksjonar har hatt konsekvensar for mykje frivillig aktivitet og møteplassar med redusert aktivitet og periodevis stenging. Med

smitteverntilpassing har vi fått gjennomført mange aktivitetar og det har hatt stor verdi i ein vanskeleg periode.



Julehygge på Åsateigen. Fotograf: Marcus Damli.

Helse- og omsorgsplan – korleis føl vi opp denne?

I 2020 skulle det vore ei gjennomgåing av status på tiltaksdelen i helse- og omsorgsplanen. Mange av tiltaka er i gong og omtala over, grunna Covid-19 pandemien vart mykje av arbeidet utsett. Vi har fått jobba med ny kompetanseplan for å få oversikt over kompetansebehovet i åra framover for helse og velferd, men fekk ikkje ferdig planen. Arbeidet med å følgje opp helse- og omsorgsplanen blir vidareført til 2021.

2018

Kommunedelplan – Helse og omsorg
2018 – 2030 for Gloppen kommune
Utdelte i kommunestyret 25. april 2018

Helse- og omsorgsplanen. Illustrasjonsfoto.

Utvikling over tid

Teneste	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	441	427	413	416	398	380
Mottakarar av støttekontakt	58	61	57	55	58	66
Mottakarar av omsorgslønn	10	11	12	12	13	12
Bebuarar i bustader disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg	121	156	156	156	150	150
Bustader med bemanning heile døgnet	73	73	73	73	67	67

Tala over viser at kommunen stadig får fleire pasientar. I tillegg til at tal pasientar vert fleire, er det i tillegg pasientar med meir komplekse sjukdomsbilde, som krev store ressursar for å følgje opp. Statestikken er tatt frå KOSTRA rapport 6. Det omfattar registreringar på dei som har både heimeteneste og praktisk bistand og dei med kun heimeteneste og dei med kun praktisk bistand.

Det er fortsatt store avvik i talla mellom rapporten henta frå KOSTRA og det som er rapportert i profil (pasientjournalsystemet). Registreringane i profil viser at vi har ein større auke i tal pasientar som motteke tenester og tal timar tenestar som er tildelt, dette finn vi ikkje igjen i KOSTRA rapporten. Årsaka til denne forskjellen har vi ikkje funne.

Endring i tal bebuarar i bustader disponert til omsorgsføremål er endra. Det er ikkje ei endring i bustader totalt i kommunen, men ein har hatt ein gjennomgang og vurdert kva som er til omsorgsføremål. Ein del av bustadene som tidlegare var nytta til omsorgsføremål, vert no nytta annleis. Det er uklart kva vurderingar som var gjort av dette tidlegare.

Utvikling i liggedøgn

	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Korttid/rehab.	3802 (86,57%)	3261 (74,45%)	4030 (92,01%)	3856 (88,04%)	3.390 (77,17%)	3.977 (90,8 %)
Langtidsplassar	2943 (100%)	2858 (97,88%)	2749 (94,14%)	2771 (94,90%)	2.521 (86,10%)	2.753 (94,3%)

I 2020 har beleggsprosenten på korttidsplassane auka. Vi har periodevis opplevd stort press på korttidsplassane, og vi har betalt for 91 liggedøgn i spesialisthelsetenesta. Det er tilfeldig om det er mange pasientar som vert utskrivingsklare og har behov for korttidsplassar på same tid gjennom året. Behovet for korttidsplassar og avlastning vil variere og fordeler seg ikkje jamt utover året. Dette gjev ekstra stort press i nokre periodar av året.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

Vi har 20 institusjonsplassar i 1. etasje på Gloppe omsorgssenter. I tillegg har vi to plassar til KAD (Kommunal akutt døgneining). Presset på institusjonsplassane gjennom 2020 har vore stort gjennom året.

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet

73 bustader på Sandane.
Dei 20 nye plassane i nybygget på Gloppe omsorgssenter er ikkje rekna med for 2020.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet

50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Avlasting for barn og unge

Gloppe kommune har 4 avlastningsplassar på Solsikka, som er ein «institusjon» for barneavlasting. Plassane er jamleg i bruk, ca. anna kvar helg og 2-3 døgn på kvardagar.

Leilegheiter ved aktivitetsavdelinga

Ved oppussing av aktivitetssenteret 2018, vart det bygd fire nye leilegheiter i same bygget. Tenester vert gjevne frå ulike einingar.

Venteliste til langtidsopphold eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet.

Pasient/brukar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller

tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, men som oppfyller kriteria for tildeling av langtidsopphald etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a, vert sett på venteliste. I Gloppen hadde vi 2 på venteliste ved utgangen av 2020.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet – teknisk sektor

SAMLA RESSURSBRUK FOR HEILE SEKTOREN (UTVALET)

	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbruk i %	Rekneskap 2019
T O T A L T	40.283.161	50.339.500	80	48.893.838

Ressursinnsats teknisk sektor

I perioden fra utarbeiding av budsjett for 2020 og til resultatet for 2020 er klart, er det gjort ei endring i fordelinga av lønnskostnadane for ansvar 4100 og 4400. Endringa er at lønnskostnadane er ført direkte på dei aktuelle tenestene og ikkje på teneste 19000 interne serviceeininger. Resultatet av dette er at det ser ut til at det er eit overforbruk på mange tenester, noko det i realiteten ikkje er. Kvar enkelt teneste er kommentert under.

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Regnskap 2020	Buds(end) 2020	%- 2020 forbruk	Regnskap 2019
12010 Administrativ leiing				
Utgifter	359.221	362.000	99	323.561
Inntekter	-351.934	-262.000	134	-287.441
Sum	7.287	100.000	7	36.120
12100 Eigedomsforvaltning				
Utgifter	3.012.803	3.386.000	89	2.586.025
Inntekter	-974.180	-984.000	99	-1.266.892
Sum	2.038.622	2.402.000	85	1.319.133
13000 Gloppe heradshus				
Utgifter	1.305.425	536.000	244	1.228.906
Inntekter	-161.024	-85.000	189	-112.512
Sum	1.144.401	451.000	254	1.116.394
19000 Interne serviceeininger				
Utgifter	0	18.993.000	0	20.845.576
Inntekter	0	-342.000	0	-20.845.576
Sum	0	18.651.000	0	0
21300 Vaksenopplæring				
Utgifter	277.960	30.000	927	121.874
Inntekter	-23.124	-3.000	771	-4.094
Sum	254.836	27.000	944	117.780
22100 Barnehagelokale og skyss				
Utgifter	2.477.954	999.000	248	2.433.357
Inntekter	-268.637	-175.000	154	-207.132
Sum	2.209.317	824.000	268	2.226.225
22200 Skulelokale				
Utgifter	10.599.572	3.583.000	296	12.309.971
Inntekter	-1.109.278	-767.000	145	-899.889
Sum	9.490.294	2.816.000	337	11.410.082
23200 Førebygging - helsestasjon				
Utgifter	251.042	130.000	193	190.307
Inntekter	-32.368	-26.000	124	-26.649
Sum	218.674	104.000	210	163.658
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma				
Utgifter	350.508	332.500	105	397.177

Årsmelding for 2020

Inntekter	-59.578	-75.000	79	-69.167
Sum	290.930	257.500	113	328.010
24100 Diagnose, behandling og re/habilitering				
Utgifter	854.336	399.000	214	522.912
Inntekter	-96.361	-84.000	115	-86.089
Sum	757.975	315.000	241	436.824
24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid				
Utgifter	104.270	0	0	0
Inntekter	-7.504	0	0	0
Sum	96.766	0	0	0
24400 Barnevernstenesta				
Utgifter	116.700	54.000	216	75.448
Inntekter	-13.574	-12.000	113	-10.580
Sum	103.126	42.000	246	64.868
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon				
Utgifter	10.600	-15.000	-71	0
Inntekter	0	0	0	-15.000
Sum	10.600	-15.000	-71	-15.000
25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen				
Utgifter	847.374	-49.000	-1729	133.720
Inntekter	-68.947	-16.000	431	-163.198
Sum	778.428	-65.000	-1198	-29.479
26100 Gloppen omsorgssenter				
Utgifter	4.767.809	2.719.000	175	6.279.577
Inntekter	-2.768.484	-2.585.000	107	-2.674.974
Sum	1.999.326	134.000	1492	3.604.603
26500 Kommunalt disponerte bustader				
Utgifter	3.433.523	3.407.000	101	4.349.696
Inntekter	-12.392.543	-12.100.000	102	-11.626.103
Sum	-8.959.019	-8.693.000	103	-7.276.407
30100 Behandling av plansaker				
Utgifter	1.327.765	1.448.000	92	1.696.520
Inntekter	-100.829	-122.000	83	-457.931
Sum	1.226.936	1.326.000	93	1.238.589
30200 Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering				
Utgifter	1.079.124	1.126.000	96	1.326.916
Inntekter	-1.085.073	-844.000	129	-1.148.823
Sum	-5.949	282.000	-2	178.093
30300 Kart og oppmåling				
Utgifter	706.358	737.000	96	958.444
Inntekter	-449.023	-393.000	114	-406.492
Sum	257.334	344.000	75	551.952
31500 Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak				
Inntekter	-39.501	-40.000	99	-42.080
Sum	-39.501	-40.000	99	-42.080
32000 Kommunal næringsverksemd				
Utgifter	305.756	40.000	764	36.571
Inntekter	-25.552	-5.000	511	-255.075
Sum	280.204	35.000	801	-218.503
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet				
Utgifter	0	0	0	394.173
Inntekter	-1.781.723	-1.694.000	105	-817.065
Sum	-1.781.723	-1.694.000	105	-422.892

Årsmelding for 2020

32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringer				
Utgifter	4.723.066	4.847.000	97	4.762.070
Inntekter	-2.231.659	-1.636.000	136	-2.140.691
Sum	2.491.408	3.211.000	78	2.621.379
33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak				
Utgifter	102.772	111.000	93	256.733
Inntekter	-344.664	-306.000	113	-390.338
Sum	-241.892	-195.000	124	-133.605
33200 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og parkering				
Utgifter	10.872.485	7.386.000	147	9.758.342
Inntekter	-2.350.384	-2.110.000	111	-3.323.911
Sum	8.522.101	5.276.000	162	6.434.431
33500 Parkar, torg og idrettsanlegg				
Utgifter	953.361	584.000	163	1.124.764
Inntekter	-134.195	-164.000	82	-142.879
Sum	819.166	420.000	195	981.885
33800 Førebygging av brann og andre ulukker				
Utgifter	1.969.355	1.650.000	119	1.751.098
Inntekter	-1.049.959	-1.102.000	95	-1.073.621
Sum	919.396	548.000	168	677.477
33900 Beredskap mot brann og andre ulukker				
Utgifter	5.650.739	5.826.000	97	5.643.234
Inntekter	-305.542	-219.000	140	-312.660
Sum	5.345.197	5.607.000	95	5.330.574
34000 Produksjon av vann				
Utgifter	1.163.960	1.281.000	91	1.759.255
Inntekter	-1.059	-1.000	106	0
Sum	1.162.901	1.280.000	91	1.759.255
34500 Distribusjon av vann				
Utgifter	3.767.590	4.573.000	82	5.362.099
Inntekter	-6.739.836	-6.370.000	106	-7.121.353
Sum	-2.972.246	-1.797.000	165	-1.759.255
35000 Avløpsrensing				
Utgifter	5.111.142	7.237.000	71	7.760.166
Inntekter	-18.469	0	0	-244
Sum	5.092.673	7.237.000	70	7.759.922
35300 Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn				
Utgifter	5.819.685	5.657.000	103	6.537.230
Inntekter	-14.259.723	-14.120.000	101	-14.297.152
Sum	-8.440.038	-8.463.000	100	-7.759.922
35400 Tøming av slamavskillarar og septiktankar				
Utgifter	134.969	195.000	69	1.849.369
Inntekter	0	0	0	-1.849.369
Sum	134.969	195.000	69	0
36000 Naturforvaltning og friluftsliv				
Utgifter	432.885	330.000	131	556.096
Inntekter	-421.012	-257.000	164	-439.373
Sum	11.873	73.000	16	116.723
37000 Bibliotek				
Utgifter	14.999	0	0	0
Inntekter	-1.217	0	0	0
Sum	13.782	0	0	0

Årsmelding for 2020

38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg					
Utgifter	10.252	8.000	128	11.583	
Inntekter	-1.257	-3.000	42	-1.263	
Sum	8.995	5.000	180	10.320	
38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg					
Utgifter	148.736	6.000	2479	463.665	
Inntekter	-4.319	-1.000	432	-2.470	
Sum	144.417	5.000	2888	461.195	
38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturygg					
Utgifter	0	0	0	1.049	
Sum	0	0	0	1.049	
T O T A L T	23.391.563	31.005.500	75	31.289.397	

Merknader til rekneskaper

SAMLA SETT

Teknisk sektor hadde i rekneskapsåret 2020 eit forbruk på 23,3 mill. mot eit budsjett på 31,0 mill. som er underforbruk på 7,6 mill. Forklarings til dette er at 4,3 mill. som er knytt til avskrivningar er flytta til ansvar 9000. Vidare er det ein reduksjon i fastlønn, lågare pensjonskostnad, høgare sjukelønsrefusjon og høgare inntekter frå sal, husleige, og reduserte straumkostnadar. Fleire detaljar knytt til kvar teneste under.



Alternativ 17. mai feiring. Foto: Kiell Aske.

TIL KVARTENESTE


Ansvar 4000 Samfunn og berekraft (tidligare teknisk sif)

Teneste 12010 består av personar og utstyr (datalisensar) for arbeid med eigedomskatt. I tillegg ligg her inntekter frå meklarpakkar, og inntekter frå dispensasjonssaker knytt til kommune- og reguleringsplan. Inntektene er ca. 80.000 over budsjett.

Teneste 31500 og teneste 32500 er inntekter fra festeavgifter, og inntektene var ca. 80.000 over budsjett.

Ansvaret 4100, kommunalteknikk

Som ein generell kommentar til dette ansvaret i 2020 var dette året i nærleiken av det vi kan kalle eit normalt driftsår, utan innslag av store naturhendingar som vi har hatt dei tidlegare åra. Eit unntak er det snøskredet som gjekk på Hjelle, kor kommunen sjølv stod for opprydding og opning av vegen.



Snøras på Hielle i februar. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Trenden som vi har sett knytt til redusert overtid på drifta av reinseanlegget på Byrkjelo held fram, men det er fortsett litt utfordringar knytt til å oppnå ei ønska reinsegrad, noko som heng saman med samansetninga på det vatnet som skal reinsast.

Etterkalkyle som blir gjort innanfor våre sjølvkostområde for vatn og avløp, syner at vi har eit gebryrnivå som er rett innanfor den drifta som vi har innanfor ansvaret. Aktivitetsnivået har også i 2020 vore høgt, og det er nedanfor tatt med nokon av det arbeidet som er gjort innanfor drifta:

- Hoyden bustadfelt, vann og avløp

- VA oppgradering Elvaneset / Selvågane
- Utbedring av Fitje bru
- VA på Fitje

Kommunen nytta delar av tildelte koronamidlar til å asfaltere vegen opp mot Solheim i Fjellbygda. Dette er eit område kor det over fleire år har blitt gjennomført etappevis masseutskifting.

Kommunalteknisk avdeling gjekk i 2020 til anskaffing (leasing) av ein ny traktor med utstyr for kantklipping, og det vart då gjennomført eit stort arbeid med eit nødvending etterslep på kantklipping.

Arbeidet med å finne ei permanent og sikker vasskjelde for Eikenes og Hestenes vassverk har også gått føre seg i 2020. Det ser ut til at dei 4 stk. grunnvassbrønnane som er etablert gjer nok vatn, og planane for eit nytt høgdebasseng er klart for utsending på konkurranse. Dette er planlagt gjennomført i 2021.

Gloppen kommune får hjelp av Cowi til å utarbeide ein ny hovudplan for VA-plan. Dette arbeidet har grunna koronasituasjonen trekt ut i tid.

Teneste 33000 omfattar utgifter leigeinntekter frå kaia på Kattahamrane og Hestnesøyra, og denne tenesta er på budsjett.

Teneste 33200 kommunale vegar, miljø og trafikksikkerheit, omfattar utgifter og inntekter knytt til drift, vedlikehald, utbetring og bygging av kommunale vegar, gang- og sykkelstiar, veg – og gatelys, samt andre tiltak/konstruksjonar for køyrande og tiltak/konstruksjonar for å ivareta miljø og tryggleik for mjuke trafikantar.

Kommunen søkte i 2020 om tilskot til trafikktryggingsmidlar hjå fylkeskommunen, og basert på det tilskot som kommunen fekk, blei det gjennomført tiltak ved Rygg barnehage, Nordstranda barnehage, og krysset Søreidsvegen/Fossevegen.

Endringar i rekneskapsføringa gjennom året medførte at lønnskostnadane blei ført direkte på den aktuelle tenesta og ikkje på teneste 19000 interne serviceeininger. Det er ført 3,2 mill. ekstra på denne tenesta, og av dette er 2,3 mill. knytt til lønnskonstandar. Dvs. at overforbruket på denne tenesta i 2020 var på ca. 0,9 mill., og av dette var det

innkjøp av forbruksmateriell (art 11200) og vedlikehald og byggetenester (art 12300) som hadde størst overforbruk. I tillegg inntektene noko under budsjett, i tillegg til at det er mange andre artar som også endar under budsjett.

Teneste 33500 park, torg- og idrettsanlegg omfattar drift av kommunale idrettsanlegg inkl. klipping av kommunale grasbaner til fotball, opparbeiding, drift og vedlikehald av offentlege plassar som t.d. Sandane sentrum, gjestebrygga.

Ser ein bort i frå overføringane av lønnskostnadane, er denne tenesta i samsvar med budsjettet.

Teneste 34000 produksjon av vatn omfattar alt arbeid knytt til produksjon av drikkevatn og det som ligg under, vassinntak, filtrering/reinsing, vassprøver etc.

Teneste 34500 distribusjon av vatn omfattar alt av kommunalt leidningsnett, pumpestasjonar, høgdebasseng og arbeid med gebyr for kommunal vassforsyning. Enkelte av prosjekta blei utsett grunna mangel på personell, som bidrar til at det ikkje blei balanse mellom inntekter og utgifter.

Dei to tenestene, 34000 og 34500, skal i prinsippet gå i null, men for 2020 var inntektene ca. 1,8 mill. høgare enn utgiftene, og dette blir då satt av til fond.

Teneste 35000 avløpsreinsing omfattar alt arbeid med reinseanlegg og utslepp på Byrkjelo reinseanlegg, vassprøvar av avløpsvatnet.

Teneste 35300 avløpsnett/innsamling av avløpsvatn omfattar arbeid med reinseanlegg og utslepp på Byrkjelo reinseanlegg, vassprøvar av avløpsvatnet. Enkelte av prosjekta blei utsett grunna mangel på personell, som bidrar til at det ikkje blei balanse mellom inntekter og utgifter.

Tenestene 35000 og 35300 skal i prinsippet gå i null sidan det er eit sjølvkostområde, men inntektene var i 2020 ca. 3,3 mill. høgare enn budsjettet, og dette blir overført til fond for seinare bruk innanfor avløpsreinsing og /eller avløpsnett. Noko av grunnen til dei høge inntektene er at ei stor investering på ca. 2,0 mill.

LANDBRUK

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad har gått for fullt i 2020. Eid og Selje blei slått saman til Stad kommune 1. januar 2020. Vi merkar at vi har fått ein større kommune med nye brukarar og nytt terregng å sette oss inn i. Saksmengda er noko lunde likt fordelt mellom kommunane med ei overvekt av konsesjons- og delingssaker i

Stad. Frå 2020 fekk kommunane utvida oppgåver til å behandle tilskot til skogsvegar, drift i bratt terreg og tilskot til tiltak i beiteområda. Desse ordningane har statsforvaltaren hatt tidlegare.

Vi har hatt vakant stilling for utmarksforvaltar på grunn av sjukdom. Anne Berit Hauge slutta i stillinga si i august etter ferieavvikling. Karoline Aldis Bjerkeset tok fatt i stillinga som rådgjevar 1. oktober. Ho kjem frå rådgjevarstilling hos statsforvaltaren. Ein god medarbeidar å ha på laget.

Bilde. Karoline Bjerkeset.

Teneste 32900 landbrukskontoret og landbruksnæringa omfattar saksbehandling, kontroll og rettleiing etter jordlova, konsesjonslova, skogbrukslova, odelslova og andre landbruksrelaterte lover og viltlova.

Førstelineteneste for Innovasjon Norge. Forvaltning og kontroll av dei økonomiske verkemidla i landbruket, som t.d. produksjonstilskot, regionalt miljøtilskot, tilskot til tiltak i beiteområde, skogfond, mm.. Arbeid knytt til landbruk og jordvern i sakar etter plan- og bygningslova. Innsparingsprosjektet legg opp til å kutte støtte til veterinærkakt. Tenesta ligg ca. 0,7 mill. Under budsjett og av dette utgjer refusjon frå andre 0,38 mill. Og ca. 0,25 mill. lågare lønnskostnadar.

Teneste 36000 naturforvaltning og friluftsliv omfattar funksjonar opp imot koordinering av miljøarbeidet i kommunen, og utarbeiding av miljø- og naturressursprogram. Viltforvaltning og viltnemnd mm. Og denne tenesta ligger under budsjett med ca. 50.000

Under er det litt meir detaljar knytt til dei ulike tilskotsordningane som er i kommunen.

Produksjonstilskot (p-tilskot)

Samanlikna med tala dei siste åra er det ei stabil utbetaling i produksjonstilskot i storleik på kr 68.421.298. Av denne summen utgjer avløysartilskot kr 9.333.842.

Vi ser at den positiv utvikling blant søkerane med overgangen til digital søking går bra, men at det må til rettleiing og informasjon. Vi fekk gode tilbakemeldingar på julenyhendebrevet vi sendte digitalt til alle søkerar av produksjonstilskot og faglaga. Dette kjem vi til å halde fram med nokre gongar i året.

Regionalt miljøtilskot (RMP)

Utbetalt kr 4.173.472,- til 165 søkerar, som er ein reduksjon på 27 stk. frå 2019.

Organisert beitebruk (OBB) og tilskot til tiltak i beiteområde (ny i 2020)

Kr 361.340 (19 søkerar). Dette er ein auke på kr 49.586 frå 2019, noko som tyder på auka beitebruk i utmark. Tilskot til tiltak i beiteområde ramme kr 100.000, 6 søkerar med tilsegn på kr 135.332, då vi fekk tilført meir midlar ila året.

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

I fjor hadde kommunen totalt 12 søkerar knytt til denne ordninga, og det blei løyvd kr 596.500. Ramma frå Statsforvaltaren var på kr 440.000, kr 173.100 blei trekt inn i løpet av året frå tiltak som ikkje er sett i verk eller er blitt rimelegare enn søkt. Kr 16.600 vart trekt attende til Statsforvaltaren.

Grøftetilskot

Ramma frå Statsforvaltaren til grøftetilskot var i 2020 på kr 350.000. Det kom inn 16 søkerar, slik at den totale summen som blei delt ut var kr 190.000. Dette er ein auke i høve til førre år kor det blei løyvd kr 62.000 i grøftetilskot.

Skog og utmark

Avverkinga av skog i Gloppen datt kraftig i høve til 2019. I 2020 vart det avverka berre 1140 m³ med gran og 39 m³ med furu, totalt 1179 m³. Verdien av dette var 422.343 kr. Det er vanskeleg å seie kva som er årsak til at det har vore laber aktivitet på skogsida, noko kan nok tilskrivast korona.

Det har vore helde to motorsagkurs med god oppslutning, i tillegg til at Gloppen ungdomsskule har eige for sine elevar.

Kommunen behandler søknader og tildeler tilskot til skogkulturtiltak. 12 skogeigarar fekk tilskot til skogkulturtiltak og det vart betalt ut kr 137.635 i tilskot til tiltak som plantekjøp, nyplanting, ungskogpleie og tettare planting.

Kommunen behandler søknader om tilskot til drift i vanskeleg terrengr (taubane). Det er behandla to søknader om tilskot til taubane i 2020 og det er løyvd kr 202.650 til dette.

I 2020 kom det inn ein ny søknad om tilskot til skogsveg. Til saman har kommunen løyvd kr 524.987 til to ulike vegprosjekt.

Det blei felt 720 dyr under hjortejakta, med ein fellingsprosent på 83,2 %. I 2019 blei det bestemt at kommunen skulle delta i merkeprosjektet Vestsjord, som over ein periode på 5 år skal merke 11 hjortar i Gloppen. I 2020 blei det merka ei kolle på Rauset og ein bukk i Ryssdal. Dyra kan følgjast på dyreportalen i [Kilden](#).



Merka hjortebukk i Ommedal. Foto: Erling Meisingset.

Brann og redning (ansvar 4300)

Gloppen Brann og Redning er organisert som eit deltidsbrannvesen. I tillegg til hovudstasjonen på Sandane, har vi understasjonar på Byrkjelo og i Hyen. Mannskap på stasjonane etter brannordning skal vere:

- Sandane, 20 mann
- Byrkjelo, 10 mann
- Hyen, 10 mann

Sandane har for tida 2 stillingar som konstablar og som ikkje er erstatta i skrivande stund.

Aktivitet 2020

Tal på oppdrag i 2020. Alle prøvealarmane er ikkje med:

Oppdragstype	Tal på oppdrag
Unødvendig kontroll av melding	2
Trafikkulukke	5
Person i vatn	1

Naturhending vind	1
Naturhending anna skred	2
Helseoppdrag, bære/løfte	1
Helseoppdrag anna	6
Falsk melding	1
Dyreoppdrag	1
Branntilløp i bygning	1
Brann i bygning	3
Bistand politi	2
Avbroten utrykking	3
Andre oppdrag	1
Akutt forureining	2
ABA teknisk/ukjent	10
ABA feil bruk	4
Totalt	44

Oversikta over hendingar i 2020 på totalt 44 stk., er det er 10 hendingar mindre enn det var i 2019

I tillegg til dette vore ein del mindre hendingar takla av befalsvakta. Befalsvakta fungerer òg som ein vakttelefon for hendingar i kommunen og som ikkje er registrerte her. I tillegg har vakthavande befat også politiet si oppgåve på ein skadestad når politiet ikkje er kome fram eller er fråverande.

Det blei gjennomført ei større øving av kommunen sitt brannmannskap knytt til eit gammalt hus på Råd. Dette er primært ei øving for alle røykdykkarane på dei tre stasjonane. Også på denne øvinga var det lokale instruktørar med Runar Stensaker Kleppe og Joar Flølo frå Byrkjelo.



Eit utval av kommunen sine røykdykkarar frå øvinga på Råd. Foto: Kjell Aske.

I årsmelding frå 2019 stod det at det hadde gått med mykje tid til planlegging av dei nye stasjonane på Sandane, samt Hyen og Byrkjelo, etter at Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med Gloppen Brann og Redning. Bygging av ny hovudbrannstasjon på Sandane starta opp i mai, og dette prosjektet er meir omtalt under investeringsprosjekt. Leigeavtale for nye lokale på Byrkjelo, blei godkjent på kommunestyremøtet i desember og her blir det ei utviding av eksisterande brannstasjon.

På kommunestyremøtet i desember blei det også gjort vedtak om å kjøpe inn ein ny brannbil i Hyen, som då skal erstatte to eldste bilane i Hyen, ein Dodge 1977 modell og ein nyare Mercedes 1982 modell.

Ei av hendingane i 2020 som fekk mykje merksemd var snøraset over E39 i Våtedalen, kor ein bil blei teken av raset, men ingen kom til skade. Bildet under syner omfanget av dette raset.

Teneste 33800 førebygging av brann og andre ulykker Omfattar arbeid knytt til førebygging av brann, og då primært feiartenesta. Mykje av inntektene og utgiftene knytt til dette arbeidet ligg innanfor sjølvkostområde. Denne tenesta hadde eit overforbruk på 0,36 mill. og av dette utgjorde ei avsetning til fond 0,23 mill. Gebyrinntektene er 44.000 under budsjettet.

Teneste 33900 omfattar arbeid knytt til brannvesen, oljevernberedskap og anna arbeid innanfor beredskap mot brann og ulykker. Drifta av denne tenesta blir styrt av dei ulike hendingane som oppstår gjennom året, i tillegg til dei faste øvingane som blir gjennomført. Innanfor dette fagfeltet vil det ikkje vere råd å øve nok. Tenesta hadde eit underforbruk på ca. 0,28 mill. og dette har ein direkte saman med lågare lønnskostnadane på 0,39 mill. Dei andre artane innanfor denne tenesta var stort sett i samsvar med budsjett, med unntak av kursbudsjettet som hadde eit overforbruk på 100.000, som er knytt til utdanning av feiaren.

Eigedomsavdeling (ansvar 4400)

Mange av tenestene under dette ansvaret vert påverka av endinga i rekneskapsføringa. Gjennom året medførte dette at lønnskostnadane blei ført direkte på den aktuelle tenesta og ikkje på teneste 19000 interne serviceeininger. Dette førte til i at resultatet ser mykje dårlegare enn det i røynda er (samanlikna mot budsjettet). Drifta av eigedomsavdelinga gjekk totalt med ein underforbruk på 2,1 mill. Dei største talla er knytt opp imot reduserte straumutgifter 0,3 mill. og auka sjukelønnsrefusjon med 0,7 mill. I tillegg til mange artar med reduserte kostnadane.

Eigedomsavdelinga driftar ca. 45.000 m² bygningsmassen fordelt på 70 bygg, og av dette blir 28.000 m² vaskeareal. Dette blir utført av 7 årsverk vaktmeistarar og 17 årsverk innan reinhaldarar i tillegg til einingsleiar. Tenesta 12100, eigedomsforvaltning, omfattar drift av eigedomsavdelinga, deriblant kjøp av maskiner og utstyr, drift av alle bilane. Vedlikehaldspotten på 800.000 som skal nyttast til ekstraordinært vedlikehald av kommunale bygg ligg også inne i denne tenesta. Lønn til avdelingsleiar ligger under denne tenesta. Tenesta hadde eit resultat på 0,36 mill. Underbudsjett, kor reduserte lønnskostnadane utgjorde 0,23 mill.

Teneste 13000 omfattar drifta Gloppen heradshus, som omfattar reinhald og vaktmeistertenester. AV meirforbruk på 693.000 utgjer lønnskostnadane som følgje av ny rekneskapsføring 660.000

Tenesta 21300, Vaksenopplæring, betre kjent som Gloppen opplæringssenter (GOS) sine lokale, kor vi utfører reinhaldstenester, kor drifta er i samsvar med budsjett.

Knytt til teneste 22100 Førskulelokale og skyss (Barnehagane) omfattar drift og vedlikehald av dei kommunale barnehagane. Rekneskapen syner eit overforbruk på 1,3 mill., men dette er lønn som er ført direkte på tenesta, slik at anna drift er i samsvar med budsjett.

Teneste 22200 skulelokale omfattar ordinær drift og vedlikehald av dei 5 kommunale skulane. I tillegg ligg det inne utgifter til vedlikehaldsutgifter til Nesjane skule og Vestre Hyen skule i teneste 22200. Den ordinære drifta er under budsjett, og så er det ført 6,9 mill. Lønnskostnadane direkte på tenesta.

Under teneste 23200, Førebygging- helhestasjons- og skulehelseteneste, som omfattar drift og vedlikehald av helhestasjonen som er lokalisert på Grandane, er det ikkje noko avvik å melde når drifta blir samanlikna opp imot budsjettet, med omsyn til føring av lønsutgifter.

Teneste 23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma, omfattar drift og vedlikehald av aktivitetssenteret (dagtilbodet) og drifta er i samsvar med budsjett.

Kommunen har fleire ulike tenester samla på Grandane, i lokale som vi leiger og der vi ikkje har ordinære vaktmeisteroppgåver, berre reinhald. Følgjande tenester er samla på Grandane; 24100 Diagnose, behandling og rehabilitering, teneste 24400 barnevernstenesta, 25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon og 25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen (Sandane heime-teneste). Drifta har vore i samsvar med budsjett.

Teneste 26100 Gloppen omsorgssenter, omfattar drift og vedlikehald av Gloppen omsorgssenter. For 2020 har det vore eit avvik i drifta då vi vil fekk mindre inntekter på grunn av at 5 bebuarrom på Hyblane er lagt ned og skal erstattast med sporadisk utleige. Denne utleiga vart stoppa i mars då Koronaen slo til. Då vart hyblane rigga for smitteberedskap.

Teneste 26500 Kommunalt disponerte bustadar, omfattar drift og vedlikehald av kommunale bustader og bukollektiva, inkludert husleigeinntekter. Det har her ikkje vore avvik på drifta med unntak av at vi har hatt ein god del tomleige på eitt-roms bueiningar.

Teneste 32000 Kommunal næringsverksemd omfattar drift og vedlikehald samt utleige av lagerhall på Kattahamrane (Bano-hallen) .

Teneste 32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet, omfatta utleige av NTU-bygget.
Tenesta 32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringer omfatta forsikring av kommunegarden i Bukta.

Tenesta 33900 Beredskap mot brann og andre ulukker, omfattar drift og vedlikehald av brannstasjonane i Hyen og på Sandane. Vi har lite utleigeinntekter på bueininga i 2. etasje i brannstasjonen på Sandane

Teneste 38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg, omfatta forsikringar og avgifter på speakerbygget på Byrkjelo stadion og Myklebustflata i denne tenesta, og teneste 38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, omfatta avgifter og vedlikehald på Stadionbygget på Byrkjelo stadion. Det har ikkje vore noko avvik mellom drift og budsjett for disse to tenestene gjennom året.

Teneste 38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg, omfattar forsikringar på stallane på Øyrane, og det har ikkje vore nokon nemneverdige avvik knytt til drifta av denne tenesta.

Plan, byggesak og oppmåling (ansvar 4500)

Arbeidet med områdereguleringsplanen for Sandane sentrum blei vedteken på kommunestyremøtet i september. Engasjementet har vore stort både før og etter vedtaket av planen. Arbeidet med områdeplanen for Sandane sentrum starta i 2012, og fram til vedtaksdato har det blitt gjennomført ei sentrumsanalyse, eit parallelloppdrag, flaumkartlegging av Holvikvelva og stormflo og områdeplanen har vore ute på tre offentlege høyringar. Arbeidet som har gått føre seg etter vedtaket er å følgje opp det som er vedteke.

Reguleringsarbeidet på planen for Evebø/Åsavegen har hatt ei viss utvikling med at det er gjennomført ein geoteknisk undersøking, samt ei arkeologisk utgraving i august. Sistnemnde arbeid har kommunen ikkje fått tilbakemelding på og når dette ikkje er på plass er det vanskeleg å fortsette detaljplanlegginga.

Tenestene 30100 (behandling av plansaker), 30200 (bygge- og delesaksbehandling, seksjonering) og 30300 (kart og oppmåling) ligg alle under ansvar 4500, og når det er lite folk som jobbar på kryss og tvers med arbeidsoppgåvene, blir dette ansvaret sett på samla. Ansvarsområdet bidrar også aktivt inn i arbeidet med utarbeiding av ny arealdel til kommuneplanen, og det er ikkje til å stikke under ein stol at dette er eit omfattande arbeid. Det er også vert å nemne at kommunen får oversendt ferdige dommar frå Jordskifteretten, som skal førast inn i det nasjonale eigedomsregisteret (Matrikkelen) og dette er arbeid som vi ikkje kan ta oss betalt for. Enkelte av disse sakene kan vere omfattande og arbeidskrevjande.

Drifta av ansvar 4500 er ca. 0,47 mill. under budsjett og då er inntektene ca. 0,3 mill. Over budsjett. Utover det er det mindre endringar.



Prøveboring etter vatn på Byrkjelo. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Investeringsprosjekt:

Valborgkleiva, felt B

Dette prosjektet omfattar bygging av veg, vatn og avløp for 8 tomтар i nedre del av Valborgkleiva. Ei av disse tomtene er bygd ut for mange år sidan, emn har hatt ei mellombels avkøyrslle. Arbeidet er utført av Torleiv Straume AS i tillegg til eige arbeid frå Gloppen kommune. Som ein konsekvens av denne utbygginga, måtte hovudvassleidninga også leggast om.



Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Omsorgsbygget

Dette prosjektet starta opp i 2016 med eit politisk vedtak om at det skal byggast eit nytt tilbygg til eksisterande omsorgsbygg, med å rive det gamle omsorgsbygget som har stått tomt i mange år. Den totale kostnadsramma på omsorgsbygget var på 104 mill inkl. Mva, og kommunen får ei støtte frå Husbanken på 30 mill., og 0,6 mill frå ENOVA for nytt varmeanlegg. Tilbygget omfattar eit totalt areal på 2.350 m², som er fordelt på 3 etg., og 20 nye bebuarrom, ny sansehage og nye parkeringsareal. I det eksisterande bygningsmassene er det gjennomført ulike ombyggingsarbeid, for å få på plass ei ny reinhaldsentral, datarom, nytt bossrom og ombygging av tilfluktsrom til lager.

Dei fysiske bygningsarbeidet starta med riving av gamlebygget i juni 2019, og betongarbeida til totelentrepreneur Åsen og Øverlid AS starta i august 2019. Gloppen kommune tok over bygget 26. Novmeber 2020, 4 dagar før avtalt fristen, og vett vil bli gjennomført ein røpøverdriftsperiode fram til juni 2021. Plan 0 med garderobar blei tatt i bruk i desember 2020. Det resterande delen av bygget vil bli tatt i bruk i mars 2021, etter at alle møblane blei levert i januar/februar.

Asfaltingsarbeid i Fjellbygda og Hope

Disse investeringsprosjekta gjelder avslutning av to prosjekt som gjelder oppgradering av kommunal veg. Fyrste del av disse prosjekta har vore ei masseutskifting, og andre del har vore å få lagt fast dekke. Det har vore spesielt viktig å få til ei oppgradering av vegen til Solheim i Fjellbygda, då dette er hovudferdselsvegen til Kleivane. Kommunen har motteke mange gode tilbakemeldingar etter avslutta arbeidet.



Ferdig asfaltert veg til Solheim i Fjellbygda. Montering av rekksverk pågår. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Nytt blålysbygg

Dette bygget omfattar bygging av ny hovudbrannstasjon for Sandane og utleigelokale for Gloppen lensmannskontor. Dette bygget har ei samla areal på 1.813 m² BTA inkl. fellesareal/teknisk rom, fordelt på 569 m² BTA og 1.244 BTA m² BTA. Bildet under syner brannstasjonen pr. mars 2021, som gjer eit betre bilde av blålysbygget når alle stillas rundt bygget er tatt ned.

Byggeprosjektet er i rute for å klare ei innflytting før 1. mai, som er tidspunktet som Arbeidstilsynet har sett for tvangsmult.



Statusbilde frå bygging av ny brannstasjon tatt i september. Foto: Kjell Aske.

Addresseringsprosjektet.

Prosjektet med å få til adresse til alle bustadar og namn på kommunale og private vegar blei avslutta i 2020. Dette har vore eit svært arbeidskrevjande prosjekt med mange detaljar. Det praktiske arbeidet med oppsetting av tilvisingsskilt, blei utført av kommunen sine vaktmeistrar.

Investeringsprosjekt innanfor vatn og avløp.

Aktiviteten innanfor disse områda blei noko redusert i 2020, og noko vart bevist (utskifting av silanlegget på Elvaneset, utsett til 2021. Planane for eit nyt høgdebasseng på Hestenes/Eikenes og VA anlegg på Rygg blei også utsatt.

Av prosjekt kor det bleigjennomført arbeid kan det nemnast arbeidet i Lyngvegen som heller ikkje i 2020 ble avslutta, sidan det blir kun jobba halve året. I tillegg har det blitt gjennomført arbeid med å samle avløp ved Felleskjøpet, og utbygging av pumpestasjon med sjøleidning på Elvaneset.



Frå arbeidet med vatn og avløp i Lyngvegen. Foto: Kjell Petter Solhaug.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet – kultur

Ressursinnsats kultursektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Regnskap 2020	Buds(end)	%- 2020 forbruk	Regnskap 2019
20200 Grunnskule				
Utgifter	590.520	0	0	0
Inntekter	-95.160	0	0	0
Sum	495.360	0	0	0
23100 Aktivitetstilbod barn og unge				
Utgifter	501.209	618.000	81	576.769
Inntekter	-164.758	-95.000	173	-228.405
Sum	336.452	523.000	64	348.364
23400 Aktivisering og støttetenester				
Utgifter	100.000	0	0	0
Inntekter	-100.000	0	0	0
Sum	0	0	0	0
32000 Kommunal næringsverksemد				
Utgifter	2.936.787	3.155.000	93	3.759.720
Inntekter	-1.341.661	-1.199.000	112	-2.402.081
Sum	1.595.126	1.956.000	82	1.357.639
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet				
Utgifter	362	0	0	1.124.954
Inntekter	-120	0	0	-135.524
Sum	241	0	0	989.430
36000 Naturforvaltning og friluftsliv				
Utgifter	120.000	221.000	54	819.785
Inntekter	0	-75.000	0	-768.957
Sum	120.000	146.000	82	50.828
36500 Kulturminnevern				
Utgifter	5.263	9.000	58	64.201
Inntekter	-6.213	-3.000	207	-107.958
Sum	-951	6.000	-16	-43.757
37000 Bibliotek				
Utgifter	3.193.914	3.942.000	81	3.874.304
Inntekter	-995.078	-1.051.000	95	-1.089.409
Sum	2.198.836	2.891.000	76	2.784.895
37300 Kino				
Utgifter	916.325	1.413.000	65	1.527.308
Inntekter	-455.228	-529.000	86	-706.115
Sum	461.097	884.000	52	821.193
37500 Museum				
Utgifter	481.624	482.000	100	519.648
Inntekter	0	0	0	-52.506
Sum	481.624	482.000	100	467.142
37700 Kunstformidling				
Utgifter	42.450	11.000	386	122.425
Inntekter	0	-1.000	0	-120.051
Sum	42.450	10.000	425	2.374
38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg				
Utgifter	6.500.000	1.858.000	350	4.947.360
Inntekter	-6.256.000	-1.678.000	373	-4.818.076
Sum	244.000	180.000	136	129.284

Årsmelding for 2020

38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg				
Utgifter	6.327.491	6.395.000	99	6.851.032
Inntekter	-2.724.942	-2.154.000	127	-3.203.620
Sum	3.602.550	4.241.000	85	3.647.412
38300 Kulturskulen				
Utgifter	7.819.749	10.401.000	75	10.674.557
Inntekter	-4.077.471	-4.186.000	97	-4.988.114
Sum	3.742.278	6.215.000	60	5.686.443
38500 A Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturygg				
Utgifter	494.822	528.000	94	679.064
Inntekter	-28.409	-8.000	355	-71.380
Sum	466.413	520.000	90	607.684
38600 Kommunale kulturygg				
Utgifter	5.171.622	2.540.000	204	4.378.158
Inntekter	-2.065.500	-1.260.000	164	-3.622.647
Sum	3.106.123	1.280.000	243	755.511
T O T A L T	16.891.598	19.334.000	87	17.604.441
- er lik inntekter.				

Nøkkeltal økonomi

20200 GRUNNSKULE

Utgifter her er knytt til internsal av lærarar i kulturskulen til skulane. Inntektene er tilskot til den kulturelle skulesekken.

23100 BARN OG UNGE

Mindreforbruk av lønsmidlar fordi fritidsleiaren vikarierte i anna stilling frå 1. august til 31. desember.

23100 AKTIVISERING OG STØTTETENESTER

Tilskotsmidlar til inkludering i fritidstilbod. Prosjektet vert gjennomført i 2021.

32000 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD

Kostnadene her er knytt til kantinedrifta i kulturhuset. Salsinntektene vart justert i revidert budsjett som følgje av koronapandemien. Inntektene vart noko høgare enn forventa her, samtidig som driftsutgiftene vart lågare.

TENESTE 36000 NATUR OG FRILUFTSLIV

Tilskot til oppkjøring av skiløyper.

36500 KULTURMINNEVERN

Inntektene her kjem av kjem frå sal av bygdebøker. Utgifter er knytt til registrering av stadnamn.

37000 BIBLIOTEK

Driftsutgifter til husleige er trekt ut og lagt til teneste 38600 Kommunale kulturygg. Elles skuldast mindreforbruket lågare lønnsutgifter og inntekter ved bruk av bundne fond.

37300 KINO

Driftsutgifter til husleige er trekt ut og lagt til teneste 38600 Kommunale kulturygg. Salsinntektene vart justert i revidert budsjett som følgje av koronapandemien. Kommunen søkte og fekk stimuleringsmidlar for korona for å halde kinotilbodet i gong.

377700 KUNSTFORMIDLING

Utgifter her er midlar som er flyttet over på fond i samband med den kulturelle skulesekken.

38000 IDRETT OG TILSKOT TIL ANDRE SINE IDRETTSANLEGG

Inntekter og utgifter her er knytt til inn- og utbetaling av spelemidlar.

38100 KOMMUNALE IDRETTSBYGG

Salsinntektene vart justert i revidert budsjett som følgje av koronapandemien. Dei vart likevel noko høgare enn venta i revidert budsjett.

38300 KULTURSKULEN

Mindreforbruk skuldast lågare driftsutgifter fordi husleige er trekt ut og lagt til teneste 38600 Kommunale kulturbygg. Også lågare lønsutgifter.

38500 ANDRE KULTURAKTIVITETAR OG TILSKOT TIL ANDRE SINE KULTURBYGG

Redusert utbetaling til festivalar som blei avlyst pga koronapandemien.

38600 KOMMUNALE KULTURBYGG

Husleiga for kulturhuset samla er flytta hit. Dette har gjeve reduserte utgifter på kino, bibliotek og kulturskule, men med tilsvarande auke her. Elles vart billettinntekter justert i revidert budsjett, men blei noko høgare enn forventa til tross for koronapandemi.

Kort om året 2020

2020 vart eit vanskeleg år innan kultur og idrett som følgje av koronasituasjonen. Mange arrangement kunne ikkje gjennomførast som planlagt som følgje av smitterestriksjonar. For kommunen sine lokalitetar førte dette til mindre arrangement i idrettshall, kulturhus, kino og bibliotek.

Dei fleste festivalane i kommunen blei avlyst eller gjennomført med mindre omfang. Glopperock måtte utsette sitt 40-års jubileum som skulle arrangerast i Jølet/Nordfjord folkemuseum med Åge Aleksandersen som det store trekplasteret. Det blei heller ingen Countryfestival på Breim. Til og med nasjonal 17. mai feiring vart avlyst dette året, og for oss i Gloppe vart det laga digital sending med kulturinnslag frå ulike grender i kommunen.



Kultur til folket. Det vart arrangert koronatilpassa arrangement rundt omkring i kommunen.

Men det har likevel vore eit år det vi har kunne glede oss over dei mindre gode kulturopplevelingane.

«**Kultur til folket**» var eit samarbeidsprosjekt mellom Gloppe Musikkfest, Norsk Countrytreff og Nordfjord aktiv. Gjennom sommaren gjennomførte dei **20 arrangement** med vel 40 ulike artistar på lokale arenaer i heile Gloppe. Prosjektet gav gode kulturopplevelingar til eigne innbyggjarar og turistar som besøkte Gloppe denne sommaren. Det gav oppdrag til kultur-arbeidarar lokalt og næring for dei som hadde konsertane i sine lokale.


Vinn-vinn i ein koronapandemi. Kommunen bidrog med kulturmidlar og midlar frå næringsfondet til gjennomføring av prosjektet. Idretten fekk tøffare kår som følgje av koronapandemien. Treningar kunne gjennomførast, men lite med seriekampar der lag fekk møtast på tvers av kommunegrenser.

Ansvarsområde

Kultursektoren forvaltar det kommunale kultur- og idrettstilbodet, samt kommunens arbeid med mellom anna kulturminnevern, friluftsliv, stadnamn og tilskotsordninga til kultur og idrett. Sektoren har også ansvar for dei fleste av kommunen sine prisar; Årets gloppar, Gloppen kulturpris og byggeskikkprisen. Den kommunale kultursektoren har tett samarbeid med andre offentlege kulturinstitusjonar, samt det frivillige og det frie kulturfeltet.

Under kultur ligg einingane **Gloppen folkebibliotek**, **Gloppen kulturskule**, **Trivselshagen Bad og idrett** og **Kulturhuset Trivselshagen**. I samband med omorganiseringsprosjektet i 2019, så vil Gloppen kulturskule ligge under Oppvekst frå 2020.

Organisering per 31.12.20



Gloppen folkebibliotek består av eit hovudbibliotek i Kulturhuset Trivselshagen på Sandane og ein filial i leigd lokale på Byrkjelo. Biblioteket sel tenester til Firda vidaregåande skule, i form av skulebibliotekfunksjon.

Gloppen kulturskule held til i Kulturhuset Trivselshagen. Skulen driv primært med undervisning, men har også mykje anna aktivitet. Kulturskulen sel undervisningstenester til grunnskulane, og har ein intensjonsavtale med Firda vidaregåande skule om sal av tenester for kring 1 millionar kroner per år. Kulturskulen sel også tenester til ei andre kulturaktørar, som Gloppen janitsjar, Opera Nordfjord mfl. Skulen har tilsett ei rekke distriktsmusikalar, som er delfinansierta av fylkeskommunen mot at dei yter visse regionale tenester. Distriktsmusikarane utgjer difor ein grunnstamme i fylkesorkesteret, og er kvart år med på Gloppen Musikkfest.

Trivselshagen Bad og idrett består av eit badeanlegg, to fleiridrettshallar, turnhall, treningssenter, klatrevegg, diverse friidrettsanlegg og ein resepsjon/kiosk. TH Eigedom eig og driftar anlegget, inkludert reinhald, vaktmeister- og badevakttenester. Gloppen kommune er medeigar i selskapet og leigetakar, og kultursektoren er ansvarleg for aktiviteten i huset. Same fordeling gjeld for kulturhuset.

Eininga **Kulturhuset Trivselshagen** har ansvar for å skape aktivitet i kultursalen, drift av **Gloppen kino**, samt drift av kantina/kiosken i kulturhuset. Eininga disponerer også andre rom i huset, som også Firda vidaregåande skule nyttar i undervisning. Kantina fungerer som elevkantine for Firda og kafé/kiosk for kulturhuset, i tillegg til å produsere og levele mat til kiosken i Trivselshagen Bad og idrett, og drive med catering internt for kommunen.

I tillegg har kultursektoren ein **kultursjef** i 100 prosent stilling, og ein **fritidsleiar** i 50 prosent stilling. Sistnemnde har eit særskilt ansvar for aktivitetstilbod for barn, ungdom og funksjonshemma.

Bemanning i 2020

Sjukefråværet var på 4,3 prosent totalt for sektoren i 2020.

Eining	Tal faste tilsette	Tal årsverk (ca)
Gloppen folkebibliotek	4	2,7
Gloppen kulturskule	14	11
Kulturhuset Trivselhagen	5	3,3
Trivselhagen Bad og idrett	5	2
Kultursjef og fritidsleiar	2	1,5
Totalt	30	20,5

Resultat og aktivitet

Trivselhagen Bad og idrett

2020 var året då koronapandemien sette sitt tydlege preg på aktiviteten i Trivselshallen. 12.mars stengde vi dørene, og først 15.juni kunne vi opne opp for badegjestar att. Etter den tid har ulike restriksjonar knytt til covid19, gjort at det har vore avgrensa aktivitet både i badeanlegg og storhallen. Eit lypunkt var månaden juli, då «alle» brått skulle feriere i eige land. Ein månad med normalt lite aktivitet, snudde til «all time high», med over 4000 personar innom badeanlegget. Dette trass i restriksjonar i høve antal i anlegget. Likevel er det slik at pandemien har ført til ein nedgang i både besøkstal, omsetning, aktivitet og ikkje minst arrangement. Vi satsar mot «lysare tider» og auka aktivitet når vi har kontroll på virusa.

Nye tilbod dette året var babybading. Ein aktivitet som har vore sakna lenge, men som vi endeleg har fått på plass. 5. og 10. november var storhallen arena for ein storstila vaksinasjonsaksjon. Rundt 1000 stk var innom og fekk koronavaksine desse dagane.

Trass pandemi, vi har òg dette året hatt nasjonale og regionale arrangement. NM 5 kamp, KM futsal 13-19 år, Trivselshall-leikane i friidrett og minihandballturnering er døme på noko av dette.

Gloppen folkebibliotek



2020 vart eit aktivt, men heilt anngleis år, med koronastenging frå 12.mars og ulike grader av restriksjonar resten av året. Den digitale formidlinga auka og vart meir variert. Internt vart året og prega av arbeid med ulike framlegg til innsparingstiltak. Innsparinga vart merkbar også i 2020, t.d. med redusert opningstid på Byrkjelo frå 1.september og ut årstid.

Lesekiosken vart opna i august, som gir tilgang til gratis bokbytte midt i sentrum. Det vart arrangert Sommarleskampanje for barn 1.- 7. trinn også i 2020.

Biblioteket kunne i 2020 markere at det var 180 år sidan skipingsdato.



Flott utsikt å lese bok i Dagsturhytta i Trivselsskogen. Foto: Lindy Paulen.

Gloppen kulturskule

Kulturskulen har normalt stor aktivitet gjennom heile skuleåret, men det blei i 2020 noko redusert offentleg konsertverksemد pga. korona. Undervisninga har stort sett gått normalt, og kulturskulen har tilbydd digital undervisning i dei periodane fysisk oppmøte ikkje lot seg gjere. Distriktsmusikarane har også fått merka at mange av dei årlege oppdraga blei avlyst, men har likevel fått gjort mange mindre produksjonar og har helde god aktivitet gjennom året både lokalt og regionalt.



Visuell kunst frå elevar ved Gloppen kulturskule. Foto: Aud Marit Skarrebo Holmen.

Kulturhuset Trivselshagen

Året i kulturhuset blei svært prega av koronasituasjonen og at landet stengte ned i ein periode. Men tross dette vart det i løpet av året likevel gjennomført mange arrangement, men med dei smittevernreglane som til ein kvar tid var gjeldande. Før nedstenginga fekk ein oppleve både Odd Nordstoga og Silje Nergaard. Også nyvinninga Osetvillingane sitt musikkeventyr vart gjennomført under normale forhold. Etter nedstenginga var vi raske med å tilby konserter på nett. Den første konserten med Torbjørn Gran hadde over 1000 sjårarar på nett og er såleis den enkeltkonserten hos oss som har hatt størst publikum nokon sinne. Både Riksteatret og Teater Vestland vitja oss i løpet av året. Og sjølv med publikumsrestriksjonar fekk vi oppleve både Bjørn Eidsvåg (Gloppen Musikkforum) og artistar som Andrea Eikje og Tine Thing Helseth under Gloppen Musikkfest.

Gloppen kino

Kinoåret vart heilsvert. Situasjonen på verdsbasis gjorde at stort sett alle nye filmar vart flytta ut i tid. Og sjølv om vi lokalt hadde bra kapasitet, hjelpte det dessverre ikkje nok på salstala på verdsbasis til at filmane blei satt opp i det heile. Vi fekk likevel halde ope eit redusert kinotilbod og fekk også stimuleringsmidlar frå Kulturrådet til å vise filmar på kinoen. Vi får håpe at når verda opnar opp igjen, at vi då kan vise ei rekke av gode filmar som vi har gleda oss ekstra lenge til.

Aktivitetar for ungdom

UKM Gloppen vart gjennomført i samarbeid med Gloppen ungdomsskule, valfag sal og scene. Det var 13 innslag innan scene, kunst og film, med til saman 30 deltakarar. UKM-festivalen for Sogn og Fjordane/ Vestland vart avlyst på grunn av koronapandemien. Det årlege 16. mai-arrangementet for ungdom i kulturhuset vart også avlyst.

Prosjektet «Sommarjobb for unge innvandrarar» vart gjennomført for fjerde gong, med 22 deltakarar på jobbsøkjarkurs og intervju. Åtte ungdomar fekk 2 veker sommarjobb, og fem av desse fekk tilbod om vidare arbeid utover hausten. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Nav, og med støtte frå Barne-, ungdoms- og familieliedepartementet.

Vi har etablert ei tverrfagleg samansett knutepunktfunksjon som skal bidra til å koordinere det frivillige og offentlege arbeidet i kommunen, for barn og unge i familiar med låg inntekt. Hovudfokuset er tiltak som rettar seg mot kultur-, fritids- og ferieaktivitetar. Fritidserklæringen ligg til grunn for arbeidet i gruppa.

Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne

Dei fleste aktivitetane/arrangementa vart avlyst i 2020. Roseklubben stengde ned frå 12. mars til 1. juni. I samarbeid med heimetenestene arrangerte vi 2 veker med tilrettelagde sommaraktivitetar for ungdom og vaksne i juli.



Sommaravslutning Roseklubben på Myra. Foto: Ellen Eltvik.

Inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne i fritidstilbod har lenge vore eit viktig tema for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. I 2020 vart det derfor skreve ei bacheloroppgåve om korleis barn og unge med funksjonsnedsettingar er inkludert i aktivitetar på fritida, her i Gloppen. Oppgåva peika på utfordringar og gav råd om vidare arbeid. På bakgrunn av desse råda vart det søkt prosjektmidlar innan folkehelse frå fylkeskommunen. Prosjektet skal fremje inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldrar i fritidstilbod i Gloppen. Eit delprosjekt i kulturskulen vart starta opp i 2020, men resten av prosjektet venter med oppstart til smittesituasjonen gjer det mogleg å samle folk til dialogmøte.

Spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet

Eit godt og tett samarbeid mellom kommunen, idrettslag og andre frivillige aktørar er avgjerande for å få fram prosjekt som blir godkjende for spelemidlar, og kjem innbyggjarane til gode. I 2020 har kommunen førebudd val av konsept for rehabilitering av idrettsplassen på Sandane. I desember fall ein viktig del finansieringa for dette prosjektet vekk, då ny økonomiplan vart vedtatt. Prosjektet si framtid var såleis uviss kring årsskifte.

For søkeråret 2020 vart det sendt 22 søker, der 19 søker vart godkjent; 13 til ordinære idrettsanlegg og 6 til nærmiljøanlegg. Med unntak av Trivselshagen og bassenget i Hyen, er det lagt inn ein stor dugnadsinnsats frå frivillige i søkerane. I dei søkerane som ikkje vart godkjent, var det finansieringa som var mangelfull. I 2020 fekk Gloppen 7 420 000 kr i spelemidlar (sjå fordeling i tabell under).

Tiltak	Tiltakseigar	Anleggsklass	Tildeling i 2020	Realisert	Utbetalt
Trimløype, Byrkjelo	BBIL	Nærmiljø	253 000 kr	Ja	Ja
Sprintstripe, Byrkjelo	BBIL	Nærmiljø	300 000 kr	Ja	Ja
Rehabilitering av svømmebasseng, Hyen	Gloppen kommune	Ordinært	1 000 000 kr	Ja	Ja
Trippelhall i Trivselshagen Bad og idrett	Trivselshagen IKS	Ordinært	4 300 000 kr	Ja	Ja
Klubbhus Sandane Golfpark	Sandane Golfklubb	Ordinært	1 500 000 kr	Ja	Ja
Reiskapshus, idrettsplassen i Hyen	Hyen IL	Ordinært	67 000 kr		
Totalsum			7 420 000 kr		

Nøkkeltal kultur

Trivselshagen Bad og Idrett

	2020	2019	2018	2017	2016
Besøk i badeanlegget	30.222	38.649	42.126	38.947	594
Selde årskort*	84	113	124	144	
Selde halvårskort*	55	66	71	85	
Selde klippekort	219	294	275	272	
Regionale arrangement	11	15			
Nasjonale arrangement	1	1			
Faste leigetakrarar	25	26			

* gjeld alle typar (vaksne, barn, familie, student/honnør) med unntak av elevar på Firda vgs og Nordfjord folkehøgskule, då desse skulane har eigne avtaler.

Årsmelding for 2020

Gloppen folkebibliotek

	2019	2018	2017	2016	2015
Utlån Sandane	43.241	42.071	36.566	37.919	37.155
Utlån Byrkjelo	5.165	5.178	4.938	4.624	5.107
Utlån Hyen	0*	0*	1.647*	3.176	3.923
Totalt utlån	49.725	48.711	44.888	47.447	47.392
Besøk Sandane	55.666	58.516**	***	36.336	34.698
Fjernlån (innlån)	1.295	1.076	1.019	1.005	1.089

*) Mellombels stengt frå 2.halvår 2017
 **) noko usikre tal
 ***) manglar besøkstal grunna feil i dørteljar.

Kulturhuset Trivselhagen

	2020	2019	2018	2017	2016
Besøk kultursal	7.900	20.500	19.000	20.500	21.000
Tal arrangement	59	84	90	86	85

Gloppen kino

	2020	2019	2018	2017	2016
Tal publikum	3.815	8.202	9.364	9.463	9.819
Tal framsyningar	159	259	286	298	261
Snitt publikum per framsyning	24	31	33	32	38

Gloppen kulturskule

	2020	2019	2018	2017	2016
Elevplassar	320	360	350	366	345
Venteliste	60	60	83	89	84
Sal av undervisningsårsverk	3	3	3,2	3,5	3,1



Flytebrygga i Grandeparken. Foto: Birte Fossheim.

Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta, plan- og utgreiingsavdelinga og IT-avdelinga. Eininga har vore i drift sidan august 2014.

SERVICETORGET

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustønad, utleige av kommunale bustader, borgarleg vigsel og gjennomføring av val. I tillegg driftar servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita. 2

Servicetorget har fire tilsette (3,8 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no,

heimesida til kyrkja i Gloppe og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppe.

Servicetorget er samlokalisert med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unntake legekontoret.

Servicetorget legg til rette for borgarleg vigsel. Det er ordførar, varaordførar, kommunedirektør og kultursjef som har vigselrett. Det vart gjennomført 8 vigslar i 2020.

Nøkkeltal	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Søknader om bustønad	44	72	69	78	78	**
Sum bustønad i 1.000 kroner	2.400		1.100	844	1.752	1.523
Innvilga startlån til	6	9	9	10	9	9
Innvilga søknader om tilskot til etablering av bustad til	1	2	3	5	4	5
TT-ordninga (drosjekort)*	12	242	248	268	251	242
Parkeringsløyve*	9	6	10	4	7	5
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	3	6	4	8	4	6
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	2/23	6/29	5/21	1/16	1/15	0/15
Billettsal* (tal selde og utleverte billettar)		1.641	888	896	1.580	5.003
Tildeling av kommunal tomt*		11	11	13	7	6
Førehandsrøysting		1.169 ¹		1.265 ¹		854 ¹
Talet på journalførte inngåande brev	9.814	9.038	8.423	7.389	7.166	7.491
Talet på journalførte utgående brev	4.417	5.011	5.083	4.341	4.091	4.621
Talet på interne notat/brev	2.335	2.176	1.909			
Talet på borgarlege vigslar	8	7	12			

¹ Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

**Statistikken for 2015 viser kor mange som har fått innvilga bustønad, ikkje kor mange som har søkt.

ARKIVTENESTA

Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har to tilsette. Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Saksarkivet er no fullelektronisk med unnatak av personalarkivet som berre er på papir.

IKT-AVDELINGA

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har tre tilsette. Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen. Drifts-ansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy.

PERSONALAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er personalavdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ein tilsett.

SKATTEOPPKREVJAREN

Skatteoppkrevjartenesta vart overført frå kommunane til staten 1. november 2020.

ØKONOMIAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ni tilsette (7,7 årsverk).

Oppgåvane/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønsavdeling
- fakturahandsaming
- fakturering og innkrevjing av kommunale avgifter, gebyr og andre uteståande fordringar
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg
- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktleg
- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar
- innkjøp og elektronisk handel

I tillegg til kommunerekneskapen, har avdelinga ansvar for føringa av rekneskapen til fellesrådet og

har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkreving for fellesrådet som for kommunen, og leiger ut dagleg leiari til Gloppe Energi AS.

PLAN OG UTGREIING

Avdelinga er organisert som ei eiga fageining under stab og støtte, men vart i samband med ei omorganisering seinhausten 2020 flytta over i samfunn og berekraft, i stab under kommunalleiar. Eininga har tre tilsette (2,6 årsverk), som i tillegg til planlegging, utgreiing og utviklingsarbeid har følgjande faste ansvarsområde:

- Fagleiar for eininga er leiari for kommunedirektøren sitt planforum. Ho er vidare koordinator for kommunen sitt skade og ulykkesførebyggjande arbeid gjennom «Trygge lokalsamfunn» og «Trafikksikker kommune» satsinga, og sekretær for styringsgruppa/politirådet.
- Folkehelserådgjevar har hovudansvar for utarbeiding av kommunen sitt kunnskapsgrunnlag i lag med ei tverrsektoriell fokusgruppe, er leiari for kommunen sitt rusfaglege forum og koordinator for «Av og Til» - satsinga. Har ansvar for arbeidet med oppfølging av spelemiddelsøknader i Gloppe.
- Rådgjevar/ planleggjar i eininga har hovudansvar for å koordinere kommunen sitt arbeid innan klimaomstilling og tettstadutviklingsarbeid.
- Folkehelserådgjevar er sekretær for ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Fagleiar for eininga er sekretær for eldrerådet.



Møte i beredskapsleiinga i kommunen april 2020. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvene åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	Årlege utgifter/inntekter				
			2020	2019	2018	2017	2016
Nordfjordrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	463	237	235	116	75
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	390	0	0	0	0
Nordfjord Havnevesen	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	-344	-312	-275	-281	-172
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	Brann- og tryggleiks-alarmvarsling	Interkommunalt selskap (IKS)	1.136	926	832	761	749
Vestland Revisjon KOF	Revisjon	Kommunalt oppgåvefellesskap	709	534	661	676	707
SEKOM-sekretariatet KOF	Sekretariat for kontrollutvalet	Kommunalt oppgåvefellesskap	206	205	174	178	155
Trivselshagen IKS**	Drift av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	13.004	12.365	11.973	11.472	11.317
Nordfjordnett KOF***	Drift av felles IKT-løysingar	Kommunalt oppgåvefellesskap	4.396	3.381	3.249	2.958	2.902
Kommunearkivordninga i Vestland KOF	Arkiv- og deponitester	Kommunalt oppgåvefellesskap	579	200			

Tal i 1.000-kroner.

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar.

** Den kommunale kostnaden med drift av anlegga i Trivselshagen kjem fram som husleige.

*** ca. 50% av kostnadsauken gjeld flytting av lisensutgifter frå investering til drift (lisensutgifter fakturert frå Stryn er ikkje med i denne oppstillinga)



EU-finansiert trådlauast datanett (WiFi4EU) er montert i Columbus-parken i Hyen. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Samfunnsutvikling og overordna planarbeid

Overordna planlegging

Litt om planforum sitt arbeid i 2020

Planforum har i løpet av 2020 hatt 8 møte. I tillegg har delar av planforum hatt mange arbeidsøkter knytt til arbeidet med ferdigstilling av arealdelen. Eit av desse arbeidsmøta var eit delvis digitalt møte med styret i Gloppe næringsorganisasjon i høyringsperioden for arealdelen.

Leiar av planforum deltok første halvår på 5 månadlege møte med rådmann si leiargruppe, der overordna planar og samfunnsutvikling sto på agendaen. Frå hausten 2020 har ny kommunedirektør vore fast medlem i planforum sitt månadlege møte, og frå desember 2020 vart det bestemt at heile leiargruppa til kommunedirektøren skal vere med i planforum, for å sikre ei heilskapleg tilnærming.

Kommunens planressurs har også i store delar av 2020 hatt fleire parallelle planarbeid på gang, noko som har gått utover framdrifta av dei ulike planane. Dette gjaldt ferdigstilling av områdeplan for Sandane sentrum, ferdigstilling av første utkast til arealdel, arbeid med ny klimaplan og ny planstrategi for kommunestyreperioden. Vidare har planforum hatt ansvar for å planlegge og gjennomføre planstrategiverkstad med kommunestyret 13. februar og eit temamøte med kommunestyret 7. oktober om plan og bygningslova med ein gjennomgang av arealdelen.

Planstrategi 2020 – 2024

Første kvartal hadde arbeidet med ny planstrategi høg prioritet. Det vart utarbeida eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet, som vart sendt ut

til alle medlemmane i kommunestyret i forkant av planstrategiverkstaden. I tillegg til kommunestyret, deltok rådmannen si leiargruppe, planforum og representantar for sektorane. Utkast til planstrategi vart lagt ut på høyring av formannskapet rett før påske, og vart endeleg vedteken i kommunestyret juni 2020. Dokumentet tydeleggjer kva for hovudutfordringar kommunestyret ønskjer det skal jobbast med, kva for berekraftsmål som skal vektleggast og kva for planar som skal utarbeidast i denne kommunestyreperioden.

Kommuneplanens arealdel

Ferdigstilling av kommuneplanens arealdel har hatt høg prioritet i planforum i 2020. Parallelt med arealplanarbeidet, har det vore jobba med oppdatering av kjerneområde landbruk, kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde og kategorisering av stølsområda våre. Ansvarlege for arealplanen gjennomførte sommaren 2020 fleire områdesynfaringar relatert til utgreiingar og innspel til planen: Nordstranda - nedre og øvre Nordstranda, Hestenesøyra og Austredalen og Vestredalen i Hyen. I tillegg vart det gjennomført synfaring av rundt 30 stølsområde på Nordstranda, i Hyen og i Breim.

Det vart 9. juni gjennomført eit regionalt planforum med fleire offentlege instansar, der kommunen fekk drøfte korleis ulike tema kan presenterast i arealdelene. Planen vart lagt på høyring av formannskapet i oktober 2020, med høyringsfrist i midten av desember. Fristen vart seinare utsett til slutten av januar 2021.

Kommunedelplanar under arbeid?

Klimaomstilling



Elsyklar til utlån. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Planprogram for klimaplanen vart vedteke av Kommunestyret 29. april 2020. Koronapandemien gjorde det vanskeleg å jobbe med medverknad til planen. Vi fekk arrangert eit godt fagseminar med lokal landbruksnærings i september 2020. Etter det blei det stengt ned for denne typen involveringsmøter med over 20 personar. Det vart også utfordring på ressursar i planarbeidet, då planansvarleg vart konstituert kultursjef frå november 2020. Etter revidert framdriftsplan skal klimaplanen ferdigstillast i 2021. Gloppen deltok i Europeisk mobilitetsveke for tredje året på rad i september 2020. Dette er ein Europeisk kampanje med fokus på å få fleire til å gå og sykle. Tema dette året var «Utsleppsfree mobilitet for alle». Det var ulike arrangement i løpet av veka. Blant anna kunne du teste korleis det var å ta seg fram i Sandane sentrum i rullestol. Løypa gav oss gode innspel og erfaring på vanskelege punkt i sentrum.



Mona Vekst Arbeidsretta Aktivitetstilbod testa ut Mobilitetsløypa i Sandane sentrum. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Det vart også arrangert ope folkemøte med Vestland fylkeskommune med fokus på gang- og

sykkelvegsatsing i kommunen. Planskisse frå Bukta til Sandane sentrum vart presentert. Men det gjenstår å komme inn på prioriteringslista i Regional Transportplan før den etter lengta gangvegen kan byggast.

Utlån av elsyklar har vore ein stor suksess i 2020. Frå april til oktober har syklane vore meir eller mindre konstant i bruk, og med ventelister på lånetakarar. Vi har registrert at det har vore sykla 10 000 km, og fleire har gått til innkjøp av elsykkel etter at dei har testa denne typen syklar.

Tettstadutvikling

Områdereguleringsplanen for Sandane sentrum har også dette året vore eit heitt tema, og planen har vore drøfta i planutvalet i fleire møte gjennom året. Kommunestyret vedtok endeleg planen 2. september. Det kom inn tre klager på planvedtaket, som ikkje førte fram.

I 2020 vart det arrangert ein ordinær landsbylaurdag i februar før koronapandemien sette ein stoppar for denne typen arrangement. I samarbeid med Sandanedagane og Matamål, så fekk vi gjennomført torgdagar på i sentrum under desse arrangementa. Elles så vart det utifrå koronarestriksjonane rekna som eit arrangement dersom vi samla folk på Heradspllassen med underhaldning, og då måtte alle som var til stades registrerast med namn. Dette har gjort det utfordrande å få til landsbylaurdagar i 2020.



Firda vgs med innslag frå musikalen Grease i 2020. Foto: Birte Fossheim.

Næringsutvikling

2020 vart eit uforutsigbart år. Frå Covid-19 sette oss i sjokk i mars, til oppsummeringa av året som stadfesta at vi har klart oss godt så langt.

Næringslivet har vist imponerande tilpassing til dei utfordringane dei sto overfor og tatt kloke val som har vore med å sikra bedriftene gjennom krisa.

Åra i Gloppeen blir litt suksessfortelling av kvarandre. Br. Aa leverer stadig mange nye båtar og vinn mange prisar. Strukturplast utvidar staben og omset meir enn nokon gong. Tine produserer ost som aldri før og Bolseth har arbeid i lang tid framover. Sande settefisk og Hyen Fisk er i gang med stor utbygging i ei spennande og framtidsretta næring. Gjennom røyra til SFE har det rent mykje vatn i 2020, men utbytet til eigarkommunane kan likevel aldri bli store nok. Tidene er utfordrande, men det ser ut til at optimisme og framtidstru er godt forankra i dei store bedriftene våre. Takk for det. Det gror også godt under dei store. Næringsfondet i Gloppeen fordele over 2,5 mill. til 19 ulike tiltak. Fleire av tildelingane er gjeve til samarbeidsprosjekt mellom fleire bedrifter/prosjekt. I Kandalen var det heile 3 bedrifter som fekk støtte frå næringsfondet. Det vert særdeles spanande å følgje utviklinga her framover. Vi seier lykke til til alle dei som skaper nye moglegheiter for seg sjølv og for alle oss andre.

For Gloppeen er også dei små og mellomstore bedriftene veldig viktige i det daglege. I 2020 gjorde vaflane sitt inntog i Gloppeen og supplerte eit alt spennande variert og unikt tilbod i kommunen. Tilboda som er skapt dei siste åra, har også vore viktig for at 2020 vart det året då turistane verkeleg gjorde sitt inntog i Gloppeen. Satsinga vår viser igjen på besøkstala. Det vil vere viktig at vi framover held fram den rauden tråden i satsinga vår. Arbeidet med prosjektet Nibberåsa starta i år. Ny veg og ny parkeringsplass er opparbeida og snart ferdig. Det er håp om at arbeidet med sjølve stien til toppen startar i 2021 då dei ikkje fekk spelemidlar slik dei hadde forventa i 2020. Stien til Eggjenipa vil bli Gloppeen sin reiselivspilot når den er klar.

Ting tar tid heiter det. I 2020 jobba vi vidare på prosjekt som vi har stort håp om skal bli realiserte. Materialklynga NCMT fekk ikkje arenastatusen som håpa, men gir ikkje opp og leverer ny søknad i 2021. Biogassanlegget til Nomil er stadig i utvikling med små steg mot realisering. Gardsbrenneriet har så mykje å gjere at dei treng ein ny fabrikk om dei skal klare å halde tritt med etterspørselet etter dei fantastiske produktene sine. På Reed er PocketID i ferd med å digitalisere det som kan digitaliserast og legg stadig nye kundar til porteføljen sin.

Ein kritisk faktor i Gloppeen er framleis mangel på næringsareal. Vi klarte ikkje legge til rette for nye areal i 2019 eller 2020, men veit no meir om traseval på E-39 ved Byrkjelo. Med denne avgjerda

på plass, vil også plassering av framtidig næringsareal på Byrkjelo bli tydlegare. Det er forventa at plassering av nytt næringsareal i Gloppeen vert klart innan utløpet 2021 i samband med arbeidet med ny kommuneplan. Med ny kommuneplan kjem også nye område for bustad- og hyttebygging. Skal vi ha utvikling, må vi ha meir areal. Gloppeen er avhengig av kjøpekraft utanfrå og det får vi ved auke i folketalet og besøkande til kommunen.

Gloppeen kommune sin visjon «Ein rikare kvardag, midt i verda» er i ferd med å bli den rettesnora kommunen treng for å ta ei tydeleg og felles retning. Det er gjort mykje godt og framtidsretta arbeid som gir resultat og som skaper merksem. Ein slik visjon gjeld ikkje berre for 2020 men skal stå som ei viktig påminning om kva vi må tenke på når vi no skal utvikle Gloppeen vidare.

Bustadutvikling

I løpet av 2020 er det i følgje SSB (tabell 06266) oppført 35 nye bueiningar i Gloppeen som fordelar seg slik:
17 einebustadar, 3 tomannsbustadar og 4 firemannsbustader.

Det er vidare omsett 79 bustadeigedommar med bygning i fritt sal i 2020 (SSB tabell 06726). Dette er ei auke på 30 bustadeigedommar frå 2016.

Bustader til vanskelegstilte

Ved utgangen av året hadde kommunen 52 kommunalt eigde og 22 innleigde bustader til disposisjon. Tomleige er ei utfordring då behovet til ei kvar tid endrar seg. Vi prøver likevel å halde tomleiga på eit minimum.

I siste halvdel av 2019 starta arbeidet med fire nye leilegheiter i Valborgkleiva i regi av Fjellstad stiftelse, som vart ferdige våren 2020. Første innflytting fann stad 14. mai 2020, og samlede bustader vart i løpet av sommaren 2020 teken i bruk. Kommunen har inngått leigeavtale for desse leilegheitene med Fjellstad stiftelse. Vi har likevel framleis for få store bustader tilgjengelege for familiar.

Trygge lokalsamfunn


Gloppeen kommune er godkjent som eit trygt lokalsamfunn, men kommunen har i løpet av 2020 hatt lite fokus på tverrsektorielle prosjekt, med unntak av satsingsområda Trygg i trafikk og Rusførebygging. Dette skuldast redusert aktivitet pga. koronapandemien, eit sterkt fokus på omorganisering og arbeid med innsparinger i sektorane.

Trygg i trafikk

Vi har også i 2020 hatt fokus på å spreie kunnskap om viktige trafikktryggingstiltak til ulike målgrupper. Gjennom servicetorget har vi nytta oss av Trafiksikker kommune sine månadlege nyheitsplakatar, og lagt dei ut på informasjonsskjermar i kommunen (til dømes i Trivselhagen, legekontor o.l.).

I samband med Mobilitetsveka 2020 vart det sett fokus på framkome i sentrum for alle, der formannskap, planforum og fleire brukargrupper fekk prøve seg med ulike hjelpemiddel gjennom ei mobilitetsløype i sentrum. Gjennom føresegner til ny arealdel er det sett fokus på å trygge ferdsel for gåande og syklande ved opparbeidning av nye bustadområde.

Rusførebyggande arbeid



«Av og til» satsinga til kommunen har i 2020 vore avgrensa til bruk av nettsider, facebook og lokalavisa. Ein av Av-og-til sine kampanjefilmar har vore køyrt som kinoreklame. Det har ikkje vore delt ut materiell på arrangement, då dei aktuelle arrangementa stort sett har vore avlyst.

Rusfagleg forum hadde eit møte i 2020, rett før stenginga i mars. Fleire av tiltaka som vart planlagt her vart ikkje gjennomført grunna koronasituasjonen, men rusmiddelpolitisk handlingsplan vart revidert.

Arbeidsmarknaden

Ved utgangen av 2019 var arbeidsløysa 0,7 % i Gloppe. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,4 % og i landet på 2,3 %. I gjennomsnitt hadde Gloppe ei arbeidsløyse på 1,0 % i 2019. Arbeidsløysa i Gloppe har over tid vore stabilt låg.

Mottak og integrering av flyktninger

Vi busette 18 ordinære flyktningar i 2019. 9 voksne og 9 barn. I tillegg busette vi 4 barn og 1 voksen på familiegjenforeining.

Resultatet i 2019 enda på 66,7% i vidaregåande utdanning og 33,3 % over på anna. 2 av dei på anna gjekk på grunnskule og 1 på lønstillskot frå NAV. Han gjekk i 2020 over på lærling i bedrift og skal ta fagbrev. Dette var avtalen då vedkomande gjekk over på lønstillskot. 33 personar var på introduksjonsprogram i løpet av 2019. 9 av desse gjekk ut av programmet.

Vi har busett ei ny gruppe menneske og dette har gjort at vi no tenkjer nytt og endrar arbeidsmetodikk. Vi har så stort sprik i gruppa at vi har laga ein todelt bustadskule for å kunne tilby tilpassa opplæring.

Vi har og hatt utskifting i personalgruppa. I perioden august 19 – februar 20 sto vi utan programrådgjevar. Desse oppgåvene vart delt på andre i flyktningtenesta.

Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representer Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut eigne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2020/2021 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet:
Leidulf Gloppestad (Sp), med vara Laila Frøystad Falck (Ap) – Roar Henden (H), med vara Jostein Arne Røyrvik (Sp) – Sandra Edith Tenud (Ap), med vara Gro Vereide (SV). Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapet): Gunnvor Sunde (SD), med vara Per Ståle Husevåg (KrF).

Alarmcentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Per Jarle Myklebust (Sp), med vara Anne Grete Hoddevik (SD).

Nordfjord Havn IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren Leidulf Gloppestad (Sp), med Venke Kollbotn (KrF) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Solveig Lien Gusdal (Sp), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet: - Per Jarle Myklebust (Sp), med vara Bjarte Gangeskar (V) - Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV), med vara Marit Reikvam (Ap). Trond Ueland og Kjersti Rønningen er kommunale representantar i styret der førstnemnde er styreleiar.

Stiftinga Frivillesentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Arnfinn Brekke (KrF), med var Marit Straume. Kommunal representant i styret: Per Ståle Husevåg (KrF).

Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp) med vara Venke Kollbotn (KrF).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Leidulf Gloppestad (Sp) sit i rådet med vara Olaf Sigurd Gundersen (Sp).

Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem på generalforsamlinga: Vidar Sandal (Sp), med vara Frode Fagerli (KrF). Kommunale representantar i styret:

Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Jostein Arne Røyrvik (Sp), med Sivert Jan Ommedal (KrF) som vara.

Vestland Revisjon KOF

Kommunen sitt medlem i representantskapet: Solveig Lien Gusdal (Sp), med Sivert Jan Ommedal (KrF) som vara.

Kommunearkivordninga i Vestland KOF

Kommunen sitt medlem i representantskapet: Ordførar Leidulf Gloppestad (Sp). Kommunal representant i styret: Geir Liavåg Strand (adm).

SEKOM sekretariat KOF

Kommunen sitt medlem i representantskapet: Beate Dybendal Nordvik (H), med Bjarte Gangeskar (V) som vara. Kommunale representantar i styret: Per Rune Vereide (Sp).

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Bernt Reed (Sp), med Liv Petra Holme (Ap) som vara.

Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Magni Aa Berge (Sp), med Anders Rinde (KrF) som vara.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljødirektoratet): Marièl Eikeset Koren (MDG) med Vidar Sandal (Sp) som vara.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Karoline Bjerkeset (Sp), med Olav Fuglestrand (V) som vara.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Gunnvor Sunde (SD) med Eivind Reed (Sp) som vara. Det er Miljødirektoratet som peikar ut nemnda.

Ålfotbreen landskapsvernombområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Karoline Aldis Bjerkeset (Sp), med Jan Ove Rygg (H) som vara.

Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombområde

Kommunen sine medlemmar i styret er Magni Aa Berge og Olav Fuglestrand.

Årets prisvinnarar i 2020

Kulturprisen til Svein Hjellbakk



Prisvinnar Svein Hjellbakk (til venstre) saman med learen i teknisk-, miljø og kulturutvalet Olav Klungre. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Kulturprisen for 2020 vart tildelt Svein Hjellbakk. Han har lang fartstid i kulturlivet i Gloppe, og grunngjevinga vart derfor tilsvarende lang:

Stor innsats i Breim Spelemannslag

I 1981 spelte han seg opp i A-klassa på vanleg fele på landskappleiken i Oslo.

I 1986 tok han initiativet til å starte eit hardingfelelag i Gloppe etter å ha samrådd seg med ein del hardingfele-spelemenn i Sandane-området.

Han var medlem av Firdakvartetten.

Han spelte seg opp i A-klassa på hardingfele på landskappleiken på Voss i 1991.

I 1991 vart Gloppe folkemusikkfot skipa med Gloppe Hardingfelelag, Leikarringen i Gloppe, Austrheim Musikklag, Hyen spelemannslag og Gloppeaddane. Hjellbakk vart leiar.

Storlaget med representantar frå ulike spelemannslag i kommunen var han også med å skipe.

I 2000 starta han opp Grannelaget med hardingfele som basisinstrument i laget i 2000. Der arrangerer han musikken, og skriv stemmer. Samtidig samlar og arrangerer han hardingfeleslåttar.

Han har medverka til å gjeve ut to notehefte med slåttar etter onkelen sin.

I 2011 skipa han saman med Rune Nordvik og Atle Nygård, Jermiasfestivalen.

Han er med i Honndalsmusikken og spelte inn cd-en Brylaupsafta i 2014 i Spelarstova på Gimmestad.

Og som ein av forslagstillarane har skrive: «Ut frå erfaring veit eg at det arbeidet han har nedlagt i

Gloppe er særsynt og at ei tildeling av kulturprisen er vel fortent.».

Vi kan trygt seie at han har vore ein framifra ambassadør for folkemusikken her i Gloppe og fylket elles. Det er ei ære å dele ut årets kulturpris til Svein Hjellbakk. Vi gratulerer!

Det er teknisk-, miljø og kulturutvalet som tildeler kulturprisen.

Ungdomens kulturpris til Simon Austrheim



Prisvinnaren Simon Austrheim saman med leiar i ungdomsrådet Julia Jordanger Loen. Foto: Birte Fossheim.

Ungdomens kulturpris for 2020 vart tildelt Simon Austrheim for innsatsen han gjer som hovudtrenar for guttelaget 15-17 år i STIL fotball. Leiar Julia Jordanger Loen i Gloppe ungdomsråd delte ut prisen. Grunngjevinga:

Simon Austrheim har gjort ein innsats og teke på seg oppgåver ut over det ein kan forvente av ein så ung person. Når ikkje STIL klarte å få tak i hovudtrenar til guitar 15–17 år, så steppa Simon inn, sjølv om han berre var eitt til to år eldre eller i same årskull som dei på laget. Han leia laget gjennom trening og kamp tre dagar i veka heile sesongen. I lag med lagleiar organiserte han reise til kamp, treningsopplegg, laguttak og kampieing. Innsatsen til Simon førte til at fleire på hans alder valde å starte med fotball igjen. Resultatet er ei treningsgruppe som har det kjekt i lag sosialt og som har oppnådd gode resultat på bana.

Simon er ein flott rollemodell som med sin unge alder tek ansvar og initiativ! Prisvinnaren sjølv vart nok litt

overrumpla, men synest prisen er til inspirasjon for frivillig arbeid som han sjølv har hatt stor glede av å bidra med.

Det er Gloppen ungdomsråd som vurderer nominasjonar som har kome inn og avgjer kven som skal få Ungdommens kulturpris. Føremålet med prisen er å inspirere og verdsetje unge innanfor kulturmiljøet i kommunen. Den kan delast ut til ungdom under 20 år som har utmerka seg. Prisen er på kr 5000 i tillegg til diplom, blome og applaus!

Vi gratulerer Simon Austrheim med velfortent pris!

Det er Gloppen ungdomsråd som deler ut prisen.

Byggeskikkprisen

Byggeskikkprisen vart ikkje delt ut i 2020.

Arbeidsmiljøprisen

Arbeidsmiljøprisen vart ikkje delt ut i 2020.

Årets gloppar for 2019 til Torstein Kollevåg



Prisvinnaren Torstein Kollevåg. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Torstein Kollevåg fekk prisen som årets gloppar for 2019. Prisen vart delt ut av ordføraren på kommunestyremøtet 17. juni 2020. Ordføraren grunngav tildelinga slik:

Etter vedtekten skal årets gloppar ha ytt ekstraordinær innsats som byggjer opp under Gloppen kommune sine felles verdiar, mål og visjonar for framtida. Desse er baka inn i posisjonen/slagordet: Ein rikare kvar dag midt i verda.

Prisvinnaren var i følge NRK lei av eksos og rulletrapper. Vedkomande trefte ein odelsgut, og er no gardbrukar på ein gard i Gloppen. Han kombinerer natur og kultur til glede for innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og turistar på ein unik måte. Lokalmatproduksjon og gardsbutikk er nokre av tinga denne tilflyttaren driv med. Han har kome som eit friskt pust utanfrå og klarar å sjå og marknadsføre Gloppen på ein framifrå måte samtidig som han gjev oss nye impulsar.

Prisvinnaren har studert musikkteater, lyd og musikkproduksjon og populærmusikk på Nordisk institutt for Scene og studio og har jobba 15 år i kulturfeltet. Med sitt prosjekt i Gloppen har han imponerer alt frå Bonde og Småbrukarlaget til kulturentusiastar og estetikkarar. Når han har regien får dunsten av fjøs og løver av gull møtast i eit fargerikt samspele, han utfordrar med kreativitet og utradisjonelle løysingar. Han fremjar lokale talent på scena si, arrangerer quiz, pub og champagnesmaking og han er ein av dei engasjerte i REKO-ringen i Gloppen.

Årets gloppar har saman med sin sambuar verkeleg gjort ein ekstraordinær innsats for å gje oss ein meir glamorøs, kulturfyllt og velsmakande kvar dag som gjer oss rikare både på opplevelsar, inntrykk og erfaringar. Han har klart å kombinere kunsten å gje oss magi med det mest jordnære ein finn, nemleg gardsdrift. Saman med kjærasten har han vitalisert eit lokalsamfunn med å starte eit mangesysleri det neppe finns makin til.

Pels og ribber, spekepølser og gulløver, opera og stølsdrift, geiter og turistar, hytteutleige, vinkveldar, gardsbutikk og servering av gourmetmat og underhaldning på særdeles høgt nivå. Prisvinnaren inspirerer og engasjerer til nytenking i Gloppen, både når det gjeld turisme, lokalmatproduksjon og sal, han gjev optimisme for den viktige landbruksnæringa, han utvidar kulturfeltet, og han skapar synergiar. Vi håpar prisen vil inspirere han til vidare arbeid og kreativitet.

Gratulerer Torstein!